

# **«Vi må tenke forberedelser...som er nøkkelen.»**

*Ei kvalitativ undersøking om kommunikasjon  
i tilrettelagte avhøyr.*

Gerd Helene Bernhoft Christiansen



Masteroppgåve i spesialpedagogikk  
Institutt for spesialpedagogikk  
Det utdanningsvitenskapelige fakultet

UNIVERSITETET I OSLO

Vår 2019



# **Vi må tenke forberedelser...som er nøkkelen.»**

*Ei kvalitativ undersøking om kommunikasjon i tilrettelagte  
avhøyr.*

© Gerd Helene Bernhoft Christiansen  
År 2019

«Vi må tenke forberedelser...som er nøkkelen»  
*Ei kvalitativ undersøking om kommunikasjon i tilrettelagte avhøyr.*

Gerd Helene Bernhoft Christiansen

<http://www.duo.uio.no/>

Trykk: Reprosentralen, Universitetet i Oslo

# Samanndrag

## Bakgrunn, formål og problemstilling

Funksjonell kommunikasjon kan førebyggja misforståingar, og gjer det mogleg å kunna formidla behov og ynskjer. I tillegg kan det bidra til moglegheit for å påverka, kunna ta initiativ, oppfatta kva andre formidlar og til i det heile å fungera vel i eit kommunikativt fellesskap (Næss, 2016).

I rettssystemet kan menneske med utviklingshemming møta utfordringar i form av manglande kunnskap om deira behov for tilrettelegging. Forklaringane frå dei må bli sett i samanheng med moglegheiter og avgrensingar i kommunikasjon (Dahl, 2018, s. 11).

Formålet med undersøkinga er å få kjennskap til og kunnskap om korleis politiet gjennomfører tilrettelagte avhøyr av menneske med utviklingshemming.

Undersøkinga er gjort med utgangspunkt i følgjande problemstilling:

***Kva for nokre hjelpemiddel nyttar politiet i tilrettelagte avhøyr av menneske med utviklingshemming, og korleis vert dei nytta?***

For å svara på problemstillinga, er det også blitt utforma nokre forskingsspørsmål som kan bidra til å kasta lys over problemstillinga og danna grunnlaget for datainnsamlinga:

1. *Kva kunnskap om ulike hjelpemiddel og erfaring er det politiet sjølv kjem med?*
2. *Korleis opplever politiet at praksisen verkar inn på tilrettelagte avhøyr av menneske med utviklingshemming?*
3. *Korleis kan ein nytta spesialpedagogisk kompetanse om kommunikasjon inn mot tilrettelagte avhøyr?*

## Metode

Eg har valt ei kvalitativ tilnærming med semistrukturerte intervju som forskingsmetode. Deltakarane i undersøkinga er rekruttert ut ifrå kriteriet om at dei er utdanna politi og har erfaring med å gjennomføra avhøyr av personar med psykisk utviklingshemming. Det er gjort fem intervju med politi frå ulike stadar i landet.

Analyseprosessen er gjort ved bruk av SDI-modellen. Sidan metoden både nyttar seg av ein induktiv tilnærming (med utgangspunkt i empirien) og ein deduktiv tilnærming lengre ut i analysen, der teoriar og perspektiv speler inn i laupet av forskingsprosessen, er den abduktiv (Tjora, 2017).

Analysen dannar grunnlaget for drøftinga som er presentert gjennom forskingsspørsmåla.

## **Resultat**

Funna i undersøkinga er presentert gjennom *Førebuingar, tilretteleggjar, hjelpemiddel, utvikling og avhøyret sin funksjon.*

Av desse funna står *førebuingar* fram som særstakt viktig i arbeidet med å bruka hjelpemiddel i tilrettelagte avhøyr. Ein trygg avhøyrar kan trygga ein som kjem inn til avhøyr.

Det kjem også fram at moglegitetene til å utvikla ferdigheiter gjennom evaluering av avhøyr er varierande. Organisering av evaluering og fremming av avhøyrkompetanse på tvers av barnehusa, kan bidra til å danna grunnlaget for vidare utvikling av yrket (Postholm & Jacobsen, 2011; Powel, 2002).

Det kjem fram at dei ikkje har nokon hjelpemiddel som spesifikt er tilpassa til dei som har ei utviklingshemming. Hjelpemidla som nyttast, er dei same for barn og unge. Vidare er det varierande erfaring med å avhøyra nokon som har behov for ekstra kommunikasjonsstøtte.

Denne undersøkinga viser at det er eit stort behov for meir kunnskap om korleis rettspleia best mogleg kan møta menneske som kjem inn under omgrepa utviklingshemming og særleg sårbare.

Forsking på bruk av hjelpemiddel har i stor grad vore knytt til barn, og herunder barn med utviklingshemming eller autisme. Det finst derimot mindre forsking på kva for nokre hjelpemiddel som kan bli nytta av vaksne, og på korleis bruk av alternative hjelpemiddel, som til dømes ASK, kan støtta opp under kommunikasjon som ikkje er knytt til å skaffa fram bevis. Dette er noko som det er behov for meir forsking på.

## Oversikt over figurar og tabellar:

- Figur 1** Bruk av dokker (The Advocate Gateway, 2015, s 10)
- Figur 2** Skala for å uttrykka angst (The Advocate Gateway, 2015, s 16 )
- Figur 3** Kommunikasjonsreglar (The Advocate Gateway, 2015, s 15)
- Figur 4** Sosiale historier (The Advocate Gateway, 2015, s 19)
- Figur 5** Talking Mats: For å støtte sårbar person i avgjersla om å gje ei forklaring (The Advocate Gateway, 2015, s 26)
- Figur 6** Visualisering av moglege hendingar (Bildsamt, 2018)
- Figur 7** Kompetansetrekanten (Skau, 2008, s 62)
- Figur 8** SDI-modellen (Tjora, 2018, s17).

**Modell 4.1** Organisering av politiet

- Tabell 4.1** Kodeprosess frå utdrag av intervjuaterialet til kodegruppe «forberedelser...er nøkkelen»
- Tabell 4.2** Kodeprosess frå utdrag av intevjuaterialet til kodegruppe «vi skal være tilretteleggere»
- Tabell 4.3** Døme på nokon av dei underliggande kodane.
- Tabell 4.4** Inndeling av hjelphemiddel

# **Forord**

Dette har vert litt av ei reise. Og eg har i grunnen ikkje så mange ord. Dei har eg i hovudsak prøvd å få ned i avhandlinga; for å bli ferdig!

Dei viktigaste bidragsytarane til oppgåva har vært informantane som lot seg intervjua. Tusen takk for at de tok tid til meg i ein elles så travel kvardag, og takk for gode refleksjonar! Utan dykk ville det ikkje vert mogleg å gjennomføra undersøkinga.

Takk til alle de som har hatt trua på meg, når eg ikkje har det sjølv.

Takk til deg Øyvind som har latt meg få vera lite strukturert, best under press, og til tider litt vanskeleg å rettleia då eg ikkje arbeider i eit jamt og trutt tempo.

Takk til det gode fellesskapet på lesesalen!

Takk kjære subfamilie som har stilt opp for meg med moralsk støtte, og bøn!

Takk for fagleg innspel og gode refleksjonar mamma og pappa. Eg hadde nok ikkje rota meg inn på dette fagfeltet utan inspirasjon frå dykk. Dessutan hadde eg ikkje komme i hamn utan dykk!



# Innholdsfortegnelse

«Vi må tenke forberedelser...som er nøkkelen.» .....	I
Bakgrunn, formål og problemstilling .....	V
Metode.....	V
Resultat.....	VI
1    Innleiing .....	1
1.1    Bakgrunn for val av tema .....	1
1.2    Spesialpedagogisk relevans .....	3
1.3    Formål og problemstilling .....	3
1.4    Omgrepssavklaringar .....	4
1.5    Oppbygging av oppgåva .....	5
2    Teoretiske perspektiv og tidlegare forsking .....	6
2.1    Ulike måtar å forstå omgrepet funksjonshemmning på.....	6
2.2    Utviklingshemming som diagnose .....	8
2.2.1    Utviklingshemming saman med andre diagnosar .....	10
2.3    Rettstryggleik.....	10
2.4    Aktuell kommunikasjonsteori og forsking .....	12
2.4.1    Utviklingshemming og kommunikasjon .....	12
2.4.2    Kommunikasjon og språkforståing .....	14
2.4.3    Alternativ og supplerande kommunikasjon, ASK.....	16
2.4.4    Kommunikasjonsperspektiv og kommunikasjonspartner .....	17
2.4.5    Forsking på bruk av hjelpemiddel .....	18
2.4.6    Forsking på behov for tilrettelegging .....	23
2.5    Avhøyret som kontekst.....	25
2.5.1    Tilrettelagte avhøyr .....	25
2.5.2    Den dialogiske kommunikasjonsmetoden.....	26
2.5.3    Sekvensielle avhøyr.....	32
2.6    Krav til kompetanse hos politiet .....	32
2.6.1    Kva ein må kunna for å kommunisera formålstenleg i denne samanhengen ....	33
2.6.2    Ferdigheitsmodellen .....	34
2.6.3    Kvifor utvikla seg.....	35
3    Metode.....	37

3.1	Kvalitatitt intervju.....	38
3.2	Semistrukturert forskingsintervju .....	38
3.3	Utvil og rekruttering av informantar .....	40
3.4	Gjennomføring av intervju .....	41
3.5	Transkribering og strukturering av materialet .....	43
3.6	Metode for analyse .....	44
3.7	Forforstāinga til forskaren .....	46
3.8	Kvalitet og etikk .....	47
3.8.1	Forskarolla .....	48
3.8.2	Utvil .....	49
3.8.3	Forskinsopplegg og metodisk tilnærming .....	50
3.8.4	Datamaterialet og tilverking .....	50
3.8.5	Tolking og analytiske tilnærmingar .....	51
3.8.6	Etikk .....	51
4	Analyse og presentasjon av funn.....	54
4.1	Presentasjon av informantar .....	54
4.1.1	Transkribering .....	55
4.1.2	Kodeprosess .....	55
4.2	Presentasjon av funn.....	59
4.3	Førebuingar.....	59
4.3.1	Kva er det vi treng for å gjera ein god jobb .....	60
4.3.2	Viktig å snakka med nokon som kjenner akkurat den personen .....	60
4.3.3	Besøk i forkant kan ufarleggjera situasjonen .....	61
4.3.4	Informasjonsbrev .....	62
4.3.5	Lage disposisjon på korleis ein skal prøva å legga det opp .....	62
4.4	Tilretteleggjar .....	63
4.4.1	Eg sit med metoden .....	63
4.4.2	Det skal vera deira forklaring .....	64
4.4.3	Vi skal få dei til å forstå, og dei skal visa at dei har forstått .....	65
4.4.4	Det første møtet kan vera avgjerande .....	65
4.4.5	Du må vera fleksibel .....	66
4.5	Hjelpemiddel .....	67
4.5.1	Bilete og teikning .....	68

4.5.2	Kjenslekort .....	69
4.5.3	Stressregulering.....	70
4.5.4	Pause.....	70
4.5.5	Tolk .....	70
4.5.6	Hjelphemiddel som allereie er ein del av DCM-metoden.....	71
4.6	Utvikling.....	71
4.6.1	Kompetanseutvikling .....	72
4.6.2	Organisering og stilling.....	73
4.6.3	Vi møtast på barnehuset og går gjennom avhøyra til kvarandre .....	73
4.7	Avhøyret sin funksjon .....	74
4.7.1	Skal vera eit bevisopptak.....	75
4.7.2	Det går utover pålitelegheita .....	75
4.7.3	Du har ikkje rom til å gjera feil .....	76
4.7.4	Du kan aldri gå på akkord med rettstryggleiken .....	76
4.7.5	Kommer ikkje heilt i mål med dei utviklingshemma - nettopp på grunn av mangel på språk.....	77
5	Drøfting .....	78
5.1	Kva kunnskap om ulike hjelphemiddel og erfaring er det politiet sjølv kjem med....	78
5.1.1	Hjelphemiddel .....	78
5.1.2	Førebuingar .....	80
5.2	Korleis opplever politiet at praksisen verkar inn på tilrettelagte avhøyr av menneske med utviklingshemming? .....	80
5.2.1	Rolla som tilretteleggjar .....	81
5.2.2	Avhøyret sin funksjon .....	82
5.2.3	Utvikling av ferdigheiter .....	84
5.3	Korleis kan ein nytta spesialpedagogisk kompetanse om kommunikasjon inn mot tilrettelagte avhøyr.....	86
5.3.1	Oppsummering .....	87
6	Avslutting .....	89
6.1	Oppsummerande refleksjonar.....	89
6.2	Avgrensingar ved undersøkinga og vegen vidare .....	91
Litteraturliste .....	94	
Vedlegg 1:Godkjend NSD-søknad.....	99	
Vedlegg 2: Informasjonsskriv og samtykkeskjema .....	102	

Vedlegg 3: Intervjuguide *Før intervjuet: Informera på nytt om bakgrunn for undersøkinga. Anonymisering, rett til å trekka seg, og sletting av opplysingar etter studiet.....* 105



# **1 Innleiing**

Å meistra språk og kunna kommunisera funksjonelt, er avgjerande for aktiv deltaking i samfunnet, og vil kunna verka inn på både personleg utvikling og livskvalitet.

Språk gjev grunnlag for å tileigna seg kunnskapar, og er med på å bestemma identiteten, utviklinga og autonomiteten til individet (Utdanningsdirektoratet, 2016).

Det har også verknader på sosial status og relasjonar til andre menneske. Funksjonell kommunikasjon kan førebyggja misforståingar, og gjer det mogleg å kunna formidla behov og ynskjer. I tillegg kan det bidra til moglegheit for å påverka, kunna ta initiativ, oppfatta kva andre formidlar og til i det heile å fungera vel i eit kommunikativt fellesskap (Næss, 2016).

Kommunikasjonsvanskar og sosiale vanskår er fellesnemnarar for menneske med utviklingshemming (Holden, 2009). Kommunikasjonsvanskane oppstår når ein ikkje forstår eller klarar å gjera seg forstått i møte med andre.

I rettssystemet kan menneske med utviklingshemming møta utfordringar i form av manglande kunnskap om deira behov for tilrettelegging. Forklaringane frå dei må bli sett i samanheng med moglegheiter og avgrensingar i kommunikasjon (Dahl, 2018, s. 11).

Ofte er vitneutsegn det einaste bevismateriale rettskyndige har i saker som handlar om overgrep. Mange saker vert lagt bort. Dermed er kompetansen avhøyrar har, og metodane som vert nytta i eit avhøyr, viktig.

Gjennomføringa kan vera avgjerande for den vidare rettsprosessen i valds- og overgrepssaker (Melinder, 2010; Åker, 2018).

Det vert stilt strenge krav til kva som skal til for at eit vitneutsegn kan fungera som bevis i ein rettssak. Evna den fornærma har til å gje ei fri forteljing, verkar inn på korleis forklaringa blir vurdert.

Ei tilnærming som ikkje tek omsyn til behovet for tilrettelegging, kan enda med at ein ikkje får moglegheita til å forklara seg ut ifrå eigne føresetnadar utan å bli misforstått eller mistrudd (Gumpert, Abbad, & Cederborg, 2009)

## **1.1 Bakgrunn for val av tema**

Med dette som bakteppe, ynskjer eg gjennom oppgåva mi å undersøka korleis politiet legg til rette for kommunikasjon i avhøyr av menneske med utviklingshemming.

Åker (2018) hevdar at forsking på avhøyr av menneske med nedsett funksjonsevne viser at politiet på mange måtar nyttiggjer seg av same avhøyrmetodiske tilretteleggingar som er tilrådd for barn.

Vidare peiker ho på at det kun er eit fåtal studiar som har analysert og skildra karakteristikkar med omsyn til reelle avhøyr av denne gruppa.

Fokuset for undersøkinga er korleis ein kommuniserer i eit avhøyr, og korleis ein kan bruka ulike hjelpemiddel for å støtta opp under kommunikasjonen.

På grunn av tilknytinga til spesialpedagogikk, vil teoriar og kunnskap om kommunikasjon og tilrettelegging relatert til fagfeltet, bli brukt i kombinasjon med tidlegare forsking utført på området.

Bakgrunnen for val av tema er knytt til ei personleg interesse for kommunikasjonsfenomenet. Vi treng ikkje ha ein diagnostisk kommunikasjonsvanske for å oppleva problem med å skjøna kommunikasjon. Også eg har gjennom variert arbeid erfart ei stadig tilbakevendande utfordring i at både mine kollegaer og eg sjølv overvurderer og undervurderer eigen evne til å forstå ulike situasjoner, og til å gjera oss forstått. Det tek tid å læra seg sjølv å kjenna, og oppfatta andre menneske sine ulike måtar å kommunisera på.

Temavalet er også knytt til nysgjerrigkeit omkring korleis ein arbeidar med tilrettelegging for menneske med utviklingshemming generelt i samfunnet - med utgangspunkt i at alle er likeverdige og skal ha rett til å bli møtt ut ifrå dei føresetnadane den enskilde har.

I rapporten «Avhør av særlig sårbare personer i straffesaker» (2012), gjev arbeidsgruppa uttrykk for at det ved avhøyr av psykisk utviklingshemma er ein del som har behov for særlege kommunikasjonshjelpemiddel.

Vidare vert det sagt at: «Det er ikke særlig praktisk å tenke seg at avhøreren skal beherske disse hjelpemidlene selv.» (Justis- og beredskapsdepartementet, 2012).

Korleis dette vert følgt opp, er også interessant å undersøka.

## **1.2 Spesialpedagogisk relevans**

I følgje Uthus (2013, s. 3), byggjer arbeidet til spesialpedagogar på tre gjensidige dimensjonar:

- ein *verdidimensjon*, som omhandlar ønsket om å gjera det beste for ein elev med spesielle behov, og å legga forholda til rette for dette
- ein *professionell dimensjon*, som har med deira spesialpedagogiske kompetanse å gjera
- ein *dimensjon av nærliek*, som byggjer på ei unik innsikt i den enkelte, og daglege erfaringar saman med elevar

Dette inkluderingsperspektivet spring ut ifrå ei haldning om at alle menneske har lik rett til å delta, bli høyrt, ta avgjersler og nyta godt av goda i samfunnet (Haug, 2016).

I følgje Befring (2014), skal spesialpedagogikken - som problemløysande og styrkande ressurs - avdekka, avhjelpa og motvirka lærings- og utviklingshemmande problem. Ser ein på systemnivå, handlar det om innovasjon, fornying eller utviklingsarbeid.

Spesialpedagogisk forsking retta mot behov og interesser menneske med utviklingshemming har i ein utvida samfunnssamanhang, vil kunna ha som målsetting å utvikla strategiar for inkludering som gjev alle høve til å delta på lik linje i samfunnet.

Eit fokus på livslang læring og tilrettelegging, vil kunna bidra til å forbetra livskvaliteten for mange som tidlegare har vore marginaliserte på grunn av nedsett funksjonsevne og negative eller nedlatande haldningar og handlingar frå samfunnet si side (Tveit & Cameron, 2016). Det spesialpedagogiske inkluderingsperspektivet kan bidra til tverrprofesjonelt samarbeid og gje innspel til vidare utvikling.

## **1.3 Formål og problemstilling**

Formålet med undersøkinga er å få kjennskap til og kunnskap om korleis politiet gjennomfører tilrettelagte avhøyr av menneske med utviklingshemming. Sentralt står fagfolk sine eigne tankar og erfaringar knytt til kva hjelpemiddel dei nyttar, og røynsle dei har med å bruka ekstra støtte i form av ulike kommunikasjonshjelpemiddel. Problemstillinga for undersøkinga er:

***Kva for nokre hjelpemiddel nyttar politiet i tilrettelagte avhøyr av menneske med utviklingshemming, og korleis vert dei nytta?***

For å svara på problemstillinga, er det også blitt utforma nokre forskingsspørsmål som kan bidra til å kasta lys over problemstillinga og danna grunnlaget for datainnsamlinga:

- 1. Kva kunnskap om ulike hjelpemiddel og erfaring er det politiet sjølv kjem med?*
- 2. Korleis opplever politiet at praksisen verkar inn på tilrettelagte avhøyr av menneske med utviklingshemming?*
- 3. Korleis kan ein nytta spesialpedagogisk kompetanse om kommunikasjon inn mot tilrettelagte avhøyr?*

Gjennom intervju med politi frå ulike politidistrikt og med tilknyting til forskjellige barnehus, ynskjer eg å sjå på om bruken av hjelpemiddel varierer mellom ulike stadar, og om det er nokre fellestrekks ved tankar og erfaringar politifolket har gjort seg i samband med avhøyr av representantar for den aktuelle målgruppa undersøkinga omhandlar.

## 1.4 Omgrepsavklaringar

Termen «særleg sårbare» viser i denne samanhengen til at menneske med utviklingshemming av fleire grunnar er potensielt sårbare utover det som elles er vanleg.

Dette er til dømes knytt til at det stundom kan vera meir vanskeleg å oppdaga overgrep mot dei - som følgje av problem med å syna teikn og tydelege reaksjonar på slike opplevde handlingar. I tillegg er dei gjerne meir sårbare enn mange andre under avhøyr. Under dette kjem mellom anna potensielt større problem med å setta ord på eigne erfaringar og å hugsast over tid. Dei kan og vera meir utsette for påverknad (Politihøgskolen, 2014).

Oppgåva tek utgangspunkt i ei relasjonell forståing av omgrepet funksjonshemmning, og korleis ein må sjå det i samspel mellom samfunnet og individet i ulike situasjonar. Dette vert utdjupa i kapittel 2.

Eg vil primært halda meg til å nytta omgrepet «menneske med utviklingshemming». I litteraturen knytt til dette fagfeltet, er bruken av nemningar som utviklingshemma, psykisk utviklingshemma, menneske med utviklingshemming, kognitive vanskar, kognitive nedsettingar eller nedsett funksjonsevne, veldig vekslande. Det dei har til felles, er vektlegging av at vedkommande har kognitive funksjonsnedsettingar, og dermed kan ha vanskar med å tileigna seg og å tilverka informasjon.

Innanfor rettspleien nyttar ein omgrep «pålitelegheit» og «truverd» knytt til vurderinga av ei forklaring.

«Pålitelighet» refererer til evna personen har til å gje att hendingar på ein detaljert måte, og dermed nøyaktigheita til forklaringa.

«Truverd» peikar mot den subjektive vurderinga av vitnet. Dette femner om ei individuell vurdering, som ikkje treng å basera seg på pålitechheita eller ein konsistent vitneforklaring (Dahl, 2018 s. 6).

## 1.5 Oppbygging av oppgåva

Oppgåva er i alt delt inn i seks kapittel.

Kapittel 2 vil syna til forsking og teori som skildrar aktuelle omgrep og teoriar relevante for oppgåva og når det gjeld forståing for tilnærminga.

Kapittel 3 tek for seg metodisk tilnærming og forskingsprosessen. Dei metodiske vala vert skildra og drøfta. Vidare er etiske tilhøve omkring intervjua kommenterte.

I kapittel 4 blir analyseprosessen og resultata presentert.

Kapittel 5 inneheld drøfting av funna i lys av teoriane.

Det avsluttande kapittelet femnar om refleksjonar over funna, kritisk blikk på oppgåva og forslag til vidare forsking.

## 2 Teoretiske perspektiv og tidlegare forsking

Dette kapittelet startar med å presentera korleis ulike teoretiske perspektiv kan spegla att underliggjande forståingsmodellar. Vidare vil det bli gjort greie for diagnosen psykisk utviklingshemming, etterfølgjt av eit delkapittel om rettstryggleik.

Forklaringane til menneske med utviklingshemming må bli sett i samanheng både med moglegheitene og avgrensingane dei kan ha når det gjeld kommunikasjon. Kapittelet vil dernest ta for seg generelle teoriar som vert knytt opp mot kommunikasjonskompetanse hos personar med utviklingshemming, og kva for nokre utfordringar dei kan treffa på i rettspleia. Oppgåva set fokus på kva føresetnadar som bør liggja til grunn i rettsstellet for å møta menneske med utviklingshemming. Tidlegare forsking på tilrettelegging innanfor rettspleia, blir også presentert her.

I eit kommunikasjonsteoretisk perspektiv vert kontekst sentralt for meiningskapininga (Ulleberg, 2014). Avhøyret er i dette tilfellet den kontekstuelle ramma for kommunikasjon, og dei kommunikative føringane mellom avhøyrar og vitne sentrale. På grunn av dette, vil den dialogiske kommunikasjonsmodellen som vert nytta i gjennomføringa av avhøyr, DCM, bli gjort greie for, slik at leseren kan setta seg inn i konteksten.

Kapittelet vil avslutta med kva krav til kompetanse som vert stilte til ein som skal gjennomføra slike avhøyr. I den samanhengen er det relevant å sjå på korleis ein kan utvikla desse ferdighetene.

Det er ikkje all teori som vert nytta i drøftinga, men det er tatt med for å syna mangfaldet i og kompleksiteten til dette fagfeltet.

### 2.1 Ulike måtar å forstå omgrepet funksjonshemmning på

Diagnosen psykisk utviklingshemming går under det overordna omgrepet funksjonshemmning. Måten vi forstår omgrepet, verker inn på vårt syn på og vår veremåte overfor dei med diagnosen. I følgande avsnitt vil eg presentera tre ulike tilnærmingar: *medisinsk* forståing, *sosial* modell og *relasjonell* forståing.

Tradisjonelt sett er det ei *medisinsk* forståing av omgrepene som har blitt brukt i samfunnet. Ut ifrå ei slik forståing, er det ibuande eigenskapar hos individet som leiar til utfordringar i samfunnet, og som gjer individet funksjonshemma. Menneske blir diagnostiserte etter gitte kriterium, og blir plasserte i kategoriar som samsvarer med type avvik og funksjonshemming. Formålet med dette, er å setta i verk tiltak som gjer at individet blir meir tilpassa samfunnet. Den medisinske forståinga har fått mykje kritikk for at den ikkje ser på dei samfunnmessige forholda som skaper utfordringar for individet (Grue, 2004; NOU 2016: 17, 2016, s. 30).

Ein *sosial* modell tek utgangspunkt i at funksjonshemminga ikkje er knytt til individuelle eigenskapar ved individet; den oppstår i samspelet mellom individ og samfunn.

Eit slikt perspektiv fordrar samfunnet til å tilpassa seg individet - ikkje at individet skal tilpassa seg samfunnet. *Rettsstellet kan gjennom manglende tilrettelegging bidra til ei marginalisering av ei utsett og sårbar gruppe. Etter ein sosial modell er det rettsstellet som har ansvaret for å sørga for at individet får moglegheiter til å utøva sine lovfesta retter.*

Den sosiale modellen har fått kritikk for at den har eit for markant skilje mellom det kroppslege og det sosiale; dette då ei funksjonsnedsetting verker inn både på praktiske og sosiale tilhøve (Grue, 2004; NOU 2016: 17, 2016, s. 30).

Ei *relasjonell* forståing legg vekt på at funksjonshemminga oppstår på grunn av eit gap i samspelet mellom føresetnadane til individet og samfunnet sine krav og forventingar. Det vil seia at ei funksjonsnedsetting ikkje automatisk vil leia til ei funksjonshemming.

Funksjonshemminga oppstår fyrst når individet ikkje klarar å imøtekomma krav og forventingar frå samfunnet sin side, og samfunnet ikkje meistrar å tilpassa seg individet - slik at det er mogleg å innfri forventingane og krava (Tøssebo, 2010). Eit menneske med diagnosen psykisk utviklingshemming vil i mange tilfelle kunna leva i samfunnet utan at det ligg føre særlege utfordringar i dagleglivet. Dersom dei kontekstuelle rammene vert endra, kan ho eller han likevel komma til å møta på vanskar.

Gjennom ei relasjonell forståing vil ein ha meir fokus på korleis integreringen bidreg til heilskap - der både føresetnadar hos individet må styrkast og krava samfunnet stiller må senkast for at partane skal kunna tilpassa seg til kvarandre.

I denne oppgåva vil det meir presist vera eit fokus på korleis ein kan styrka individet til å klara å gjera seg forstått innanfor rettspleia, og på kva måtar rettsstellet kan endra eller letta på krava når det gjeld kva som vert forventa av individet.

Dahl (2018, s.17) viser til at tidlegare forsking gjort innanfor rettspleia, har hatt mest fokus på å skildra og forklara kva for nokre moglege problem utviklingshemma kan møta på i ein avhøyrssituasjon ut ifrå ibuande eigenskapar og evner hos individet. Forsking har i mindre grad fokusert på problem som kan vera eit produkt av ein sosial prosess i møte mellom menneske; her i ein avhøyrssituasjon.

## 2.2 Utviklingshemming som diagnose

Ein diagnose kan bidra til å løysa ut rettar, synleggjera vanskar og hjelpa andre til å forstå personen. På den andre sida kan diagnosen også fremma stigmatisering, og verka inn på dei forventningane andre har til ho eller ha den gjeld.

Bruken av diagnostar er altså ikkje uproblematisk.

Oppgåva tek utgangspunkt i å sjå på utviklingshemming som ein tilstand av generell lærehemming, og som kan bli definert ut ifrå desse tre kriteria:

- Signifikante avgrensingar i *intellektuell funksjon*
- Signifikante avgrensingar i *adaptiv åtferd*
- Tilstanden må ha oppstått før fylte 18 år (det vil seie i laupet av det ein til vanleg kallar "utviklingsperioden")

(American Association on Intellectual and Developmental Disabilities, AAIDD, 2019).

*Intellektuell funksjon* refererer til intelligens - eller mental kapasitet som læring, planlegging, abstrakt tenking, dømmekraft, resonnering og problemløysing. Den vert vanlegvis målt ved hjelp av IQ-testing. Ein testskår på under 70-75, indikerer ei avgrensing i intellektuell funksjon. Ca. 2% av befolkninga har lågare IQ enn 70.

*Adaptiv åtferd* femner om kommunikative, sosiale og praktiske ferdigheter som er naudsynt for å meistra utfordringar i daglelivet (AAIDD, 2019).

Sagt på ein annan måte: Adaptiv åtferd handlar om evna til å kunna fungera sjølvstendig, og med minst mogleg støtte greia å tilpassa seg krav og forventingar som samfunnet stiller (Sigstad, 2017).

Utviklingshemming er ei samnemning for ei rekke tilstandar med ulike årsaker og symptom. Ein som har diagnosen, vil vera funksjonshemma i forhold til meistring i dagleglivet - noko som altså vil variera etter eigne behov og korleis omgivnadene kjem desse i møte.

ICD-10 og DSM 5 er dei to rådande manualane som vert nytta til å stilla diagnosen.

Der DSM 5 har gått vekk frå - ut ifrå IQ-skår - å sjå på ulik gradering innanfor diagnosen, klassifiserer ICD-10 som følgje av testresultata framleis utviklingshemming inn i lett, moderat, alvorleg og djup grad. For å gje eit bilete av kognitiv mogning, vert omgrepene mental alder nytta i tydeleggjering av resultata. Ein person med lett grad av psykisk utviklingshemming, vil i følgje diagnosen ha mental alder på mellom 6 og 9 år.

Slik kategorisering kan i mange tilfelle vera svært villeiande, då ein på generelt grunnlag ikkje direkte kan samanlikna mental alder med den kronologiske. Det er talet på faktiske leveår som utgjer samla bidrag til subjektiv livserfaring, og denne påverkar personens totale identitet og funksjon - medan mange livsområde og funksjonar i det heile ikkje er tema for desse aktuelle intelligenstestane.

NAKU (2019) viser til at til dømes evna til abstrakt tenking og det å kunna tileigna seg ferdigheiter, derimot kan vera samanliknbare med den mentale alderen.

Fagtradisjonen vi kjem ifrå, verkar inn på kva for omgrep som nyttast, og på den tilnærminga vi vel. Til dømes kan seiast at i eit medisinsk miljø vil omgrepene psykisk utviklingshemming vera mest nytta, og innhaldet i denne diagnostiseringa verka styrande på dei handlingane ein utfører.

I skulen er det meir vanleg å snakka om elevar med generelle lærervanskar eller med utviklingshemming, og ein ser på korleis ein skal møta den enkelte ut ifrå den kjennskapen og kunnskapen ein har om akkurat ho eller han (Sigstad, 2017).

Til eit konstruktivt perspektiv høyrer at vi ikkje berre skal la oss leia av avgrensingar ein diagnose vitnar om, men og ha fokus på kva den einskilde faktisk meistrar.

Oppsummert kan eg seia at oppgåva er basert på ei forståing om at det ved utviklingshemming er snakk om generelle lære- og tilpassingsvanskar.

Korleis vanskane kjem til uttrykk, er heilt individuelt. Behov for tilrettelegging i det enkelte tilfellet, er avhengig av totalbiletet. Det eksisterer ikkje nokon universell tilnærming som kan femna om alle sine behov.

### **2.2.1 Utviklingshemming saman med andre diagnosar**

Talmessig ligg førekomensten av utviklingshemming hos dei som har diagnostiserte autismespekterforstyrningar, (ASF) på om lag 70% (Hem & Husum, 2008).

Psykiske lidingar hos menneske med utviklingshemming, vil ofte ha eit uvanleg symptombilete, av di utviklingshemminga og den psykiske lidinga kan maskera kvarandre innbyrdes (Bakken, 2011).

Schizofreni og depresjon er lidingar som kan bli forveksla med utviklingshemming. Dette skuldast symptom som redusert funksjon i meistringa av daglege ferdigheiter og eventuelt lågt psykomotorisk tempo (Lorenzen, 2008).

## **2.3 Rettstryggleik**

Rettstryggleik er knytt både til korleis lover og reglar er utforma og blir praktiserte, og forvaltinga si sakshandsaming og framgangsmåte. Då innhaldet kan ha ulik betyding ut ifrå kva det er ein legg vekt på, har nemninga ikkje nokon eintydig definisjon. I følgje Syse (1995), er respekt for menneskeverdet ein sentral del av omgrepene - uavhengig av korleis ein elles definerer det. Respekten er forankra i den enkelte sin rett til fysisk og psykisk integritet. Slik eg forstår omgrepene, er rettstryggleik i tillegg til respekt for menneskeverdet, knytt til lovfesta rettar som skal verna om enkeltindividet sine interesser i møte med det offentlege maktapparatet, og mot overgrep frå styresmaktene si side.

Røkke-utvalet seier (NOU 1991:20, 1991, s.14):

«Rettssikkerhet er normer for et forhold mellom den offentlige forvaltning og private rettssubjekter, som åpenbarer seg gjennom lov, forskrift, retningslinjer eller ulovfestede rettsprinsipper og som har til formål å sikre den private part fundamentale rettsgoder, rettigheter og menneskeverd gjennom riktige forvaltningsavgjørelser.»

Sidan Røkke-utvalet sin definisjon viser til formålet med å sikra den private parten sine rettar, og at menneskeverdet skal bli tatt hand om i møtet med det offentlege, vil denne forståinga av termen rettstryggleik ligga til grunn for oppgåva mi.

Haugli (2010) deler omgrepene inn i to sider. Den eine dreier seg om innhaldet i avgjersla, og den andre om framgangsmåter for å treffa ei avgjersle. Dette kallar ho materiell og prosessuell rettstryggleik. Innanfor begge kategoriar finn ein garantiar, eller ordningar, som skal sikra at det blir tatt gode avgjersler, og som kan bli endra dersom dei er urimelege.

Dei aller fleste med diagnosen psykisk utviklingshemming, er i ulik grad avhengige av offentlege tiltak og tenester. Dei vil også ofte ha større problem enn andre med å ta vare på sine eigne rettslege interesser. På grunn av dette, er rettstryggleiksgarantiane om mogeleg ennå viktigare for denne gruppa, og dei med tilsvarende problem og behov, enn for andre (NOU 1991:20, 1991, s.19).

Ein sentral del av krava til materiell rettstryggleik, er at det skal vera ein heimel i lovverket for domfelling når det gjeld den aktuelle handlinga saka gjeld (legalitetsprinsippet), og at konklusjonen er lovmessig å forventa. Det skal vera mogleg for den enkelte å føresjå avgjersler i ulike situasjonar.

Å sjå kva som kan skje, byggjer på føresetnaden om at ein har evne og kompetanse til å setta seg inn i lover og reglar. Dette kan vera utfordrande for mange med utviklingshemming, og dei kan trenga støtte for å tileigna seg slik informasjon (NOU 2016: 17, 2016, s. 40).

Prosessuell rettstryggleik byggjer på krav til at avgjersler må treffast av kompetente og objektive personar, ein må ha høve til å forsvara eigne interesser og det skal vera mogleg å få ei avgjersle overprøvd. I tillegg kan prosessuell rettstryggleik bli sett på som ein verdi i seg sjølv, då det kan vera eit uttrykk for å syna respekt for den som er involvert - knytt til verdigkeit og kjensle av å kunna ha innverknad på eigen sak og eige liv (Haugli, 2010).

Ein må også sjå rettstryggleik i samanheng med sivile og politiske menneskerettigheter. Menneskerettane, i tillegg til Grunnlova og det norske lovverket elles, gjev uttrykk for verdiar vi set høgt og er forplikta til å følgja. FN (2008) sin konvensjon om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne, *CRPD*, har som formål å sikra desse personane like moglegheiter som andre til å realisera sine menneskerettar, samt å byggja ned hinder som gjer dette vanskeleg. I denne samanhengen er artikkel 4, 12, 13 og 21 særleg viktige.

Artikkel 4 og 21 viser til retten ein med kommunikasjonsvanskar har til å få tilgang til og bruka egna hjelpemiddel, medan artikkel 12 og 13 til krav vedkommande har på tilgang til støtta dei treng for å opptre rettsleg adekvate og ansvarlege (rettsleg handleevne/prosessdugleik), og på tilrettelegging av prosedyrar for at dei kan fungera effektivt som deltakar under ei etterforsking.

Skal det vera mogleg for ein med diagnosen psykisk utviklingshemming å utøva rettane sine, er det naudsynt med ei tilrettelegging som tek utgangspunkt i kva han eller ho treng. Dette vil alltid variera frå person til person, og har dermed ikkje nokon universell løysing som fungerer for alle. Lokalt skjøn kjem til - som både kan svekka og styrka rettstryggleiken.

I forskrift om tilrettelagte avhøyr (2015), står det at både vitnet og den sikta sin rettstryggleik skal bli tatt hand om. For dei som arbeider med avhøyr, er det viktig å ha eit reflektert forhold til dette - då rettstryggleiken til to individ blir stilt opp mot kvarandre i ein rettssak; den fornærma og den mistenkte.

Rettsprinsippet om at ein mistenkt er uskuldig til det motsette er bevist, er nedfelt i den norske Grunnlova. Det er viktig at måten ein går fram på i ei etterforsking og gjennomfører avhøyr på, er knytt til rettstryggleiksgarantiane. Det må leggast vekt på både å finna ein skuldig og ikkje dømme ein som er uskuldig. Samstundes skal ein legga til rette for at rettstryggleiken til den fornærma blir teken vare på ut ifrå han eller ho sitt behov for tilrettelegging.

## **2.4 Aktuell kommunikasjonsteori og forsking**

I følgjande delkapittel vil aktuell kommunikasjonsteori i tilhøve til oppgåva bli presentert, og i tillegg forsking gjort på bruk av hjelpemiddel i avhøyr og på utfordringar ein med utviklingshemming kan råka ut for i samband med dette.

### **2.4.1 Utviklingshemming og kommunikasjon**

For dei fleste er det sjølvsagt at dei kan uttrykka seg og gjera seg forstått gjennom verbal kommunikasjon. Ein som har redusert evne til å kommunisera via tale, opplever samspelet med omverda heilt annleis utfordrande.

Kommunikasjonsproblem kan vera sekundærvanskar i samband med utviklingshemming. Vanskane syner seg på ulike steg, men er ofte knytt til utfordringar på tidlegare utviklingstrinn - i samband med tilhøve som blikkontakt, turtaking og felles merksemrd (Næss, 2015). Lorentzen (2001) nyanserer dette, og peikar på det faktum at den einskilde ikkje kan ha ein kommunikasjonsvanske på eiga hand: Kommunikasjon er samspel.

### **Felles merksemrd**

Evna til felles merksemrd er grunnleggjande for kommunikasjonen og den språklege utviklinga. Felles merksemrd vil seja at to eller fleire har merksemda retta mot det same, og at dei er klar over at dei deler fokus for merksemda (Tetzcer, 2012).

Barn med utviklingshemming vender ofte merksemda mot noko anna enn det den eller dei andre er opptekne av (Holden, 2009). Svekking i felles merksemrd kan leia til problem med å observera kva andre gjer. Dette kan så gå utover spontan imitasjon, og dermed moglegheita til gjennom kopiering å læra ulike ferdigheiter og veremåtar (Næss, 2015).

Problem med felles merksemrd er likevel sjeldan åleine grunn til kommunikasjonsvanskar.

### **Sjølvregulering**

Sjølvregulering dreier seg om evna til formålsteneleg å regulera eigen åtferd og eigne kjensler i aktuell situasjon, og halda merksemda fokusert (Sigtveit, 2017).

Dette gjer oss også i stand til å retta merksemda mot det vi skal, og klara å konsentrera oss over lengre tid - trass i om det er andre ting rundt som kan vera meir spanande å følgja med på.

Å kunna regulera merksemda er sentralt for å lukkast i kommunikasjonen (Holden, 2009). Sjølvregulering ligg som ein føresetnad for å kunna delta i eit sosial samspel med andre.

### **Samspel med andre**

I følgje Mead vert grunnlaget for å ta andre sitt perspektiv danna gjennom samspel. (Bråten, 2018).

Det er fleire ulike omgrep som vert nytta om evna til å ta andre sitt perspektiv.

«Theory of Mind» fokuserer på at vi kan laga oss teoriar om kva andre tenker, og på bakgrunn av dette trekka slutningar om den andre sine tankar og førestillingar (Høigård, 2013).

«Mentalisering» forklarast til dømes som å forstå seg sjølv utanfrå og andre innanfrå.

Det har også ein samanheng med å kunna skjøna ulike sosiale kontekstar, og å tolka åtferd i form av mentale tilstandar. Dette er også ein viktig faktor for sjølvregulering. Den vert erverva gjennom tidlege sosiale relasjonar - der ein lærer seg å tolka andre sin åtferd og oppfatta nyanser i andre sitt sinn (Sigtveit, 2016).

Dersom ein har manglande forutsetnad til å setja seg inn i den andre sitt perspektiv, kan dialogen dei skal ha saman naturleg nok bli utfordrande.

#### 2.4.2 Kommunikasjon og språkforståing

Språkkompetansen varierer. Å ha ei utviklingshemming kan innebera ei nedsett evne til å formidla til andre kva ein føler, ønsker og tenkjer. Manglande evne til å skjøna omgjevnadane, gjev vanskar med å forstå andre sin tenking, motivasjon og oppfatning. Høigård (2013) deler språkvanskars inn i tre grupperingar: *Reseptive, ekspressive og pragmatiske vanskars*.

**Reseptive vanskars** handlar om problem med å forstå det som vert sagt, og å gjera seg nytte av det. Omgrepvanskars, det vil seia mangelfulle eller manglande omgrep, samt vanskars med å strukturera informasjon, kan forsterka problemet (Sigtveit, 2017).

**Ekspressive vanskars** omhandlar problem med å formidla bodskap.

I motsetnad inneber kompetanse på det ekspressive området, evna til å kunna bruka ord og uttrykka bodskap på ein rett måte i ulike samanheng, og forklara kva dei ulike orda tyder (Dahl, 2018, s.21).

**Pragmatiske vanskars** i kommunikasjonen dreier seg om hemming i språkanvendinga. Språk må for å vera funksjonelt, tilpassast til aktuell situasjon, og nyttast på ein sosialt adekvat måte; noko dei fleste med utviklingshemming strever med.

Sigtveit (2017) snakkar om **referensiell kommunikasjon**, som omhandlar korleis ein set det ein snakkar om, inn i ein kontekst.

Det er viktig å ha kjennskap til personen for å forstå kva den snakkar om eller kva samanhengen er. Mykje direkte språk er til vanleg knytt til situasjonar kopla til her og no. Det kan vera meir utfordrande å samtala om tilhøve attende i tid.

**Ordleiting** er eit anna aktuelt omgrep i kommunikasjonsproblematikken. Vanlegvis går denne prosessen raskt og utan at vi må anstrenga oss. I situasjonar der vi er slitne, har mykje å tenka på eller å konsentrera oss om, kan det vera vanskeleg å finna fram ord vi elles sjeldan nyttar. For ein person med medfødt eller erverv språkvanske, er ordleiting ei svært vanleg utfordring (Lind & Kristoffersen, 2014).

### **Minne, innkoding, lagring og tilbakekalling**

Vi har fleire typar minne. Det mest relevante for avhøyr og denne oppgåva, er dei episodiske. Dei er knytte til faktiske hendingar. Slike minne byggjer på våre eigne opplevingar og erfaringar, og verkar også inn på korleis vi forstår oss sjølv i møte med omgjevnadane (Tetzschner, 2012).

Vi treng korttidsminnet for å kunna tilverka informasjon til det episodiske minnet. Korttidsminnet kan kun halda på ein svært begrensa mengd med data, og ikkje lenger enn i inntil ca. tretti sekund. Dette minnet har berre ein mellombels funksjon: Å hjelpe hjernen til å gjennomføra ein tankeoperasjon. Det har lenge vore fokus på at det hos menneske med utviklingshemming i samband med læring ligg føre svikt i korttidsminnet. Vanskar med minnet er knytt til fleire faktorar. Det kan gjelda ei manglande evne til å fokusera på relevante tilhøve, og handla om problem med å strukturera, omstrukturera og utvikla generaliserte strukturar når det gjeld informasjon; altså evna til å abstrahera (Sigstad, 2017).

Personar med utviklingshemming har samanlikna med andre tendens til å bruka lengre tid på å forstå, innkoda og lagra informasjon (Dahl, 2018, s.23).

På grunn av ein meir langsam informasjonstilverking, kan dette bidra til at ein ikkje alltid får med seg alt som blir formidla, og risikerer å mista detaljar som kan vera naudsynte for å få tilstrekkeleg mening i det ein ser eller høyrer (Sigstad, 2017).

Desse faktorane skapar vanskar mellom anna når det gjeld prosessen med *lagring* av informasjon i minnet, og for kva som vert lagra.

*Vidare kan tilbakekalling* av informasjon også vera vanskeleg for menneske med utviklingshemming.

#### **2.4.3 Alternativ og supplerande kommunikasjon, ASK**

Alternativ og supplerande kommunikasjon, ASK, er ei samlenemning for *kommunikasjon som kan bidra til å støtta opp under det språket ein allereie har* (Sigstad, 2017).

Dersom ein heilt eller delvis manglar verbalspråk, kan ein ha trond til alternative kommunikasjonsformer for å gjera seg forstått. I tillegg vil andre til dømes kunna nytegjera seg av supplerande kommunikasjonsformer ved behov for støtte grunna utsydeleg, forsinka eller svak tale (Udir, 2016).

Ein kan nytta kommunikasjonsmiddel som biletet eller teknologisk utstyr til å støtta talespråket, og kommunisera gjennom handling, veremåte og kroppslege uttrykk.

Dette har allmenn verdi, og er ikkje knytt til ein spesifikk diagnose.

Thunberg (2015) poengterer at kommunikasjonshjelpe middel er ein felles ressurs for dei som kommuniserer; det er ikkje eit individuelt verktøy berre den som nyttar det har ansvaret for. Hjelpe midla kan bidra til betre forståing - og ikkje berre betre formidling. I avhøyret kan bruken av dei verka inn på korleis vitnet klarar å uttrykka seg eller forklara seg om noko ho eller han har opplevd eller erfart.

Hjelpe middel kan vidare bidra til at vedkommande får seia frå dersom ho eller han ikkje forstår eit spørsmål, og på dette viset gje avhøyraren moglegheit til å kunna forklara seg annleis.

Også derfor er det essensielt at dei som i eit avhøyr har behov for støtte - uavhengig av form - for å kunna forstå det som blir sagt, får slik tilgang.

#### **2.4.4 Kommunikasjonsperspektiv og kommunikasjonspartnar**

Skjervheim (1996) skriv at posisjonen ein tek i samspel med andre, anten som tilskodar eller deltar, verkar inn på korleis ein ser på det som blir kommunisert.

Tek ein på seg rolla som tilskodar, vil ein halda det den andre kommuniserer, som faktum. Ein stiller seg sjølv utanfor med omsyn til temaet og samhandlinga. Dette kan samanliknast med eit monologperspektiv på kommunikasjon. Ut ifrå eit slikt perspektiv, ser ein på handlingane og kognisjonen til ein person som eigenskapar knytt til individet, og i mindre grad som ein del av ein sosial samhandling. Mottakaren tolkar og skaper mening ut ifrå det som vert høyrt. Dermed kan intensjonen bak det som blei sagt, vera noko anna enn kva mottakaren har oppfatta det som (Næss, 2015).

Det er mogleg å sjå dette perspektivet i lys av ei medisinsk forståing og eit diagnostisk blick på kommunikasjon.

Dersom vi tek på oss rolla som deltar, og oppfattar det som blir sagt lik påstand, let vi oss engasjera i diskusjon og samtale om det som vert fortalt, og vert dermed ein aktiv del av samhandlinga. Dette kan samanliknast med eit dialogperspektiv på kommunikasjon. Gjennom eit slikt perspektiv ser ein på dialogen som eit samspel mellom den som kommuniserer og kommunikasjonspartnaren. Desse lagar etter dette perspektivet saman ei forståing og eit innhald i laupet av kommunikasjonsprosessenn (Lorentzen, 2001; Næss, 2015).

Tetzchner (2012) utdstrupar dette ved å visa til at dialog er kommunikativt samspel - der to partar deler merksemrd, formidlar noko til og tilpassar seg til kvarandre.

Gregory Bateson var oppteken av at ein må forstå menneske ut ifrå dei relasjonane ein er del av. Alt vi gjer er forankra i kommunikasjon; om det er med ord eller med kropp, handling og mimikk. I staden for å ha fokus på åferda folk syner, hevdar han at ein må fokusera på og legga vekt på relasjonen i kommunikasjonen (Ulleberg, 2014). Dette synet samsvarar med Karlsen & Midtlin (2015), som også påpeikar at kommunikasjon og samhandling med andre er relasjonelle prosessar, der kommunikasjonspartane si felles merksemrd er avgjerande for meiningskonstruksjonen.

Måten vi kommuniserer på, speglar forholdet vi har til dei vi snakkar med, og kan bidra til å etablera til dømes nærleik eller avstand (Lorentzen, 2008). Parallelt i ein samtale vurderer vi om vi kommuniserer med ein utfordrar eller ein som kan bidra til å hjelpe (Ulleberg 2014). Relasjonen mellom vitnet og avhøyraren er ikkje symmetrisk i denne samanhengen. Premissa for samtalen er satt ved dei kontekstuelle rammene. Den som har ordet, har definisjonsmakta. Det ein seier kan forsterka ein med diagnosen utviklingshemming sitt eige sjølvbilete knytt til stigma (Goffman, 1968).

Språkleg meiningsmåte er kontekstuelt gitt. Innanfor dei ulike kontekstane kan det eksistere stilleteiande avtalar om kva for nokre normer og verdiar som blir sett på som oppleste og vedtekne. Jo mindre felles forståing - dersom partane kjenner kvarandre därleg - desto meir naudsynt er det at dei stilleteiande avtalane må gjerast eksplisitt (Hagtvet, 2004).

### **Kommunikasjonspartnar og kommunikativ kompetanse**

Oppfølgingsspørsmål til det som blir sagt, kan bidra til å rekonstruera dei usagte føresetnadane. Det er mogleg å byggja ei felles ramme omkring det som blir fortalt. Ei slik evne til å inngå kontraktar, ved å snakka om kommunikasjonen - altså metakommunisera - er avgjerande når ein skal oppklara misforståingar (Hagtvet, 2004).

Avklarande spørsmål til ein med avgrensa verbalt språk, kan bidra til å få eit felles språk og vinna oppklaring i eventuelle misforståingar. Utfordringa i ein rettsleg samanheng kan leia til at slike avklaringar der har mindre verdi.

#### **2.4.5 Forsking på bruk av hjelphemiddel**

The Advocate Gateway, TAG, (2015) har utvikla fleire verktøy til nytting i rettssystemet. Eit av dei handlar om bruk av hjelphemiddel og kommunikasjonsstøtte. Følgjande delkapittel vil byggja på Toolkit 14, «Using communication aids in the criminal justice system», og på oppsummerande forsking utført når det gjeld bruk av hjelphemiddel i retten.

Delkapittelet handlar ikkje om utdjuping. Det er meint som illustrasjon; for å få fram eit bilet av døme på kva for ulike moglegheiter som eksisterer.

Forskinga har i hovudsak blitt gjort på barn og korleis dei er utsette for påverknad.

Både avhørsmetodikken, DCM, og bruk av hjelpemiddel i avhøyr, byggjer likevel på denne forskinga.

Formålet med hjelpemiddel og kommunikasjonsstøtte, er altså å støtta og fasilitera eller letta kommunikasjonen. For å få eit best mogleg bevis, bør kommunikasjonen vera så nøyaktig, fullstendig og stringent som råd. Ved ein hensiktsmessig bruk, kombinert med høvelege spørsmål, kan hjelpemiddel vera med på å styrka prosessen og kommunikasjonen. Det motsette kan skje dersom nyttinga ikkje er formålstenleg (TAG, 2015).


Her kjem døme på ulike former for støtte:

### **1. Støtte som bidreg til innhenting, avklaring eller testing av bevis**

Dette kan til dømes vera dokker, figurar, skrift, bilete, kroppsteikningar eller andre teikningar.

Tidlegare forsking og litteratur gjev uttrykk for at bruk av anatomiske dokker eller andre gjenstandar avhøyrar tek med seg, kan fasilitera forklaringa til barn, men det kan også leia til feil i forklaringa (Salmon, 2001).

Som ein kontrast, vil teknikkar som oppfordrar til å henta att minne sjølv, kunna bidra til å få lokka fram meir detaljerte og nøyaktige forklaringar frå barn (Katz & Hershkowitz, 2010).



Figur 1: Bruk av dokker


(The Advocate Gateway, 2015, s 10)

Forsking gjort på både bruk av teikning og biletar i avhøyr, konkluderer med at dersom dette vert nytta i starten, kan det verka negativt inn på forklaringa. Ved å bruka slikt fyrst etter at ei forklaring ligg føre, kan det støtta opp under denne, og leia til at forklaringa vert meir utfyllande og detaljert (Katz & Hershkowitz, 2010).


Resultatet av eit avhøyr med bruk av hjelpemiddel, avheng mellom anna av hendinga, rekvisitt som blir brukt, måten det blir presentert på og kor lang tid det har gått mellom hendinga og til eit avhøyr finn stad. Dersom det vert lenge mellom hending og avhøyr, kan det sjå ut som om bruk av biletar betre enn teikning kan hjelpe barn til å hugsa kva som skjedde (Salmon, 2001).

## 2. Støtte som bidreg til å regulera mental tilstand eller etablere kommunikasjonsreglar

Under dette ligg kort som gir visuelle responsval, emosjonell skala, pausekort og objekt som kan roa ned vedkommande og hjelpe til med fokuseringen. Hjelpermidla kan i tillegg bidra til å halda personen roleg; ved å redusera sosiale og emosjonelle krav (TAG, 2015).



Figur 2: Skala for å uttrykka angst (The Advocate Gateway, 2015, s 16 )



Figur 3: Kommunikasjonsreglar (The Advocate Gateway, 2015, s 15)

Bruken av objekt som kan roa ned og hjelpe vedkommande til å halda fokus, kan sjåast i samanheng med toleransevindaugen (Nordanger & Braarud, 2017).

Toleransevindaugen er ein modell som kan nyttast for å bli merksam på eigen og andre sin aktiveringstilstand. Innanfor toleransevindaugen er ein tilgjengeleg for å læra nye ting, bli irettesett og bli snakka til.


Eit avhøyr kan opplevast som stressande for mange, då det ikkje inngår som del av den vanlege rutinen. Når ein opplever ein stressande eller potensielt farleg situasjon, vil aktiveringsnivået til nervesystemet kunna endrast. Overlevingsresponsar som kamp, flukt eller frys, vert trigga. Ved overaktivering kan det bli meir vanskeleg å konsentrera seg.

Kroppen kan respondera med uro, aggresjon og/eller impulsive handlingar (Nordanger & Braarud, 2017). Dette skjer gjerne når personen som skal bli avhøyrt, vert utsett for situasjonar der han eller ho ikkje opplever meistring.

For å regulera ned eit menneske, kan ein nyttegjera seg av sansane. Å drikka vatn får gjerne pulsen til å senka seg, og bruk av hendene til å kna på lærartyggis eller stressball, kan få ut spenning i kroppen.

### 3. Støtte som kan hjelpe sårbare vitne til å førebu seg i forkant av avhøyret

Sosial historie, som er bilete med støttetekst under, eller visuell tidslinje, er moglege alternativ under denne gruppa.



Figur 4: Sosiale historier (The Advocate Gateway, 2015, s 19)

Sosiale historier bygger opp under behovet for visuell støtte til hjelp i forståing.


Tidslinjer kan brukast både til å forklara seg under eit avhøyr, og det er mogleg å setta dei opp i form av remser som viser rekkjefølga i korleis ting skal skje. Dette siste kan bidra til å skapa ei føreseieleg ramme.

Før eit hjelphemiddel vert nytta, bør ein tenka gjennom og vurdera kvifor bruken er naudsynt i den enkelte saken. I tillegg må ein gjera ei vurdering av om behovet gjeld heile samtalen, eller berre sjølve forklaringa. Til sist bør ein avklara korleis hjelphemiddelet skal bli brukt (TAG, 2015).

Dersom ein person har behov for ASK, må ein ta utgangspunkt i det språket vedkommande har, men legga til nye ord og omgrep som er naudsynte i den spesifikke konteksten.

TGA (2015) er også oppteken av at nokon som bruker verbalt språk, synest det er lettare å forklara seg gjennom å demonstrera og nytta visuell støtte for å understreka det dei fortel.


«Talking Mats» er eit av mange døme på verktøy som kan brukast som støtte for kommunikasjon:



Figur 5: Talking Mats: For å støtte sårbar person i avgjersla om å gje ei forklaring (The Advocate Gateway, 2015, s 26)

Bornman (2017) har forslag til korleis ein legg til rette for bruk av kommunikasjonsbrett under avhøyr. Spørsmåla bør vera i aktiv form, verb formulerte i presens og ein bør laga ei basisliste med oversikt over omgrep og nøkkelord som vert mykje nytta innanfor rettssystemet.

Bildsamt (2018) har arbeidd med å utvikla samtalemateriell som kan bidra til å støtta opp under forklaringar til menneske som har opplevd vald. Dette kan mellom anna brukast i samtale med politi eller på eit barnehus. Det er også egna som hjelpt for å kunna diskutera kva vald er og kva som er lov og ikkje.



Figur 6: Visualisering av moglege hendingar (Bildsamt, 2018)

#### 2.4.6 Forsking på behov for tilrettelegging

Den mest signifikante faktoren for effektiv og formålsteneleg kommunikasjon med ein som har behov for kommunikasjonsstøtte under avhøyr, er etterforskaren si evne til å tilpassa seg og respondera på personen. Målet er få ho eller han til å forstå spørsmåla, og gje dei svara vedkommande sjølv meiner er rette. For å mogleggjera dette, må ein legga seg til ein passande åtferd, og skreddarsy spørsmål ut ifrå behov og evne til individet (TAG, 2015).

Kompetanse i å tilpassa seg vitne med utviklingshemming, og leggja til rette for at avhøyr kan føra til på alle vis best mogeleg resultat, inneber i tillegg til kjennskap til det einskilde vitnet, grunnleggjande innsikt i dei vanlegaste vanskane menneske med utviklingshemming kan ha i møte med rettsstellet.

*Forsking på behov for tilrettelegging vil dermed samtyda med forsking på kva fenomen desse tiltaka skal avhjelpe.*

Her vil det kort bli vist til ein del av tidlegare forsking som er gjort på kva problem menneske med utviklingshemming kan treffa på eller som kan komma til syne i deira møte med rettspleia, og som dermed dannar noko av det sentrale grunnlag for behovet for tilrettelegging. Den samla lista for problemstillingar er imidlertid mykje meir omfattande, og motsvarande vantar det mykje av forsking.

#### \* **utfordringar i rettigheitsforståing**

Dei kan ha utfordringar med å forstå rettigheitene dei har (Ellis & Luckasson, 1984; Gudjonsson & Joyce, 2011)

#### \* **problem i samband med spørsmålsformulering**

O'Mahony, Milne & Grant (2012) har sett på ulike spørsmålsformuleringar som kan vera utfordrande for personar med utviklingshemming.

#### \* **mindre samanheng i svar**

Grumpert, Abbad & Cederborg (2009) hevdar at sjølv om det kan vera mindre samanheng i eit svar, kan det vera like korrekt.

#### \* **sviktande sjølvkjensle, forståingsvanskjer og problem grunna maskering av dette**

Ellis & Luckasson (1984): Kan ha ei sviktane sjølvkjensle som gjer at dei freistar maskera forståingsvanskjer for å framstå som kompetente og unngå å bli stigmatiserte. Kan utstråla at dei forstår ting betre enn dei gjer (Grumpert, Abbad, Cederborg, 2009).

#### \* **minneproblem og mangelfull forklaringsevne**

Problem med å gjenkalla informasjon når dei skal gje ei forklaring (Bull, 2010; Milne & Bull, 2001).

Auke i stressnivå kan leia til at det blir vanskelegare å henta fram minne (Bull, 2010). Nokon med utviklingshemming har dårlegare minnekapasitet, og kan ha lettare for å gje mangelfulle forklaringar (Gudjonsson & Henry, 2003).

#### \* vanskar med å takla uvante situasjonar

(Bull, 2010; Milne & Bull, 2001): Personar med utviklingshemming kan mangla strategiar for å handtera nye situasjonar. Ein mogleg konsekvens av dette kan vera at dei handterer samtaler utanfor den vante arenaen dårlig.

#### \* meir utsette for å svare etter tolka forventingar

#### \* meir tilbøyelege til å gå med på det dei ikkje er samde i

#### \* meir opne for å endra åtferd etter avhøyrarenes utsegn

(O'Mahony, Milne & Grant, 2012; Gudjonsson & Joyce, 2011; Ellis & Luckasson, 1984)

## 2.5 Avhøyret som kontekst

Gjennomføring av avhøyr er ein sentral del av etterforskinga til politiet når dei skal skaffa fram informasjon om ei hending eller sak. Uavhengig av status som vitne, fornærma eller mistenkt, får den som er kalla inn, høve til å formidla eigen versjon av det som har hendt.

Det er venta at den som gjennomfører avhøyr, skal gjera det på ein måte som uavhengig av føresetnadane til den avhøyrde, fremjar kommunikasjonen (Dahl, 2018 s.24).

Korleis avhøyret blir handtert, kan vera relatert til evna avhøyrar har til å forstå det enkelte mennesket, bygga relasjon og gje føreseieleg rammer. Dessutan blir det stilt krav til kvaliteten ved kommunikasjonen for å oppfylla dei juridiske krava i ein eventuell rettssak - jamfør Straffeprosessloven (1986). Måten ein kommuniserer på, vil vera prega av dette.

### 2.5.1 Tilrettelagte avhøyr

Dersom vitnet er under 16 år eller ein særleg sårbar vaksen, skal ein gjennomføra eit tilrettelagt avhøyr på eit Barnehus. Barnehus er tverrfaglege kompetansehus med kunnskap om psykisk helse og barnevern. Ein del av arbeidet dei gjer, er å tilby støtte og rådgjeving undervegs og i etterkant av eit avhøyr. I Forskrift om tilrettelagte avhøyr (2015), står det at formålet med tilrettelagte avhøyr er å:

*«sikra at etterforskinga og straffeforfølging i saker der vitnet er barn eller ein særleg sårbar vaksen, blir gjennomført på ein måte som tek omsyn til vitnet sin sårbarheit. Både vitnet og den sikta sin rettstryggleik skal bli ivaretatt.»*

Krav om tilrettelagt avhøyr gjeld dermed når vedkommande har status som vitne eller fornærma. Har ein status som mistenkt, er det ikkje noko automatikk i at ein har krav på noko tilrettelegging dersom ein til dømes har diagnosen utviklingshemming.

Det tilrettelagte avhøyret blir filma, slik at det kan fungera som bevismateriale i ei eventuell rettssak. Dette blir gjort for å hindra at barnet eller den sårbare vaksne treng å møta opp i retten og forklara seg der.

På bakrommet sit avhørysleiar, etterforskar, bistandsadvokat, ein tilsett ved Barnehuset og eventuelt andre fagpersonar og følgjer med på avhøyret.

Deira rolle er å sørga for at det juridiske knytt til ein sak blir følgt opp.

I tillegg kan dei hjelpe avhøyrar i pausane med omsyn til korleis ein vidare best mogleg legg til rette for den som blir avhørt. Dei kan diskutera spørsmål som bør bli stilte for å få fram meir i saka, bidra med rådgjeving om korleis spørsmåla vert forma av avhøyraren og når det gjeld bruk av eventuelle hjelphemiddel som kan vera med på å støtta opp under det som allereie er blitt sagt.

## **2.5.2 Den dialogiske kommunikasjonsmetoden**

Politiet nyttar «Den dialogiske kommunikasjonsmetoden», DCM, i gjennomføring av tilrettelagte avhøyr. Denne er utvikla av Gamst & Langballe (2004) .

Målet med metoden er å gje vitnet eller den fornærma sjansen til betre å kunna avgje forklaring ut i frå sitt eige perspektiv. Den tek utgangspunkt i korleis ein kan gjennomføra ein mest mogleg open dialog utan at den blir stoppa av avhøyrar. Denne skal i så stor grad som råd lytta til vitnet eller den fornærma si forteljing, og stilla utdjupande spørsmål ut ifrå det som blir sagt (Langballe & Gamst, 2007).

Metoden består av fem område som har noko å seia for korleis kommunikasjonen går føre seg. Det handlar om:

- A. Faseoppbygging
- B. Temaorganisering
- C. Verbale formuleringar
- D. Non-verbal kommunikasjon
- E. Fysiske rammer

For å gje eit innblikk i korleis eit avhøyr etter DCM-metoden skal fungera, blir desse områda presenterte under. Då ein både i rolla som fornærma og som vitne skal gje eit vitneutsegn ut ifrå sitt eige perspektiv, vil eg vidare nytta ordet «vitne» i presentasjonen av metoden.

#### A. Faseoppbygging

Det fyrste området handlar om faseoppbygging. Metoden har sju underfasar som er med på å styra dialogen:

1. Førebuande fase
2. Kontaktetablering
3. Innleiande prosedyrar
4. Introduksjon til tema
5. Fri forteljing
6. Sondering
7. Avslutting

Desse fasane kan bidra til å få vitnet til å fortelja så fritt som mogleg - ved å leggja opp til at ein i dialogen gradvis nærmar seg tema som er knytt til det melde forholdet.

##### 1. Førebuande fase

Gode førebuingar kan leia til at avhøyrar kjenner seg trygg og avslappa i situasjonen.

Langballe & Gamst (2007) viser til at ein trygg avhøyrar skapar eit trygt vitne. Vidare peikar dei på at ein på førehand bør laga disposisjon over kva for nokre tema samtalen skal

omhandla, førebu strukturen på avhøyret og velja/gjera tilgjengeleg kva for hjelpemiddel som eventuelt skal bli nytta.

I den førebuande fasen innhentar ein informasjon om den som skal bli avhørt.

Bakgrunnsinformasjon er ein viktig føresetnad for å kunna tilpassa avhøynet til den enkelte. Dette gjev avhøyrar moglegheit til å legga opp gjennomføringa etter vitnet sitt mogningsnivå og sine eventuelle behov for ekstra tilrettelegging. Det blir også gitt informasjon til den som skal bli avhørt, slik at ho eller han kan førebu seg. Dette kan bidra til å redusera stress og forvirring for den som skal møta politiet.

## 2. Kontaktetablering

Kontaktetablering dreier seg om å skapa kontakt og gje avhøyrar eit betre bilet av det kognitive og emosjonelle nivået til vitnet.

Ein får høve til å oppleva om den informasjonen som er innhenta på førehand, samstemmer med det ein ser og høyrer.

Kontakten er ein viktig del når det gjeld å få vedkommande til å bli motivert for å fortelja om sine opplevelser eller erfaringar.

Ein interessert og engasjert veremåte er ein føresetnad for at vitnet skal kunna og villa snakka om det ho eller han har opplevd (Langballe, 2011).

Dette kan ein gje ved å syna genuin interesse for personen: Ved å visa engasjement og vera ærleg og til stades i samtalen. Kontaktetableringa fungerer også som ein øvingssituasjon, der ein trener på fri forteljing og på korleis dialogen mellom avhøyrar og den andre personen kjem til å vera når ein skal gå over til den meir formelle samtalen; knytt til det melde forholdet.

## 3. Innleiande prosedyrar

I overgangen til innleiande prosedyrar, er det - jamfør Straffeprosessloven (1986, §122; §128; §131; §132) - nokre formalitetar ein må følgja for at avhøynet skal kunna bli brukt i ei eventuell rettssak.

Før sjølve forklaringa blir gitt, skal avhøyrar formana, det vil seia sterkt oppmoda, vitnet til å forklara den fulle sanninga utan å skjula noko. Vidare skal vitnet gje ei forsikring om at det snakkar sant. I §132 (1986) står det at

*«forsikring avgis ikke av vitne som er under 15 år, eller som på grunn av forstandssvakhet eller av andre årsaker ikke kan ha noen klar forståelse av forsikringens betydning».*

Innehar den som skal bli avhørt, dokument som viser at vedkommande har diagnosen utviklingshemming, skal dette formanast. Ein skal også gje informasjon om rett til fritak for

vitneplikt dersom sikta er i nær familie med vitnet. Før denne fasen er ferdig, skal ein gå gjennom rammene for den vidare samtalens - med tanke på både kommunikasjon og pausar.

I hovudsak er det vitnet som skal fortelja og avhøyrar som skal lytta. Dersom vitnet opplever at avhøyrar har misforstått noko, er det vesentleg at ho eller han seier ifrå og korrigerer dette. Det er også viktig at når vitnet ikkje veit svaret på eit spørsmål, skal vedkommande sia at «eg veit ikkje» i staden for å presentera svar som er oppdikta.

Desse formalitetane kan utgjera kritiske punkt knytt opp til om ein får gjennomført eit gyldig avhøyr eller ikkje.

Ein må ta høgd for at kombinasjonen av det formelle språket som skal vera til stades for at eit tilrettelagt avhøyr kan nyttast i retten, og avklaring av korleis ein skal snakka saman, kan verka forvirrande og gjera vitnet usikkert.

4. Introduksjon til tema
5. Fri forteljing
6. Sondering

Dei tre neste ledda (4 - 6) under faseoppbyggingspunktet til DCM-metoden for gjennomføring av tilrettelagte avhøyr, handlar om forklaringa til vitnet.

Avhøyrar introduserer først eit tema.

Målet med fri forteljing er at vitnet skal få lov til å fortelja så mykje som mogleg ut i frå sitt eige perspektiv - utan at avhøyrar avbryter og stiller for mange oppfølgingsspørsmål.

I den sonderande fasen skal avhøyrar hjelpe den som vitnar til å klargjera og utdjupa forteljinga si.

Her gjeld det å utforska vanskelege og kjenslevare opplevingar vitnet kan henda ikkje fortel om på eige initiativ.

Etter dette kan ein innføra nye tema som det hittil ikkje har blitt snakka om. Når eit nytt tema blir introdusert, går ein tilbake til å byrja med fri forteljing igjen. På denne måten blir samtalens både open og målretta (Langballe, 2011).

I utgangspunktet er avhøyret ein verbal kommunikasjonssituasjon. Dersom vitnet ikkje klarer å uttrykka seg godt nok verbalt, kan hjelphemiddel nyttast: For å syna gjennom andre ting kva ein har opplevd. Det kan bidra til å støtta opp under det som allereie er sagt.

## 7. Avslutting

I avsluttinga skal avhøyrar oppsummera det ein har snakka om, og utforska kjenslene vitnet sit att med etter å ha fortalt om det ho eller han har opplevd. Deretter runder ein av med å gå tilbake til nøytrale og daglegdagse tema, slik at den som har vitna, til dømes ikkje skal sitta attende med ei kjensle av skuld knytta til oppleving av at ein ikkje har klart å fortelja eller innfri forventningar.

### B. Temaorganisering

Det andre området når det gjeld DCM, tar for seg korleis dialogen er temaorganisert.

Som tidlegare nemnd, snakkar ein om eitt tema om gongen.

- Eit tema startar med at avhøyrar ber vitnet om å fortelja om konteksten rundt hendinga. Spørsmål avhøyrar stiller, er knytt til kven, kor og når.
- Vidare skal vitnet snakka om sjølve handlinga. Her er spørsmål knytt til kva og korleis.
- Til sist er fokuset på vitnet sine opplevingar i samband med hendinga: Tankar, reaksjonar og kjensler.

Avhøyrar vil gå gjennom tema som kjem opp vidare undervegs, på same måte som vist over. Med bakgrunn i dette, kan ein seia at avhøyret er ein sirkulær prosess med veksling mellom introduksjon til tema, fri forteljing og sonderande fase - som leiar til nye tema og nye frie forteljingar (Langballe & Gamst, 2007). Dei viser også til at det i ein rettsleg samanheng handlar om å få fram informasjon om den opplevde røynda til vitnet, og om handlingar og forhold ein kan prøva i ettertid: Dette for å ivareta kontrollaspektet ved eit avhøyr.

Avhøyr handlar like mykje om å få avkrefta som å få stadfesta om noko uakseptabelt har skjedd.

## C. Verbale formuleringar

### D. Non-verbal kommunikasjon

Langballe og Gamst (2007) viser også til korleis ulike spørsmålstillingar har forskjellige funksjonar i eit avhøyr.

Opne spørsmål skal oppmuntra til ei fri og spontan utgreiing hos den som blir avhøyrt.

Dei kan ha ei imperativ form, bydeform, som inviterer til at vitnet skal fortelja meir. Det kan vera formuleringar som: «Fortel meg om det!», «Skildr...så godt du kan!» eller «Prøv å forklara, prøv å fortelja!». Dei kan også ha ei skildrande (deskriptiv) form, som kan invitera til å få fram fleire detaljar i svara til vitnet. Spørsmål som: «Kva gjorde du?», «Kven var det?» eller «Korleis skjedde det?», er av ei deskriptiv form.

Ved å ta utgangspunkt i noko vitnet har sagt tidlegare, kan ein nytta det som dørpnar for å oppnå ein meir utdjupande og fullstendig forklaring.

Klarginde spørsmål har formuleringar som kan bidra til å få oppklart uklare detaljar, og ein kan i tillegg få tilgang til fleire. Dei har også som siktemål å få fram konkret informasjon innanfor både kontekstuelle-, handlings- og opplevingsskildringar.

Aktiv lytting handlar om evne til å identifisera og følgja opp innhaldet eller temaet i forteljinga til vitnet (Langballe & Gamst, 2007).

Dette blir gjort gjennom små pausar, verbale stadfestingar og oppsummeringar. Pausar kan gje den som blir avhøyrt, tid til å tenka seg om. Verbale stadfestingar som «mm», «ja vel» og liknande, er nøytrale responsar som oppmodar vitnet til å halda fram med å fortelja.

Oppsummeringar kan både visa at ein tek vitnet på alvor, og bidra til å få avdekka om avhøyrar har misforstått noko.

Kroppsspråk kan også verka inn på vedkommande si oppleveling og sitt ynskje om å snakka om det ein har erfart.

Eit kroppsspråk som signaliserer interesse - gjennom til dømes sittestilling, blikkontakt og nikking - kan oppmoda vedkommande til å fortelja meir. Ein roleg kroppshaldning leiar gjerne til at vedkommande kan spegla seg i den, og sjølv vera roleg.

## E. Fysiske rammer

Barnehuset stiller både med lokale og utstyr som trengst for å gjennomføra eit avhøyrt.

Personen som skal bli avhøyrt, kjem med ein følgjeperson. Denne personen er på eit tildelt venterom medan avhøyret blir gjennomført. Følgjepersonen er med for å trygga vitnet.

Det kan vera ein frå familien, ein verge eller nokon annan som kjenner vedkommande godt. Følgjepersonen får i forkant av avhøyret orientering om korleis eit avhøyrt går føre seg, og informasjon knytt til rolla som følgjeperson.

I avhøyrsrommet skal det finnast minst mogleg med effektar som kan distrahera. Difor er det enkelt innreidd; med eitt bord og to stolar.

Avhøyrar tek med seg inn dei hjelpe midla vedkommande ser for seg å bruka i avhøyret.

Før ein startar med avhøyret, presenterer avhøyrar seg for både følgjeperson og den som skal bli avhøyrt. I tillegg får dei ei omvising i lokalet, slik at dei veit kor dei kan finna venterom, drikke og toalett.

### **2.5.3 Sekvensielle avhøyrt**

Når ein skal avhøyra barn under 6 år eller særleg sårbare vaksne, nyttar ein sekvensielle avhøyrt.

Metoden for sekvensielle avhøyrt byggjer vidare på samtalemetodikken DCM, men er delt opp i fleire kortare sekvensar for å passa den einskilde personen sine behov. I den første sekvensen skal avhøyrar og vitnet bli kjende med kvarandre. Etter ein pause held ein fram med neste sekvens, der vitnet og avhøyren snakkar saman om det sjølve avhøyret gjeld. Lengda på sekvensen vil bli tilpassa, slik at personen kan få pausar når ho eller han treng det. Kor mange sekvensar eit avhøyrt har før det vert avslutta, vil variera ut ifrå kva den einskilde personen har behov for (Bufdir, 2018).

## **2.6 Krav til kompetanse hos politiet**

Etter Forskrift om tilrettelagte avhør (2015), skal desse avhøyra bli gjennomførte av


politietterforskarar som har bestått spesialistutdanning i avhøyr av sårbare grupper ved Politihøgskulen. Den omhandlar barn i førskulealder og menneske med utviklingshemming.

I studieplanen til spesialistutdanninga, står det at dei skal ha kunnskap om anerkjente supplerande kommunikasjonsmetodar. Dei skal ved førebuing og gjennomføring også kunna nytta innhenta kunnskap om føresetnadane hos det einskilde vitnet, tilpassa avhøyret og metoden til den avhøyrde sine særskilte behov og nytta teikning og andre supplerande kommunikasjonsmetodar på ein kritisk og tilpassa måte (Politihøgskolen, 2014).

Dei skal vidare ha kunnskapar på innføringsnivå om sekvensielle avhøyr, anerkjente supplerande kommunikasjonsmetodar, ulike nivå av utviklingshemming, dei vanlegaste typane av utviklingsforstyrningar, seksualitet og om sårbarheitsfaktorar hos dei som skal bli avhøyrte.

### **2.6.1 Kva ein må kunna for å kommunisera formålstenleg i denne samanhengen**

Ein samla profesjonell kompetanse kan seiast å vera sett saman av ulike delar. Kompetansetrekanten syner at ein må ha teoretisk kunnskap, yrkesspesifikke ferdigheter og personleg kompetanse for å ha ein heilskapleg kompetanse innanfor eit fagområde (Skau, 2008).



Figur 7: Kompetansetrekanten (Skau, 2008, s 62)

Politi som gjennomfører sekvensielle avhøyr, treng *teoretisk kunnskap* om både DCM-metoden, vitnepsykologi og korleis dei skal tilpassa avhøyret og metoden ut ifrå innhenta informasjon om den enkelte personen.

Dei *yrkesspesifikke ferdighetene* er knytt til den praktiske gjennomføringa av avhøyr etter metoden dei har. Vidare gjeld dei nytting av hjelpe midla politiet har tilgjengeleg og på måtar som gjer at dei ikkje verkar inn på sjølve forklaringa.

Den *personlege kompetansen* avgjer kven vi lar den andre få lov til å vera i deira møte med oss. I eit avhøyr vil evna til å vera tolmodig, roleg, lydhøyr og trygg i rolla som avhøyrar, danna grunnlaget for å få i gong ein samtale. Vidare vil det å visa at ein prøver å skjøna det som blir sagt, og at avhøyrar tek ansvar for å seia ifrå dersom ho eller han ikkje forstår, kunna

verka inn på korleis den andre personen opplever seg sett og møtt.

Ein annan måte å seia dette på: Å visa at ein har forståing for korleis ein er ein god kommunikasjonspartner, og at ein ser på kommunikasjonen som dialog. Relasjonen vil stå i fokus. Som sensitiv kommunikasjonspartner kan ein også lettare oppfatta og tolka dei uttrykka som blir gitt (Karlsen & Midtlin, 2015).

Personleg kompetanse er ikkje yrkesspesifikk, men den blir nytta i utøvinga av yrket. I arbeid der samspel mellom menneske er viktig, er den personlege kompetansen ofte avgjerande for kor langt vi kjem med vår teoretiske kompetanse og våre yrkesspesifikke ferdigheiter (Skau, 2008).

## 2.6.2 Ferdigheitsmodellen

Sjølv om dei som gjennomfører tilrettelagte avhøyr har mykje erfaring med å avhøyra både barn og vaksne, vil det å avhøyra menneske med utviklingshemming vera ein ny ferdighet å læra. Dreyfus og Dreyfus (1986) skil mellom forskjellige nivå, frå nybyrjar til ekspert - og ulike kategoriar mellom desse, ved innlæringa av ein ferdighet.

*Nybyrjaren* følgjer reglar når dei handlar, medan ein *avansert nybyrjar* i tillegg vil nyttegjera seg av kontekstavhengig informasjon (Dreyfus, 2004). I dette tilfellet er det snakk om situasjonsbundne faktorar i eit avhøyr.

Ein *kompetent utøvar* byrjar å kjenna seg ansvarleg, og klarar å ta i bruk prosedyrar for å fatta ei avgjersle. Det inneber å utvikla ein plan, gjennomføra den, utforska situasjonen og ved dette bli bevisst dei handlingane som er naudsynte for å nå eit definert mål.

Som *kyndig utøvar* har ein utvikla ei forståing for, og kan nyttegjera seg av, eigen erfaring og intuisjon. Ein veit korleis ein skal gå fram. Ein vil framleis tenka analytisk, men reglane ein tidlegare har støtta seg til, er bytta ut med evna til å vurdera ut ifrå den gitte situasjonen.

I tillegg er ein emosjonelt involvert, men har utvikla ei evne til å distansera seg frå situasjonen.

*Ekspertar* veit kva dei skal gjera - basert på ei utvikla og erfaren forståing; reglar og teoriar har blitt internaliserte og automatiserte. Ein vil automatisk sjå samanhengen mellom t.d. kroppsspråk hos den ein samtaler med, og eventuelle behov for tilpassingar ein bør gjera. Ferdigheita er blitt ein integrert del av personen: Analyse er erstatta med erfaring.

### **2.6.3 Kvifor utvikla seg**

«The need for training implies that people should stop doing what they normally, naturally do, and instead do something different» (Powell, 2002).

Gjennom trening kan vi forankra eigenskapar og ferdigheiter til eit handlingsrepertoar. Via refleksjon over eigne haldningar og handlingar, vert profesjonalitet utvikla. Eigenutvikling av ferdigheiter kan avhøyraren oppnå ved å vera sjølvkritisk gjennom teorilesing, utprøving og refleksjon over utprøvinga, samt ved å gje og få tilbakemeldingar frå kollegaer og rådgjevarar tilsette ved barnehuset (Postholm & Jacobsen, 2011).

Observasjonar gjort av andre, tilfører gjerne nye perspektiv - som supplerer eigne subjektive opplevingar (Lassen, 2014). Tilbakemeldingar knytt til spesifikke situasjonar og område, kan gjera opplevinga tryggare og meir føreseieleg. Når responsar er orienterte omkring handlingar, vil ein lettare hindra at dei vert oppfatta som angrep på eigen person. Å kunna distansera seg frå opplevinga, er ein viktig del av skiljet mellom å vera kyndig eller kompetent utøvar (Dreyfus, 2004).

Måten eit avhøyr blir gjennomført på, og opplæringa som blir gitt til etterforskjarar som gjennomfører avhøyr, verkar inn på kvaliteten av avhøyret (Bull, 2010).

Mangefull opplæring kan leia til at avhøyrar står i fare for å ignorera informasjon som er i strid med eigen oppfatning. Ei oversjåing av «uønskt» informasjon, innber at etterforskaren påverkar resultatet av avhøyret. Ikkje minst gjeld dette dersom ho eller han trur at særleg sårbare vitne er mindre kompetente til å gje forklaring enn andre (Bull, 2010). Ein kan dermed stå i fare for å sjå på det som blir sagt frå ein tilskodarposisjon, og på den måten ikkje vurdera korleis eiga rolle verkar inn på samtalen. Mangefull opplæring kan også bidra til å forsterka eksisterande stigma knytt til dei forventingane ein har til vitne med diagnosar. Powel (2002) hevdar at auka kompetanse på å gjennomføra avhøyr, kan redusera stressnivået og sjansen for traumatisering av sårbare. Det kan også hindra at avhøyrarar blir utbrente, og fremma trivsel i arbeidet. Han skriv vidare at auka kompetanse kan gje eit empirisk grunnlag for å utvikla ein nasjonal «kjernerplan» i opplæringa, som igjen kan leia til meir standardiserte

måtar å gjennomføra eit avhøyr på. Samtaler med andre kollegaer kan bidra til å utvikla forståinga for praksisen og sjølve gjennomføringa av avhøyr.

Felles forståing og visjon gjer det, i følgje Postholm & Jacobsen (2011), mogleg å utvikla fagfeltet som heilskap. Med dette i tankane, vil det vera avgjerande at samarbeid og erfaringsutveksling går på tvers av dei ulike barnehusa. Held kunnskapen seg «lokal», og erfaringsutveksling berre skjer mellom tilsette og politi knytt til det einskilde barnehuset, vil dette vera til hinder for ein kollektiv refleksjon som gjer at kunnskap blir spreidd og andre tar den i bruk.

Systematisk utforsking av avhøyr, og tilhøyrande felles refleksjon, kan gje tilskot til å danna grunnlaget for vidare utvikling av yrket, og leia til tydlegare kriterium for opplæring i utdanninga (Powel, 2002).

### **3 Metode**

Forsking blir utført etter kvantitative eller kvalitative metodar. Kvantitative undersøkingar byggjer på store mengder data frå fleire kjelder, medan kvalitative undersøkingar er retta mot rikare data frå færre (Grue, 2015).

I følgje Befring (Befring, 2007), er ei kvantitativ tilnærming kjenneteikna ved strenge krav og spesifikke reglar, medan det er eit større rom for improvisasjon gjennom ei kvalitativ tilnærming. Her nyttar ein seg oftare av metodar ut ifrå personlege val tilpassa kvar enkelt situasjon.

Val av metode heng saman med kva for eit forskingsspørsmål ein stiller, og kva for ein metode som på best mogleg måte kan bidra til å svara på spørsmålet (Grue, 2015; Dalen, 2011; Kvæle & Brinkmann, 2015).

Problemstillinga som dannar grunnlaget for undersøkinga:

«Kva for nokre hjelpemiddel nyttar politiet i tilrettelagte avhøyr av menneske med utviklingshemming, og korleis vert dei nytta?».

Denne problemstillinga er todelt. Den fyrste delen søker å få konkrete svar på det politiet ser på som hjelpemiddel i avhøyr. Den andre delen av problemstillinga søker å få innsikt i korleis dei nyttar hjelpeidla i samband med avhøyret. Det inneber eit ønskje om å få ei forståing for dei vala politiet gjer i møte med dei menneska dei avhøyrar.

Då det er gjort lite forsking på dette fagfeltet, har val av metode landa på ei kvalitativ tilnærming.

I dette kapittelet vil eg gjera greie for dei metodiske vala eg har tatt for å freista svara på problemstillinga. Det vil bli gjort greie for kvalitativ forskingsintervju, prosessen med å velja og få kontakt med informantar, utarbeiding av intervjuguide, gjennomføring av intervju, transkribering og analyse av intervjuua. Analysen er gjort med utgangspunkt i SDI-modellen, som dermed og vert kort presentert.

Som avslutning på kapittelet, tek eg for meg ei vurdering av gyldigheita, pålitelegheita og generaliserbarheita til undersøkinga, samt kjem med nokre etiske refleksjonar.

### **3.1 Kvalitativt intervju**

I denne undersøkinga blir kvalitativt intervju nytta som metode for innsamling av data. Formålet med eit kvalitativt intervju, er å henta fram informasjon om korleis ulike menneske opplever sin eigen livssituasjon (Dalen, 2011). Tjora (2017) viser til at ein gjennom kvalitative intervju kan legga vekt på opplevelingane og meiningsdanningane informantane har, og kva for nokre konsekvensar meiningsdanningane har for vala dei gjer. På den måten kan ein oppnå ein djupare kunnskap om og kjennskap til eit tema der det ligg føre lite forsking, eller få auka innsikt i noko det allereie er gjort forsking på.

Det kvalitative intervjuet byggjer på eit fenomenologisk perspektiv. Kvale og Brinkmann (2015) skildrar fenomenologi som «eit omgrep, som peiker på ei interesse for å forstå sosiale fenomen ut i frå aktøren sine eigne perspektiv, og skildra verda slik ho blir opplevd av subjekta, ut i frå forståinga at den verkelege røynda er det mennesket oppfattar det som (s. 48)».

Denne definisjonen er ikkje-filosofisk, og ein slik tilnærming har vore utbreitt innanfor kvalitativ forsking. Den filosofiske tilnærming til fenomenologi er oppteken av å utforska det sosiale fenomenet i seg sjølv, tek den ikkje-filosofiske tilnærminga utgangspunkt i å forstå det sosiale fenomenet ut i frå intervjupersonen sitt perspektiv.

I undersøkinga mi ligg det sosiale fenomenet i korleis bruken av hjelpemiddel i tilrettelagte avhøyr er. Gjennom kvalitative intervju vil politiet sjølv kunna fortelja korleis dei nyttar hjelpemiddel i tilrettelagte avhøyr, kva som er viktig for dei i rolla som avhøyrar og kva som kan vera utfordringar dei må stå i eller møter på i yrkesrolla dei har.

### **3.2 Semistrukturert forskingsintervju**

Eit semistrukturert intervju har faste hovudspørsmål, men forskaren står i ein friare posisjon med tanke på både formulering av spørsmål og på kva rekjkjefølgje spørsmåla kjem i. Det er også høve til å stilla oppfølgingsspørsmål (Brottveit, 2018). Slike intervju set nokre tydlege rammer på førehand; med tanke på samtalens og dei aktuelle emna ein skal innom i laupet av intervjuet.

Sidan semistrukturerte intervju elles er relativt opne og frie, kan dei gje større plass til ulike tankar og erfaringar informantane kjem med undervegs (Kvale & Brinkmann, 2015; Tjora, 2017). Dermed kan ein få informasjon om det same temaet frå ulike perspektiv.

Intervjuguiden skal omfatta sentrale emne og spørsmål som til saman dekkjer dei viktigaste områda til undersøkinga (Dalen, 2011; Kvale & Brinkmann, 2015). Sjølv om det er ein viss fleksibilitet i korleis ein gjennomfører eit semistrukturert intervju, er det viktig å ha ein struktur på intervjeta. Dette skal sikra at alle informantane meir eller mindre blir spurde om det same, og kjem av at intervjeta dannar datagrunnlaget for analysen.

I følgje Tjora (2017) bør ein dela intervjuguiden inn i opningsspørsmål, refleksjonsspørsmål - som er sjølve kjernen i intervjetet - og avsluttingsspørsmål.

Starten av intervjuguiden legg opp til at informantane får høve til å fortelja om eigen bakgrunn, motivasjon for å jobba med det dei gjer og tidlegare erfaring og praksis knytt til fagfeltet. Bruk av generelle spørsmål i starten av intervjetet, kan skapa ein tryggare atmosfære og leggja til rette for eit meir positivt samspel mellom forskar og informant.

Refleksjonsspørsmåla fokuserer på ulike ledd knytt til gjennomføring av eit avhøyr. Dette gjeld handlingar og tankar avhøyraren gjer seg - både i forkant og etterkant:

Førebuing til eit avhøyr

Rammevilkår for tryggleiksetablering

Gjennomføring

Ettertankar knytt til eit avhøyr

Evaluering hos politiet

For å gje informantane høve til å presentera sine eigne synspunkt og erfaringar, har spørsmåla opne formuleringar.

Eg hadde til dømes med eit spørsmål knytt til motivasjonen for å arbeida med målgruppa.

Svara kunne få fram om dette er noko dei har særleg interesse for, eller som primært berre er pålagd. Eit slikt element kan verka inn både på korleis dei reflekterer over arbeidserfaringa og kor bevisste dei er når det gjeld handlingane sine.

Mot slutten av intervjuet er det anbefalt at ein går tilbake til det meir generelle. På denne måten kan ein leia merksemda vekk frå refleksjonsnivået, og normalisera situasjon mellom to ukjente som under normale tilhøve ikkje villa snakka så personleg med kvarandre (Tjora, 2017).

Eg hadde ein eigen tilleggsguide med moglege oppfølgingsspørsmål eg kunne nyitta meg av; for å få informantane til å fortelja meir dersom intervjuet stogga, eller om eg kunne tenka meg å spørja etter meir utfyllande svar.

### **3.3 Utval og rekruttering av informantar**

I følgje Tjora (2017), er hovudregelen når ein skal gjera eit utval av deltakarar i kvalitative forskingsintervju, å velja informantar som av ulike grunnar vil kunna uttala seg på ein reflektert måte om det aktuelle emnet.

Då formålet med undersøkinga er å få innsikt i og forståing for korleis politiet nyttar hjelphemiddel i tilrettelagte avhøyr av menneske med ei utviklingshemming, følgjer det ei naturleg avgrensing av utvalet:

Deltakarane er rekruttert ut ifrå kriteriet om at dei

- er utdanna politi
- har erfaring med å gjennomføra avhøyr av personar med psykisk utviklingshemming

Etter endringane i lovverket frå 2015, vil det tilsvara eit krav om å ha gjennomført vidareutdanning i tilrettelagte avhøyr av særleg sårbare.

Sidan undersøkinga nyttar deltakarar som fyller eit gitt kriterium eg sette på førehand, gjorde eg vidare eit kriterieutval (Tjora, 2017).

Dalen (2011) viser til at talet på informantar ikkje kan vera for stort, då både gjennomføring av intervju og etterarbeid med transkribering, analyse og tolking er ein tidkrevjande prosess. Datamaterialet forskaren sit at med, må likevel vera godt nok til at det kan brukast i analyse og til tolking. Ut ifrå tidsrammene til oppgåva, såg eg at det ville vera realistisk å intervju fire til seks informantar.

Rekruttering av informantar blei gjort på to måtar:

- a) Eg kontakta moglege dørpnarar (nokre personar som har kjennskap til fagområdet) for å høyra om dei kunne leia meg vidare til aktuelle kandidatar. Eg sende så ein uformell førespurnad for å høyra om vedkommande kunne vera interessert i å delta. Der vedkommande svarte positivt til deltaking, sende eg ein ny e-post med informasjon om undersøkinga.
- b) Dei andre informantane fekk eg rekruttert gjennom å ta kontakt med dei som var oppførte som leiarar på ulike barnehus. Leiarane fekk informasjon om studien, og eg spurde etter kontaktinformasjon til politi som har kompetanse når det gjeld avhøyr av menneske med utviklingshemming, og som har gjennomført tilrettelagte avhøyr hos dei. Deretter tok eg kontakt med dei eg fekk kontaktinformasjon til, og spurde om dei ynskte å delta i undersøkinga.

Utvalet i prosjektet består av fem informantar. Alle har gjennomført spesialiseringa «*Tilrettelagte avhør av særlig sårbare*». Utover dette har dei ulik arbeidserfaring og stilling innanfor politiet.

I samband med at dei har ei tilknyting til forskjellige barnehus i ulike politidistrikt, ligg det føre ei naturleg geografisk spreiing med omsyn til informantane. Dette kan bidra til at ein får større variasjon i respons knytt til korleis dei ulike barnehusa sin praksis med å gjennomføra tilrettelagte avhøyr er.

### 3.4 Gjennomføring av intervju

Det blei totalt gjennomført fem intervju. Lengda var på mellom 43 og 63 minutt. Eg reiste rundt og intervjuia informantane der det var mest naturleg eller praktisk for dei å møta meg. Dette er i tråd med Tjora (2017) sin anbefaling om å legga til rette for ei avslappa stemning; ved å gjennomføra intervju på ein stad der informanten kan føla seg trygg, og gjerne på eigen arbeidsplass dersom undersøkinga er knytt til informanten sitt arbeid.

Sjølv om det innebar ein del reiseverksemd, og dermed var ein tidkrevjande prosess, har eg i etterkant opplevd dette som veldig nyttig. Det var viktig for meg å kunna møta informantane på arbeidsplassen, og få fyrstehandskjennskap til konteksten dei arbeider i og sjå stader der avhøyr vert gjennomførte. Eg har i samband med dette fått innsyn i korleis tilhøva er ved ein vanleg politistasjon og på eit barnehus.

På dette barnehuset fekk eg og høve til å observera eit tilrettelagt avhøyr. Observasjonen gav meg innsyn i både på kva måte DCM-metoden i praksis vert nytta under avhøyr, og i korleis samtalen kan vera på eit bisitterrom.

Dette har vore svært nyttig for meg med tanke på å få kunnskap om tilhøve som kan vera underliggende faktorar når det gjeld innverknad på korleis ein gjennomfører avhøyr, og kva for perspektiv politiet som gjennomfører eit avhøyr, heile tida må tenka på.

Vidare har eg fått eit innblikk i juridiske omsyn ein må ta i eit avhøyr for at det skal tilfredsstilla dei formelle krava til å gjelda som bevismateriale i retten. Dette var noko eg ikkje hadde tenkt på i forkant, men som eg vart gjort bevisst på av di eg fekk lov til å observera eit avhøyr.

Eg lånte diktafon frå Universitetet i Oslo for å ta lydopptak av intervjuet.

I tillegg blei det brukt opptaksutstyr på min private mobiltelefon; for å sikra at eg hadde eit ekstra opptak i tilfellet av at det skulle skje noko med opptaket på Universitetets diktafon. Universitetet i Oslo har utvikla ein eigen diktafon-app, «Nettskjema-diktafon», som lagrar opptak i eit kryptert nettskjema på internettet. Det er ikkje mogleg å spela av opptaka på telefonen, og dei blir automatisk sletta der når ein sender filene over til nettskjemaet.

*Ingen av informantane verka opptatt eller brydd av lydopptakaren sitt nærvær. Det kan ha ein samanheng med at dei er vande med å bli filma og tatt lydopptak av under avhøyr i arbeidssamanheng. Nokre av informantane viste til at dei hadde blitt intervjuet i prosjekt tidlegare, og var kjende med ein slik intervjusituasjon.*

For å skapa tillit og rom til at intervjugersonane kunne snakka fritt om det dei ynskte å fokusera på, sette eg av litt tid til ein uformell prat i forkant.

Tre av intervjuet vart gjennomførte utan at det var nokon avbrytingar, medan to hadde eit kortare avbrott kvar. I det eine tilfellet leia det ikkje til noko større, men i det andre måtte vi saman henta fram tankerekka vi hadde før vi vart avbrotna.

Då alle opptaka frå lydopptakaren til Universitetet var overført til kryptert minnepenn, sletta eg nettskjemaet med lagra opptak frå telefonen/diktafon-appen, sidan alle opptaka tatt med lydopptakaren var av gjennomgåande god kvalitet.

### **3.5 Transkribering og strukturering av materialet**

Transkribering inneber at lydopptak vert nedteikna til skriftleg tekstformat. Dalen (2011) viser til at det er sterkt tilrådeleg at forskaren sjølv utfører transkriberinga, då denne prosessen gjev ein unik sjanse til å bli kjend med eigne data. Ho grunngjev dette med at nærleik til intervju-utskriftene kan styrka den seinare analyseprosessen.

I overgangen frå talespråk til skriftspråk, vil det viktigaste tapet frå sjølve intervjuet vera visuelle rettesnorer og informasjon om stemninga i laupet av intervjuet (Tjora, 2017).

Det gjeld til dømes vektlegging med omsyn til tonefall, rytme og kroppsspråk. På grunn av dette, har måten transkripsjonen vert gjort på, innverknad på intervjuematerialet som blir koda og analysert. Det er avgjerande at den som gjer transkriberinga, er bevisst på dei vala som blir tatt i prosessen.

I presentasjon av analyse vert transkriberinga meir detaljert presentert.

Intervjuet vart transkriberte i Inqscribe, som er eit reint transkriberingsprogram. Dette vart gjort på ein lab ved Universitetet i Oslo, der det var mogleg å nytta fotpedal til å setta lydfila på pause og spola fram og tilbake ved behov. Programmet nyttar tidsstempel. Det var dermed om ynskjeleg lett i etterkant å gå tilbake til spesifikke utsegn. På denne måten har eg prøvd å sikra ein så korrekt attgjeving av utsegna til informanten som mogleg.

Etter kvart intervju noterte eg ned tankane eg sat att med. Dei omhandla korleis gjennomføringa gjekk, eventuelle endringar eg kunne gjera i møte med neste informant, generelt inntrykk av heilskapen og om det var noko spesielt eg la merke til. Slike notat har gjort det lettare for meg å kunna setta meg inn i intervjuasjoner igjen medan eg har halde på med analysen av intervjuet, og i drøftinga av funna.

Dette er i samsvar med Thagaard (2009), som seier at notat om intervjuasjoner har eit analytisk formål og gjev verdifulle innspel til tolkinga av resultata som kjem fram.

Analysearbeidet vart gjort i NVivo12, som er eit program for oppbevaring, tilverking og analyse av kvalitative data.

### 3.6 Metode for analyse

Stegvis-deduktiv-induktiv metode, SDI, har som mål å utvikla ein kvalitetssikra og handterbar analyse av kvalitative data (Tjora, 2017). Ved å ta utgangspunkt i det innsamla datamaterialet (induktiv tilnærming), er det mogleg å utvikla ny innsikt i og forståing for eit tema, då det ikkje er naudsynt at svaret vart slik ein såg for seg då spørsmålet vart stilt.


I tillegg til å reindyrka ein induktiv tilverking av kvalitative data, har metoden ein deduktiv tilbakekopling for å kvalitetssikra analysen. Sidan metoden både nyttar seg av ein induktiv tilnærming (med utgangspunkt i empirien) og ein deduktiv tilnærming lengre ut i analysen, der teoriar og perspektiv spelar inn i laupet av forskingsprosessen, er den abduktiv (Tjora, 2017).

Då det er lite forsking på bruk av hjelpemiddel i avhøyr av menneske med utviklingshemming, og formålet med undersøkinga er å få ny innsikt om og forståing for fagfeltet, er dette ein passande metode.

Intervjudata dannar grunnlaget for analysen, og gjennom koding av datamaterialet kan ny forståing for fenomen i datamaterialet bli utvikla (Dalen, 2011).

Kodinga er eit sentralt element i SDI-modellen. I følgje Tjora (2017) er målet med koding å trekka ut essensen i det empiriske materialet, redusera volumet av materialet og leggja til rette for idégenerering på grunnlag av detaljane i empirien.

Kodinga skal ligga tett på deltakarutsegn, og søka å ta vare på det spesifikke i materialet. Dette gjer ein ved å nytta ord og omgrep som allereie finst i datamaterialet. I staden for å få innsikt i kva informanten seier noko *om*, ynskjer ein å få tak i essensen i utdraget: Kva er det informanten *seier*?



Figur 8: SDI-modellen (Tjora, 2018, s17).

Gjennom kodane åleine kan ein ta vare på detaljane i intervjeta, og samstundes redusera volumet på materialet.

Vidare er det slik at ei god koding innanfor SDI-rammeverket, gjev eit sett av kodar som berre kunne vert generert ut ifrå empirien (og ikkje på førehand), og som kvar for seg presist gjev att ein detalj frå empirisk data.

Det neste steget er å gruppera ut alle kodane slik at dei skil seg tematisk frå dei andre gruppene, men har ein indre konsistens (Tjora, 2017).

Dette gjerast gjennom ein konstant grupperingstest: Kvar kode blir sett opp mot gruppene ein har laga. Dersom koden ikkje passar inn, vert det oppretta ei ny gruppe.

Sit ein att med mange grupper etter å ha gått gjennom alle kodane fyrste gongen, er det mogleg å gjera prosessen ein gong til.

Då samanliknar ein gruppene med kvarandre, og ser om det er nokre som kan utgjera ei ny gruppe under eit nytt tema. Desse kodegruppene vil danna utgangspunktet for hovudtema i analysen.

På dette steget vert dei kodane som ikkje er relevante med omsyn til kva problemstillinga fokuserer på, skilt ut i ei restgruppe.

Tjora (2018)skriv at tre til fem relevante tema eignar seg som utgangspunkt for ein analyse i ei mastergradsoppgåve.

Ved utviklinga av hovudtema, er ein i gong med å fjerna seg frå den empiristyrte analysen, og i ei retning der ein kan la seg bli påverka og inspirert av teoretiske og litterære emne (Tjora, 2017).

Neste steg i modellen er å utvikla konsept. Med eit blikk på kodegruppene eller hovudtema som kom frå førre steget, og med relevante teoriar og perspektiv i bakhovudet, spør vi oss om kva dette handlar om.

Er det ein meir generell merkelapp på det fenomenet vi har strukturert empiri på, og dermed har eit empirisk-analytisk innblikk i? Er det nokre teoretiske bidrag som allereie omtaler fenomenet, eller som på ein anna måte er relevante?

Korleis analyseprosessen gjekk føre seg, vert presentert i neste kapittel.

### **3.7 Forforståinga til forskaren**

Ein vil alltid ha med seg si eiga forståing i forsøket på å fatta andre si røynd.

Dalen (2011) viser til at omgrepet forforståinga femner om meininger og oppfatningar vi har på førehand når det gjeld fenomenet vi studerer.

Forforståinga kan utgjera ein viktig del av motivasjonen for å gjennomføra ei undersøking.

Den kan vera basert på eigne erfaringar, fagleg perspektiv eller hypotesar.

Dette kan bidra til at eg som forskar ikkje møter materialet med nok openheit og evne til å læra (Malterud, 2011).

Den kan også bidra til ny kunnskap og innsikt med omsyn til det aktuelle fenomenet; nettopp på grunn av møtet mellom tidlegare erfaringar og eit for forskaren nytt felt.

Fagtradisjonen forskaren høyrer til, verkar inn på sensitiviteten - eller den retninga fokuset til forskaren si merksemd tek. Etablerte fagteoriar, faglege forklaringsmodellar og kva forskarsamfunnet ser på som relevant innanfor sin tradisjon, kan påverka når det gjeld kva ein ser og ikkje ser (Tjora, 2018).

Kjernen i kunnskapsgrunnlaget til spesialpedagogikken, er alle variantar av korleis ein kan leggja til rette for lærings- og utvikling hos barn, unge og vaksne med særskilte behov.

Tema sentralt for forsking innan den spesialpedagogiske fagtradisjonen, er korleis tilrettelegging, inkludering og omtanke for den einskilde blir utført i ulike samanhengar; både innanfor skulesystemet og i eit samfunnsperspektiv utanfor. Dette tek eg med meg inn i rolla som forskar.

Vidare snakkar Brinkmann og Tangaard (2015) om tilhøvet mellom objektivitet og innsikt i forsking. Ein total avstand til eit forskingsobjekt er ikkje nødvendigvis den beste måten å skaffa seg kunnskap på. Nokon gonger kan det vera viktig å ha ei innsikt som gjev nøklar til å forstå det som kan ligga mellom linjene.

Det er ein balansegang når det gjeld kor mykje innsikt ein bør ha i forkant med omsyn til gjennomføringa av ei undersøking.

Medan eg har manglande røynsle med omsyn til gjennomføring av tilrettelagte avhøyr og kjennskap til korleis politiet arbeider, har eg derimot hatt direkte tilknyting til arbeid med personar med ei utviklingshemming. Gjennom denne erfaringa har eg tilegna meg både eit teoretisk og praktisk grunnlag som utgjer kompetanse knytt til kommunikasjon i møte med særleg sårbare.

Dette kan verke inn på mi forforståing av kva eg tenkjer er utfordringar politiet kan møta på i ein avhøyrssamanheng, og kva eg forventar at dei skal seia eller ikkje seia.

Før eg landa på problemstillinga mi, var eg inne på ídeen om å undersøka korleis politiet nyttar hjelphemiddel i tilrettelagte avhøyr av menneske som har behov for ASK/alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK; forkortinga er presentert i teoridelen).

Denne problemstillinga gjekk eg sidan vekk ifrå. Det skuldast både at eg fann den litt snever, og at ymse kontaktar eg tok, gav meg små forventingar om funn eg eventuelt kom til å gjera.

Dermed endra eg problemstillinga til å fokusera på bruk av hjelphemiddel, og på denne måten få meir kunnskap om korleis politiet gjennomfører tilrettelagte avhøyr av menneske med utviklingshemming.

Tanken på den tidlegare problemstillinga har eg likevel tatt med meg inn i forskinga. På grunn av dette, har eg heile tida forsøkt å vera bevisst på at problemstillinga i undersøkinga mi er den som er styrande for kva eg skal vektlegga og fokusera på i intervjua og analysen av desse.

### 3.8 Kvalitet og etikk

Der det i kvantitative undersøkingar er vanleg å nytta omgrep som reliabilitet og validitet, er det i følgje Tjora (2017) innanfor kvalitative undersøkingar ofte meir vanleg å nytta dei omsette omgropa *pålitelegheit* (reliabilitet), *gyldigkeit* (validitet) og *generaliserbarheit* (ytre validitet).

*Pålitelegheit* syner til samanheng gjennom heile forskingsprosjektet, og i kor stor grad ein kan stola på funna forskingsprosjektet har produsert (Kvale & Brinkmann, 2015):

Er det mogleg for nokon andre å komma fram til det same?

*Gyldigkeit* handlar om det er ein logisk samanheng mellom utforminga til prosjektet og funn og dei spørsmåla ein søker svar på. Sagt på ein annan måte:

Er svara vi har fått faktisk svar på dei spørsmåla vi prøver å stilla, og er metoden som har blitt brukt, eigna til å finna svara på spørsmåla?

*Generaliserbarheit* er knytt til forskinga si relevans utover dei einingane som faktisk er undersøkt (Kvale & Brinkmann, 2015):

Er det mogleg å overføra denne kunnskapen frå ein samanheng til ein annan?

*Vi kan styrka gyldigheita ved*

- å tydeleggjera korleis vi praktiserer forskinga - ut ifrå spørsmåla vi stiller oss
- korleis spørsmål vert forma - med utgangspunkt i tema vi vil utforska
- etablert kunnskap om dette i relevant forsking

For å drøfta gyldigheita til forskinga, tek Dalen (2011) utgangspunkt i forskarrolla, forskingsopplegget gjennom utval og metodisk tilnærming, datamaterialet og tolkingar og analytiske tilnærmingar.

### **3.8.1 Forskarrolla**

Mitt eige fokus og mi forforståing med omsyn til kva eg tenkjer eller trur om forskingsområdet, kan verka inn på spørsmåla som vert stilte og på korleis tolking av materialet gjerast. Som tidlegare nemnd, har eg forsøkt å vera bevisst på mi forforståing under forskingsprosessen.

Ved å gjera greie for eigen forforståing og tilknyting til det ein undersøker, kan ein som forskar styrka gyldigheita og pålitelegheita (Dalen, 2011). Lesaren får høve til å vurdera korleis forskaren si forforståing kan ha verka inn på tolkinga av resultata.

Eg har forsøkt å synleggjera kva som ligg til grunn for interessa eg har for dette fagfeltet, korleis mi forforståing kan verke inn på dei spørsmåla eg stiller og kva eg fokuserer mest på. Eg har ein viss nærskap til, og interesse for, korleis kommunikasjon og samtale med menneske går føre seg i ulike samanhengar og situasjonar. Dalen (2011) poengterer at fellesskapet og den felles forståinga intervjuar og informant får av opplevelingar og situasjonstolkingar, er avgjerande for å få intervjuematerialet så nært opp til dei eigne opplevelingane til informantane som mogleg.

På grunn av min tidlegare arbeidserfaring, har eg kjennskap til mangfoldet politiet kan møta på når dei skal gjennomføra avhøyr av menneske med utviklingshemming. Dermed har det vore mogleg å kunna delta i samtalen og relatera meg til det informantane fortalte om. Dette kan bidra til å styrka gyldigheita i tolkingane mine av utsegna til informantane.

Samstundes er det då viktig å presentera ein detaljert skildring av korleis eg har gått fram, slik at eg kan gje rom for at andre eventuelt kan tolka intervjuematerialet annleis.

### **3.8.2 Utval**

Det er, som tidlegare nemnd, ikkje i norsk samanheng gjort så mykje forsking på fagfeltet hjelpemiddelbruk ved tilrettelagte avhøyr av menneske med utviklingshemming.

Dalen (2011) viser til at det kan vera hensiktsmessig å nytta meir enn ei informantgruppe for å belysa korleis ulike partar opplever same situasjon - slik at ein kan fanga opp nyansar og mangfald.

I oppstarten var eg inne på tanken om å ha eit utval sett saman av ulike fagfolk som arbeider med tilrettelagte avhøyr. Rådgjevarar på Barnehuset og avhøyrskoordinatorar kunne vera aktuelle informantar når det gjeld ulike hjelpemiddel og korleis dei vert nytta. Sidan formålet med undersøkinga var avgrensa til å få innsikt i politiet sine vurderingar om og bruk av hjelpemiddel, fann eg det hensiktsmessig berre å intervju politi som gjennomfører tilrettelagte avhøyr.

Utvalet i ei undersøking kan verka inn på om ein og kan seia noko med omsyn til andre som ikkje har vore deltagarar; altså om moglegheita til å generalisera funna til andre samanhengar.

Om utvalet mitt er relativt lite, er det likevel mogleg å gå ut ifrå at undersøkinga kan fortelja noko om opplevelingar og erfaringar som liknar mellom dei ulike deltagarane.

Det kan vera ein styrke i prosjektet mitt at eg har fått snakka med informantar som er knytt til ulike politidistrikt og Barnehus. Det har vist seg at både type stilling og organisering verkar inn på arbeidstilhøvet til informantane. Hadde eg hatt informantar frå berre ein stad, ville denne variasjonen kan henda ikkje kome fram i like stor grad som i prosjektet mitt - trass i at det har få deltagarar.

Informantane mine har kvar for seg minst fem år med erfaring i å gjennomføra tilrettelagte avhøyr. Alle har vidare tilegna seg aktuell spesialisering på området. Mykje røynsle gjev gode moglegheiter for å få utfyllande skildringar.

På den andre sida kan mindre erfaring bidra til nye syn på korleis praksisen er i dag.

For å sikra relevans utover dei data som er analysert i prosjektet, har eg nytta tidlegare forsking og teoriar knytt til fagområdet. I følgje Tjora (2017) støtter dette opp under ein større gyldigheit og generaliserbarheit enn til samanhengen eg har studert.

### **3.8.3 Forskingsopplegg og metodisk tilnærming**

Tidlegare i metodekapittelet er det gjort greie for val av metode, utarbeiding av intervjuguide og korleis intervjuet vart gjennomførte: Dette for å gjera det mogleg for leseren å vurdera gyldigheita knytt til metoden som vart nytta for å samla inn datamaterialet.

I forskingsintervju er informantane sine utsegn det viktigaste materialet som skal nyttast til analyse. Difor er det naudsynt å sikra at ein i transkripsjonen av utsegna oppnår så detaljerte og korrekte attgjevingar som mogleg (Dalen, 2011). Som tidlegare nemnt, har eg brukt diktafon for å dokumentera intervjuet. Dette blei gjort på to einingar: Som sikring i tilfellet av at det skulle oppstå teknisk feil.

Ved å transkribera lydfilane i Inqscribe, har eg kunna auka og senka farten på lydopptaka, og dette har bidratt til å få laga ein så rett attgjeving av utsegna til informantane som mogleg.

### **3.8.4 Datamaterialet og tilverking**

Det er informantane sine eigne ord som dannar grunnlaget for tolkinga og analysen. Spørsmål med opne formuleringar og moglekeit til å stilla oppfølgingsspørsmål, har gitt utfyllande svar frå informantane. Eg har lagt vekt på at det er informantane sine opplevingar og erfaringar eg er interessert i. Der det har vore naturleg, har eg oppmoda dei til å utdjupa svara sine for å oppnå større fylde og meir relevante utsegn frå dei.

Dalen (2011) viser til at forskaren må vera nøye med å henta fram tilstrekkeleg og relevant informasjon. Dette kan ein få gjennom utarbeiding av «tykke beskrivelser», det vil seia ikkje berre skildring av fenomen, men også ei fortolking av dei.

Når forskaren kan bruka utsegna til informantane til å laga «tykke beskrivelser» (Dalen, 2011; Kvale og Brinkmann, 2015), er utsegna viktige bidragsytatarar med tanke på mogleheta til å overføra kunnskapen til andre område og situasjonar.

I presentasjon av funna har eg nytta utsegn frå informantane til å få fram deira skildringar og opplevingar. Ved å fremja konteksten rundt utsegna, står lesaren friare til å vurdera om dette er noko som kan bli overført til andre situasjoner. Vidare kan lesaren danna sine eigne vurderingar om tolkinga som ligg føre.

Kodinga av intervjuer er gjort i NVivo12. Alle kodane ligg lagra, og det er mogleg å gå tilbake til sjølve transkripsjonane for å sjå konteksten rundt den einskilde koden. Passordet til tilgang er trygt oppbevart. Analyseprosessen kan dermed seiast å vera transparent, då det gjer det mogleg for andre å sjå annleis på datamaterialet og kodane enn det eg har gjort.

### **3.8.5 Tolking og analytiske tilnærmingar**

SDI-modellen underbygger pålitelegheita; ved å ha tydelege krav til datagenerering, gitte kriteriar for korleis analysen blir utvikla frå empiri og teoriar gjort relevante på eit seinare stadium i prosessen (Tjora, 2017).

Ved å nytta SDI-modellen i analysen, har eg prøvd å unngå å gjera for mange subjektive tolkingar av informantane sine utsegn. Kodinga mi ligg tett på empirien, og tek utgangspunkt i utsegn som allereie er å finna i datamaterialet. Ved å stilla spørsmål til om dette er ein kode ein kunne laga på førehand eller ikkje, har det vore mogleg å fokusera på kva som kjem direkte frå datamaterialet. På denne måten har eg gjennom analysen forsøkt å halda meg nær til utsegna frå informantane.

### **3.8.6 Etikk**

Dei etiske reglane definerer både rettane informanten har, og forskaren sitt ansvar ovanfor informanten (Thagaard, 2009).

*I ein intervju-situasjon der ein skal gå djupare inn på erfaringar, kunnskap og opplevingar hos eit anna menneske, bør aspekt som tillit, respekt og gjensidigkeit prega kontakten ein har mellom forskar og deltakar (Tjora, 2017).*

*Ein vissheit om dette har eg hatt med meg både i forkant, undervegs og etter møtet med dei eg har intervjuar.*

Den nasjonale forskningsetiske komité for samfunnsvitenskap og humaniora (NESH) har utarbeidd retningslinjer for å gje forskaren kunnskap om anerkjente forskningsetiske normer (NESH, 2016).

Når forskinga skal omhandla personopplysningar, må forskaren både informera og innhenta samtykke frå deltakarane som stiller opp i undersøkinga.

Deltakaren har rett til å få informasjon om

- formålet med forskinga
- kva det vil seia å vera deltar i undersøkinga
- retten til når som helst i prosessen å trekka seg frå prosjektet, og utan at dette skal få negative følgjer for deltakaren

Alle informantane fekk, samstundes som eg kom med ein førespurnad om dei ville delta, tilsendt eit informasjonsskriv om studien og eit tilhøyrande samtykkeskjema.

Eg syner her til vedlegg.

I forkant av kvart enkelt intervju, gjekk eg gjennom informasjonsskrivet og samtykkeerklæringa på ny, og opplyste om retten til å kunna trekka seg når som helst.

I det eine tilfellet vart samtykket sendt til meg i etterkant.

Deltakarene har også rett på at informasjonen om dei skal bli handtert konfidensielt (NESH, 2016). Dette gjeld korleis data og resultat blir oppbevart, presentert og formidla (Dalen, 2011). Vi må alltid eksplisitt spørje informantane om det er greitt at vi gjer eit opptak av intervjuet, og vi må opplysa om korleis desse opptaka skal bli oppbevart, på kva måte dei skal brukast, når dei skal slettast og liknande (Tjora, 2017).

Denne informasjonen fekk deltakarane også tilgang til i forkant av intervjuet.

Vidare stiller bruken av lydopptak under intervju ekstra krav til korleis data ein innhentar, skal bli oppbevart og handtert.

Lydopptaka var kun lagra på ein kryptert minnepenn.

Når dei var i bruk på eigen datamaskin, var det i ein passordbeskytta fil i NVivo12.

Lydopptaka gjort gjennom Nettskjema-diktafon, vart altså sletta etter at det viste seg at alle opptaka på Universitetet sin diktafon var av god kvalitet.

Samtykkeskjema og informasjon som koplar informant med intervju, har blitt lagra separat frå datamaterialet på datamaskina, og eg gjentar her at den krypterte minnepennen har vore og er oppbevart i eit låst skap.

Det kan stillast spørsmål ved anonymiteten til informantane; i den forstand at deltakinga deira held seg ukjend. Fagmiljøet eg forskar på, er på landsbasis relativt lite. Det er truleg at nokon kjem til å la andre få kjennskap til at dei har deltatt i undersøkinga, eller veit om andre som har deltatt. Det er også mogleg for informanten å bli kjend att på grunn av fagleg kunnskap få personar innehar.

Eg har anonymisert stader og namn i transkripsjonane. Vidare har eg fjerna dialektord, og alle sitat som vert nytta, er framstilte på bokmål.

Presentasjonane av informantane er også gjort så generelle som mogleg.

Alle prosjekta som handsamar personopplysningar, skal i forkant meldast til Norsk senter for forskingsdata (NSD). NSD vurderer i kva grad prosjektet tek vare på personvernet; ut ifrå korleis personopplysingar blir lagra og brukt.

Prosjektet vart meldt inn i januar 2019, og godkjenning låg føre tre veker etterpå.

Vurderinga frå NSD er vedlagt (Vedlegg 1).

Rett i forkant av fyrste intervjuet gjekk eg gjennom spørsmåla mine att. Eg endra på rekkjefølgja, og la til nokre nye. Endringane vart sendt inn til NSD i etterkant.

Intervjuguiden har vidare hatt same forma som ved det fyrste intervjuet.

*Detaljar frå observasjonen av eit avhøyr vert ikkje nytta, sidan eg ikkje har henta inn samtykke til det, og her heller ikkje har skaffa godkjenning frå NSD.*

## **4 Analyse og presentasjon av funn**

I dette kapittelet vil analysen av datamaterialet bli presentert, og etterfølgt av ein presentasjon av funna.

Før skildringa av analyseprosessen, kjem ein kort presentasjon av informantane og den aktuelle organiseringa hos politiet.

I analysen blir dei kategoriane som er etablerte gjennom kodeprosessen, trekte fram.

Desse dannar grunnlaget for den vidare presentasjonen av funna. Det blir gitt ei skjematiske framstilling av kategoriane; for å visa kva slags kodar som ligg under kvar kategori, og gje leseren innsikt i og oversikt over innhaldet i datamaterialet.

### **4.1 Presentasjon av informantar**

Det er gjennomført fem intervju av politi. Alle har fullført vidareutdanninga når det gjeld tilrettelagte avhøyr av særleg sårbare.

Informant 1: Har arbeidd på fagfeltet avhøyr av barn i over 20 år. Har gjennomført den tidlegare dommaravhøyrutdanninga. Var med på det fyrste studiet i 2015 for vidareutdanninga.

Informant 2: Har arbeidd med tilrettelagte avhøyr i ti år. Fullførte vidareutdanninga hausten 2018. Arbeider i spesialavsnitt.

Informant 3: Har arbeidd med avhøyr av barn i 15 år, og har den tidlegare dommaravhøyrutdanninga. Var med på det fyrste studiet i 2015 for vidareutdanninga.


Informant 4: Har arbeidd med tilrettelagte avhøyr i fem år. Fullførte vidareutdanninga hausten 2018.

Informant 5: Jobba tidlegare i politidistrikt. Arbeider no i sentral organisering, og har arbeidd med tilrettelagte avhøyr av særleg sårbare i fem år.

Informant 1 og 4 arbeider i same politidistrikt, men dei har tilknyting til ulike politistasjonar.

Arbeidsoppgåvene til informantane varierer ut ifrå stillinga dei har i organisasjonen. Dette er forsøkt vist i følgjande modell:

Modell 4.1, Organisering av politiet:



#### 4.1.1 Transkribering

Analysen startar allereie i transkriberingsfasen. Gjennom transkriberinga har eg fått innblikk i kva for nokre tema som blir nemnde av dei ulike informantane, og kva tema som er gjeldande for enkelte av dei.

#### 4.1.2 Kodeprosess

Som tidlegare vist til i metodedelen, skriv Tjora (2017) at målet med kodinga er tredelt.

Den skal trekka ut essensen i det empiriske materialet, redusera volumet og legga til rette for idégenerering på grunnlag av detaljar i empiri. Kodinga skal ligga tett på deltakarutsegn, og forsøka å ta vare på det spesifikke i materialet.

Gjennom heile kodeprosessen har eg sett på om ein kode kunna vore laga på førehand, eller om den var knytt til det spesifikke i materialet mitt.

Då eg var ferdig med å koda det første intervjuet, sat eg igjen med 99 kodar.

Desse kodane nytta eg vidare i det resterande intervjudatamaterialet. Nye kodar vart oppretta der det var naudsynt. Etter at eg hadde gått gjennom heile datamaterialet, rydda eg i kodane og slo saman nokre - der dei var tematisk nære kvarandre.

Eit døme på samanslåing av kodar:

«*vi skal være tilretteleggjara* » og «*vi legg til rette for det som fungerer best*»

Alle kodane som ikkje var relevant knytt opp mot problemstillinga mi, samla eg i ei eiga restgruppe. Etter dette sat eg att med 440 kodar - som er eit stort tal i forhold til mengda intervjemateriale eg har arbeidd med. Det kan ha samanheng med at eg mangla erfaring i å gjera dette, og med ønsket om å vera så nært forankra til empirien som mogleg.

I arbeidet med å gruppera dei ulike kodane, har problemstillinga mi fungert som rettesnor til å skilja ut kodar som ikkje er direkte knytt til den. Denne grupperinga skjedde gradvis.

Kodar som omtala noko av det same, samla eg i mange små grupper. Så gjentok eg prosessen, og samla dei små gruppene under større og overordna tema.

Kodar og kodegrupper som ikkje passa under dei meir overordna gruppene, og dei som ikkje var tematisk knytt til problemstillinga, blei altså plasserte i ei restgruppe.

Tabell 4.1 illustrerer korleis to kodar er grupperte inn i same kodegruppe.

Utdrag frå intervjematerialet	Kode	Kodegruppe
Men det som jeg tenker er det aller viktigste er å snakke med noen som kjenner akkurat den personen.	Viktig å snakke med noen som kjenner akkurat den personen	Forberedelser...er nøkkelen
vi må tenke forberedelser...som er nøkkelen. Grundig forberedelser på det enkelte menneske vi skal snakke med.	Vi må tenke forberedelser...som er nøkkelen	

Tabell 4.1: Kodeprosess frå utdrag av intervjematerialet til kodegruppe «forberedelser...er nøkkelen»

Etter å ha gruppert kodane ein gong, tok eg til med same prosessen på nytt - fram til eg sat att med fem overordna kodegrupper og tema:

«*vi skal være tilretteleggjere*», «*forberedelser er nøkkelen*», «*evaluering av egen praksis*», «*hjelpemiddel*» og «*avhøret sin funksjon*».

Følgjande tabell illustrerer korleis to kodegrupper er slått saman til ein ny:

Tabell 4.2: Kodeprosess frå utdrag av intevjumaterialet til kodegruppe «vi skal være tilretteleggere»

Utdrag frå intevjumaterialet	Kode	Kodegruppe	Kodegruppe
men noen av de er jo, noen er jo ikke i stand til å formidle det. De forstår ikke hva som skjer, de er utrygge, de går ut igjen, altså, det er, det er mange utfordringer	Noen er jo ikke i stand til å formidle det	Vi skal få dem til å forstå og de skal vise at de har forstått	Vi skal være tilretteleggere
Fortell meg alt sånn at jeg forstår det som skjedde. Du kan ikke si det til en med asberger. Men viss politiet har vert der så kan man kanskje si: "Du, jeg veit at politiet var hjemme hos deg på lørdag. Hva hadde skjedd da?	Fortell meg alt sånn at jeg forstår det som skjedde		
vi skal få dem til å forstå, og at de skal vise at de har forstått, de som er så god på den kompenseringen.	Vi skal få dem til å forstå og de skal vise at de har forstått		
Vi gir dette barnet, eller denne voksne. Den personen denne muligheten til å forklare seg om ting som ikke er greit i den sitt liv, eller som den har opplevd. Og så skal ikke vi forkladre den med ting... vi skal legge til rette for, vi skal være tilretteleggere for at det skal være så bra som mulig. Optimalt som mulig. Og det er strafferett vi driver med.	Vi skal være tilretteleggere	Vi skal være tilretteleggere	
prøver jo å høre, er det en sånn person som gjerne vil bli sett med en gang, eller bør jeg hilse på deg først? Og hva er deres erfaring, hvordan er barnet, mest bekjem med? Så hører jeg og så ser jeg litt i forhold til hva de sier, og ser barnet an.	Vi skal være tilretteleggere		

I konklusjonen når det gjeld dei ulike temaa, tok eg utgangspunkt i dei empirinære kodane.

Samstundes lot eg meg påverka av det eg visste ifrå før. Ved å gå gjennom alle kodane i kvart hovudtema, og sjå på stikkord og notat eg laga undervegs, har eg komme fram til følgjande kategoriar:

*Førebuingar, tilretteleggjar, hjelpemiddel, utvikling og avhøyret sin funksjon*

Tabell 4.3, Døme på nokon av dei underliggende kodane.

Kategoriar	Døme på kodar som ligg under
Hjelpemiddel	Bilder Følelseskort Kroppen Tegning Pauser Stressregulering Tolk
Tilretteleggjar	Jeg sitter med metoden Det skal være deres forklaring Vi skal få dem til å forstå og de skal vise at de har forstått Det første møtet kan være avgjørende De vurderer meg underveis Du må være fleksibel og kunne tilpasse deg hvordan du er som person
Førebuinger	Informasjonsskriv til følgeperson og eget brev til den som skal bli avhørt Gjør ekstra mye når vi forholder oss til diagnose Besøk i forkant for å ufarliggjøre situasjonen Må lese alle saksdokumenter Hva er det vi trenger for å kunne gjøre en god jobb Lage disposisjon på hvordan vi skal prøve å legge det opp Viktig å snakke med noen som kjenner akkurat den personen
Utvikling	Møtes på barnehuset og går gjennom hverandres avhør Vi skulle vert flinkere og ta med oss avhøret, og bli veileda Vi må hele tiden utvikle oss for å gi dem en mulighet til å gi dem en god forklaring Du får så lite erfaring når sakene skal fordeles ut over hele politinorge Velger tema og ser på det i lag Tar et avhør som ikke har gått så bra
Avhøyret sin funksjon	Så fort en skal bruke hjelpebidrar som bevis er det viktig at det blir riktig Skal være et bevisopptak Skal stå seg i retten Det går utover påliteligheten Du har ikke rom til å gjøre feil Du kan aldri gå på akkord med den rettsikkerheten Kommer ikke helt i mål med de utviklingshemma nettopp på grunn av mangel på språk

## 4.2 Presentasjon av funn

Eg vil her presentera funna i samsvar med kategoriane nevnt under avsluttinga av delkapittel 4.1.2.

- Kategorien *førebuingar* rommar skildringar av tankegongen omkring korleis dei i praksis legg til rette i forkant av eit avhøyr; frå innhenting av informasjon og samarbeid med barnehuset. Utsegn om kva dei vurderer som viktig kunnskap å ha i forkant, er også samla her.
- Kategorien *tilretteleggjar* inneheld utsegn om korleis informantane ser på ansvaret sitt i yrkesrolla som avhøyrar, kva for nokre eigenskapar dei vurderer er viktige å ha i arbeidet og korleis dei i praksis tek dette med seg i møtet med personen før det formelle avhøyret tek til.
- Kategorien *hjelpemiddel* femner om alle hjelpemiddel dei ulike informantane har brukt i avhøyr, og skildringar om korleis dei ulike hjelpemidla vert nytta.
- I kategorien *utvikling* ligg utsegn om korleis dei gjennomfører evaluering av tidlegare avhøyr, og gjev tilbakemeldingar på dei for å utvikla sin eigen kompetanse. Her blir det trekt fram korleis høvet til å evaluera eigen praksis varierer med stilling i og organisering av politidistriktet.
- Kategorien *avhøyret sin funksjon/rettstryggleik* tar for seg informantane sine vurderingar av kva som verkar inn på bevisverdi i retten, og utfordringar dei møter i gjennomføringa av avhøyret.

Til saman dannar desse kategoriane grunnlaget for den følgjande presentasjonen av funn.

## 4.3 Førebuingar

«Kanskje den store forskjellen er på et vanlig tilrettelagt avhør da, av en funksjonsfrisk åtteåring til et førskolebarn eller en utviklingshemma. Det ligger i forberedelsen da; at en er godt forberedt.» Informant 5

Det kjem fram av intervjeta at mykje av tilrettelegginga vert gjort gjennom førebuingar i forkant av avhøyret. Sidan samlegruppa «særleg sårbare» er stor og kompleks, fortel informant 5 at Kripo har kome fram til at det ikkje er mogleg for avhøyrarane å spesialisera

seg på ein einskild diagnose eller eit spesifikt felt. Nøkkelen for å arbeida med tilrettelegging, ligg heller i gode førebuingar.

I følgje informant 5 handlar dermed mykje av utdanninga til dei sekvensielle avhøyrarane om korleis ein kan førebu seg godt til eit avhøyr.

Informant 4: «*Når det er personer med diagnoser da (...) det er jo forskjellig fra gang til gang. (...) For det er jo så mye annet også. Så vi må jo gjøre veldig mye forberedelser. Til når at det er snakk om diagnoser. Så da er det jo, har vi jo mye mer ansvar på oss da, i forkant tenker jeg.»*

#### **4.3.1 Kva er det vi treng for å gjera ein god jobb**

Informant 2 fortel at informasjonen ein får tilsendt i forkant, er avhengig av kven som har meldt saken. Er det ein privatperson, ligg det som oftast føre mindre informasjon enn dersom verge eller ein institusjon står som innmeldar.

Barnehuset kan hjelpe til i forkant med innhenting av rapportar knytt til utreiing, og også andre sakspapir. Dei kan vidare hjelpe avhøyraren til å planleggja korleis dei skal legga opp avhøyret.

Ut ifrå informasjonen som er henta inn, er det mogleg å vurdera kva for nokre hjelpemiddel som kan vera aktuelle å bruka. Har personen eit dårlig språk, påpeiker informant 5 at ein må tidlegare inn for å få informasjon om kva personen nyttar, og supplera med eige materiale.

Dersom det ligg føre ein sjeldan diagnose, sjekker informant 3 nettsidene til Frambu. Dette er eit kompetansesenter for slike diagnosar. Andre informantar fortel at dei ringer til fagfolk eller snakkar med barnehuset for å få forklaring på kva eit omgrep tyder, eller på innhaldet i eit dokument - dersom dei ikkje forstår det som er skrive.

Dei kan elles få tips til kva dei i praksis kan gjera.

«...for vi er jo ikke noe helsepersonell eller pedagoger eller noe som helst.» Informant 4

#### **4.3.2 Viktig å snakka med nokon som kjenner akkurat den personen**

Alle informantane viser til at det er viktig på førehand å snakka med fleire personar som kjenner vedkommande godt. Informant 1 gjev døme på kva informasjon som kan vera greitt å

kjenna til i forkant: «*Hvordan vil de reagere på, sånn for eksempel, å møte en ny fremmed? Hvordan er det best å møte dem? Hva er det som, hvis at de får fortalt noen ting de ikke vil, hvordan kan en snu dem? (...) Hvordan er utviklingen deres på det og det punktet? Hvordan klarer de å sitte og samtale? Hvordan er turtakingen? Hvordan er konsentrasjonen deres? Hvor lang tid? Hvordan er de med fellesfokus på bordet? Hva trenger de av pause?»*

Skildringane av personen kan vera veldig ulik - ut ifrå om den ein søker innsyn frå, kjenner vedkommande i ein arbeidssamanheng, frå skulen eller til dømes som eit familiemedlem. Foreldre kan vera meir subjektive i forklaringa, medan ein som arbeider i institusjon, kanskje i større grad objektiv:

Informant 2: «*jeg liker egentlig å snakke med noen i familien. Også liker jeg å snakke med noen, enten da visst de går på skole, eller på en tilrettelagt arbeidsplass, for å høre litt om hvordan de fungerer i disse tingene. Fordi de er jo ofte helt andre type samtaler enn familie har da. Og klar med familie blir det mye følelser, som det skal være og de kjenner jo det mennesket veldig godt. Forstår dem på en helt annen måte, enn de som kommer utenifra kan gjøre og sånn sett så er det veldig greit å snakke med for eksempel arbeidsplass da.*»

#### **4.3.3 Besøk i forkant kan ufarleggjera situasjonen**

Som ein del av førebuingane, er det mogleg i forkant å møta den som skal bli avhøyrt. Her har informantane litt ulike preferansar. Fleire av dei møter i forkant den som skal avhøyrast - dersom det er behov for det.

Informant 4: «*Da kan en kanskje dra på besøk i forkant. Og bare sånn at de vet hvem, hvem jeg er, og ufarliggjør situasjonen. Og det, det har vert veldig sånn heldig da, når at en har gjort det. For at da, da føler de seg så trygg når de kommer hit. For det er veldig, det er mange av de som er veldig utrygg, for at det er ukjent kontekst.*»

Informant 3 møter dei som regel ikkje i forkant. Informanten seier at dagsform kan vera misvisande. Det er også mogleg at personen vil snakka om saken når dei møtast, og informanten må be vedkommande om å venta med det til avhøyret. Dette kan skapa eit dårlig utgangspunkt for den vidare kontakten: Personen kan kjenna seg avvist. På grunn av dette, føretrekk informanten heller å bruka god tid avhørys dagen. Dersom personen har angst eller er veldig utrygg på framande, er det likevel aktuelt å dra på besøk før avhøyret.

#### **4.3.4 Informasjonsbrev**

Fleire av informantane fortel at dei sender ut informasjonsbrev på førehand - både til følgjepersonen og til han eller ho som skal inn til avhøyr. I informasjonsbrevet til følgjepersonen står det kva denne treng å vita i forkant, og kva å seia til vedkommande som skal inn til avhøyret. Brevet til den som skal avhøyrast, kan til dømes innehalda bilete av barnehuset, venterommet og personen som skal gjennomføra avhøyret. I tillegg kan det vera ein kort tekst om kva dei skal snakka om. Dette kan førebu vedkommande som skal inn til avhøyr, og følgjepersonen kan bli trygg på rolla si.

Informant 5: «*Og veldig mye ligger i å trygge den. Så hvis den er trygg på hva som skal skje, og hvordan ting skal skje, og hvor, og alt sammen, så vil det smitte over på den de skal avhøre.*»

Informant 3 tar av og til vekk ordet barnehus, då nokon kan stilla spørsmål ved det: Ordbruken kan gje ein därleg start på avhøyret, av di ein må bruka tid på å forklara personen at det mest er barn som kjem til barnehuset, men at dei legg til rette for at vaksne skal sleppa å møta i retten: «*For noen kan jo bli fryktelig fornærma. Særlig de med downs syndrom opplever jeg at: De er ikke noe barn. Bare så de vet det, og det er jo helt riktig det. Og hvorfor skal de på et barnehus? Og pleier det å være andre voksne der? Eller er det bare dem? Vi får noen ganske kritiske spørsmål.*»

Informant 2 fortel korleis dei står fritt til å tilpassa informasjonen til han eller ho som skal få den: «*Statens barnehus på xxx, som er et kompetansehus, fordi det jobber folk. Også, der jobber det masse folk som er god på det med å prate med barn og unge og voksne. Sånn at vi, vi tilpasser jo akkurat denderre etter hvem vi prater med.*»

#### **4.3.5 Lage disposisjon på korleis ein skal prøva å legga det opp**

Ein viktig del av førebuinga ligg i å laga disposisjon eller plan for korleis avhøyret skal bli gjennomført. Derimot varierer det kor mykje den blir brukt undervegs. Dei fleste seier at dei ikkje bruker planen aktivt under avhøyret. Informant 1 går gjennom disposisjonen på veg til avhøyret, for å setta seg inn i situasjonen, men disposisjonen vert ikkje så mykje brukt: Ein må heller følgja etter det han eller ho som blir avhørt er oppteken av.

Disposisjonen kan gjera avhøyraren tryggare på kva som skal skje, og betre rusta. I forkant av avhøyret kan ho eller han saman med rådgjevarane på barnehuset vurdera nivået som ligg i planen i forhold til vitnet.

Informant 2: «*De gangene jeg er forberedt, så synest jeg og at, jeg klarer å takle ting i avhøret som kanskje er litt sånn uforutsett da. Viss at det skjer ting i avhøret som, oj, dette står ikke i, på dem. Dette står ikke i disposisjonen min, dette har jeg ingenting om. Men da ha jeg fått tenkt gjennom det. Og det, jeg tenker vertfall at det, er med på å gjøre avhøret av den personen tryggere og bedre rammer, for at dem trenger jo rammer og trygghet.*»

## 4.4 Tilretteleggjar

«*Et vanlig barn vil kunne klare litt mer fleksibilitet, men de trenger litt mer den der forutsigbarheten. rammene, og tryggheten på at: nå skal vi gjøre sånn, og så skjer det og så skal vi gjøre sånn. Tilpassa det mennesket da.*» Informant 2

Etter innføring av nytt regelverk, seier informantane at dei no er betre tilpassa til å avhøyra menneske med psykisk utviklingshemming. Informant 3 hevdar at måten dei skal bli tatt vare på, er lik og uavhengig av diagnose. Målet er å skapa kontakt med ho eller han som skal bli avhørt, og leggja til rette for at dei skal forklara seg på ein så god måte som mogleg. I følgje informantane er det mykje god hjelp å få ifrå barnehuset: Barnehuset tenker ivaretaking.

Dei tenker straffesak.

### 4.4.1 Eg sit med metoden

Alle informantane fortel korleis dei arbeider ut ifrå DCM-metoden, men at framgangsmåten eller tilnærminga må bli tilpassa den enkelte personen som kjem inn til avhøyr. Dei er dermed avhengige av kunnskap om det enkelte mennesket for å kunna legga best mogleg til rette.

Informant 2 viser til at på studiet var fokuset retta mot å legga diagnosen litt til sides i førebuingane:

«*Tenk mennesket først. (...) Hvordan skal jeg kunne bruke metoden opp mot dette mennesket så det får en best mulig mulighet til å forklare seg? Og så tenker du saken. Hvordan skal jeg legge inn, hvordan skal saken opplyses best opp mot det? Og så legg du diagnosen i bunn.*»

#### **4.4.2 Det skal vera deira forklaring**

Det kjem fram av intervjuaterialet at informantane legg vekt på at den som kjem inn til avhøyr, skal få ein sjanse til å formidla seg på best mogleg vis, og at det skal vera deira forklaring. Den eine informanten fortel om ein praksisdag på studiet der tilrettelegging vart satt i system. Det er mogleg å tenka tilrettelegging på fleire måtar. Informanten har gjort seg nokre refleksjonar: Dei med ein diagnose er vaksne på lik linje som oss, men ein merkar at ein må legga lista ut ifrå vedkommende sine føresetnadar. Nokon kan gje ei detaljert forteljing, medan andre treng mykje støtte.

Fleire påpeiker at mange av dei som kjem inn til eit avhøyr, er vaksne, og at ein må ta omsyn til dette.

Informant 4 seier: «*Vertfall de som jeg har vert borti da. De er jo veldig opptatt av at de er vaksne. Bor kanskje i egen leilighet, eller at du bor sammen, ett-eller-annet, og da må vi behandle dem deretter også.*»

Informantane uttrykker at det kan vera fleire grunnar til at nokon ikkje klarer å snakka. Det kan gjelda mangel på verbalt språk, mangel på forståing, dei kan ha utslekt tale eller forstår ikkje situasjonen og er utsigge. I slike tilfelle kan ein risikera at vedkommende berre går ut av rommet.

Nokre av informantane trekker fram at motivasjonen til å fortelja om vanskelege ting også kan vera fråverande. Det kan vera lettare å snakka om noko ein liker, samanlikna med noko som ikkje er positivt eller ein ikkje har ei forståing for at er feil.

Informant 3: «*Hadde en, han var veldig glad i fotball da. Så vi prata mye om fotball (...) Også skulle vi begynne å snakke om saken, og da var det: Nei. Og da, Og det sier jo så mye, så fordi da veit jeg jo at han kan prate, jeg veit at han kan ha setninger. Jeg veit at han forstår hva jeg mener.*»

Informantane fortel også at ein må vera sikker på at dei ikkje pratar over hovudet til den som kjem inn til avhøyret. Avhøyrarane kan sjølv bidra til å skapa forvirring - ved til dømes å legga inn to spørsmål i same setninga, bruka for lange setningar eller for vanskelege ord.

#### **4.4.3 Vi skal få dei til å forstå, og dei skal visa at dei har forstått**

I intervjuet problematiserer informant 4 omkring dei formelle krava som må stettast i eit avhøyr. Desse kan også vera utfordrande for vanlege vaksne. Informant 4 fortel at dersom dei har papir på at det er ein med moderat psykisk utviklingshemming dei talar med, tek dei ikkje noko forsikring omkring vitneplikt eller vitneansvar. I dei tilfella der ein ikkje har papir på det, eller det kan vera under utredning, vurderer ein om dette skal bli gjort, og kva informasjon vedkommande skal gjerast kjend med. Vurderinga gjerast saman med juristen. Det kan verka uheldig inn på den vidare kommunikasjonen dersom personen ikkje forstår det som blir sagt. Vidare fortel informanten: «*Veldig mange er redd for å ikke mestre. Og det ser vi i forhold til kompenseringen, og de kompensere i stedet for å si at det forstod jeg ikke. (...) De er jo vant til, hele livet sitt har de jo kompensert for at de gjerne vil være, sånn som andre.*»

Informanten stiller spørsmål til korleis dei skal få dei til å forstå og til å visa at dei har forstått; nettopp på grunn av kompensering.

#### **4.4.4 Det første møtet kan vera avgjørende**

Informant 5: «*For enkelte så er det første møtet helt avgjørende. Så noen ganger bruker jeg mye tid på det. Kan bruke mesteparten av forberedelsene på det første minuttet, og da handler det om alt fra hva jeg skal si og ikke si.*»

Alle informantane er opptekne av korleis dei skal ta imot personen på barnehuset. I følgje den eine informanten, handlar det om å vurdera balansen mellom nærleik og distanse; for å "treffa" og oppretta ein relasjon.

Fleire uttrykker at dei fokuserer på kroppsspråket sitt i det første møtet, og at dei observerer framferda til den som skal inn til avhøyr. Ut ifrå dette vurderer dei korleis dei skal gå vidare fram. Informant 2: «*...så er det jo en presentasjon der, og bruker kroppsspråk, prøver å bruke meg selv. Stemmeleie, toneleie, inntoning, prøver å så scanne litt..er dette (...) en voksen som går bak, eller er det en voksen som rekker fram handa når jeg, og vil hilse på? Er det en voksen som stiller meg spørsmål? Eller er det en som ikke stiller meg spørsmål og bare lytter?*»

To av informantane fortel at dei plar møta dei i døra, og tar dei rundt og viser kor dei ulike romma er, før dei går til venterommet og lar følgjepersonen og den som skal bli avhøyrt få ein

liten pause. Dette kan bidra til å gjera det litt meir føreseieleg - jamfør informanten. I tillegg kan pausen gje begge partar litt tid til å evaluera og vurdera kvarandre. Ein annan informant bruker å tilby dei kakao eller kaffi når dei møtast for fyrste gong. Ofte vil ho eller han ikkje ta imot der og då, men etter ein pause takkar dei gjerne ja til tilbodet likevel.

Det er ein konsensus blant informantane om at kunnskap om vedkommande i forkant kan bidra til å få i gong ein dialog - men nokre gonger får ein heller kontakt på grunn av eit eller anna som oppstår i augneblinken. Den eine informanten fortel om ei hending der ei dame som skulle inn til avhøyr, hadde fått seg nye sko. På venterommet kommenterte informanten dette. Då dei ikkje såg komfortable ut, spurde informanten om dei skulle ta dei av, og hjelpte til med glidelåsen: «*Og det sa hun på barnehuset at: Hun satt som en pinne når du kom inn, og så var de støvla av, og så var det i gang. - Det er jo sånt jeg har forberedt.*»

#### 4.4.5 Du må vera fleksibel

Det kan vera store sprik mellom informasjonen dei har fått på førehand og personen informantane møter på barnehuset. Det er både til det betre og til det verre; alt ettersom dei har fått beskjed om alt personen ikkje meistrar eller om ho eller han har blitt framsnakka. Den fyrste sekvensen blir brukt både til å trena på korleis dei skal snakka saman vidare, og å kartlegga dei kommunikative ferdighetene til den som skal bli avhørt. Sekvensen gjev også høve til å sjekka ut om det ein veit om personen på førehand, stemmer.

Informant 2 seier: «*Hvor langt ned i trakta må jeg på en måte stille spørsmålet, før det kommer en lyspære for de som gjør at de skjønner hva jeg er ute etter. For de må jo få et, ei lyspære på. Hva er det hun mener nå? Hva, hva er hun ute etter nå? Og så kanskje svare de for å please. Eller for at de skal gi et svar.*»

I følgje Informant 2 får ein vurdert språket, og sansa korleis dei klarar å uttrykka kjensler og fortel om ei hending.

To av informantane bruker å snakka om kroppen, og går gjennom kva for nokre omgrep ho eller han bruker på dei ulike kroppsdelane. Informant 3 nyttar dette både for å gå gjennom preposisjonar og bruk av ord:

Informant 3: «...at plutselig viser det seg at de bruker rompe om alt, for eksempel nedentil. Og det er jo sånn at, det er veldig greit å ha avklart det på forhånd.»

Vidare fortel informantane om eigenskapar den som gjennomfører avhøyr, bør har. Evne til å vera fleksibel og ta ting der og då, er det fleire som løfter fram. Å vera tolmodig, roleg, ha evne til å setta seg inn i andre menneske, kunna tona seg inn og syna empati, er andre eigenskapar dei også meiner er viktige å ha. Den eine informanten legg vidare vekt på at ein ikkje kan vera noko anna enn seg sjølv, og det må ein ta med inn i avhøyret.

## 4.5 Hjelpemiddel

*«Vi har ikke noe som er tilpassa psykisk utviklingshemma, eller menneske med autisme eller uten språk eller.» Informant 5*

Utviklinga av kategorien hjelpemiddel tek utgangspunkt i hjelpemidla informantane fortel at dei bruker i avhøyr av menneske med psykisk utviklingshemming. Dei står fritt til å velja kva for nokre hjelpemiddel dei vil nytta, men avgjer i samråd med juristen som er ansvarleg for intervjuet, kva for nokre det blir.

Hjelpemidla kan delast inn i dei *konkrete* hjelpemidla som vert nytta under avhøyret, og *strukturelle* hjelpemiddel - som er ein del av DCM-metoden.

Nokon av hjelpemidla speler på visuell støtte, medan dei fysiske er knytt til bruk av kroppen for å formidla eller til å regulera stress. Dette er illustrert i tabellen under.

Det er ikkje alle hjelpemidla som blir presenterte. Dette gjeld tidslinje og skala - som ikkje er brukt av mange. Det kjem fram at nytting av dei strukturelle hjelpemidla er i samsvar med DCM-metoden.

Konkrete hjelpemiddel		Strukturelle hjelpemiddel
Visuelle	Fysiske	
Teikning	Stressregulering	Barnehuset
Bilete	Kroppen	Disposisjon
Kjenslekort	Tolk	Følgjeperson
Tidslinje, skala		Pausar

Tabell 4.5: Inndeling av hjelpemiddel

Ein sentral faktor informantane legg vekt på, er at bruken av hjelpemiddel skal vera nøyne gjennomtenkt. Informant 1 påpeiker at det må vera ein balansegong i bruken av hjelpemiddel:

*«Visst at de er vant til å få bruke alle hjelpemiddlene i begynnelsen, men så plutselig når vi skal snakke om saken, så er det ingenting. (...) da blir kommunikasjonsmønsteret helt forskjellig. Sånn at de har blitt vant med ett kommunikasjonsmønster til å begynne med, men så plutselig blir det et helt annet, og da så klarer de ikke det. Da blir det, da blir det ute»*

Liknande refleksjonar har informant 3 gjort seg, og viser til at ein ikkje skal ta med for mykje inn i avhøyrrommet. Ser ein at det ikkje er behov for eit verktøy, treng ein heller ikkje bruka det. I staden for å nytta så mykje hjelpemiddel til dei vaksne, føretrekk informanten å snakka om interesser eller hobbyar. Det er ikkje så naudsynt å ha mange ting å snakka om, då det er eit poeng å trena seg på å snakka mykje om få ting.

#### **4.5.1 Bilete og teikning**

Hjelpemiddel alle avhøyrarane nemner at dei nyttar, er biletet, teikning og kjenslekort. Desse hjelpemidla har til felles at dei er visuelle, og at dei ved å bidra til å henta fram minner, kan brukast for å støtta opp under forklaringa til den som blir avhøyrt.

Informantane fortel at dei først prøver å få ei forklaring utan biletet. Dersom det er behov for det, kan ein så supplera med biletet; som kan gjera forklaringa meir utfyllande:

Informant 1: «*Da ser jeg jo ofte at, visst du får bilder av for eksempel er rom da, så det har skjedd ting innpå. Eh, da får du en utvidelse av forklaringen. Da kommer det mer detaljer. Der var det det skjedde. Beste er jo å få det i fri forklaring først. Men så kan du få utfyllende på bilder.»*

Informant 4 seier: «*Tegning da, kanskje, at, at det er lettare. Det sa jo hun jenta, det er jo lettare å forklar når en får tegne. Og så er, det jo og kanskje sånn at da, da blir de jo satt mer inn i hendelsen.»*

Informant 3: «*Her har du bilde av kjøkkenet og sånn. "Åja, der er jo krakken min, og der står jeg også, og ser pappa kommer, og da blir jeg kjemperedd for jeg veit at nå...da ser jeg om han er s..ikke" Og det sier noe om, det ville aldri kommet ellers da. Men det sier noe om den frykten barna har når.»*

I følgje fleire av informantane, kan bilet og teikning bidra på ulike måtar til å henta att minne, og setta ho eller han tilbake i situasjonen. Det kan hjelpe til å få ei utfyllande forteljing frå den som blir avhørt.

Informant 2 fortel om ein person som hadde veldig god hukommelse på kor ting var i leilegheita, men som ikkje var glad i å teikna sjølv. Saman laga dei ei teikning i fugleperspektiv: «*Hva er det i gangen? Nei det var ikke noe mer, det var gangen. Så det ble for åpent ikke sant? Det at spørsmålet er alt for åpent. Og så måtte jeg gå ned. Hva er det vi pleier å ha i gangen? Så spør: Hvor setter vi skoene deres? Det var der. Det var jo selvfølgelig i gangen. Ja, hvor er jakken din da når du henger fra deg den? Ja det var der. Det var også i gangen.*». Gjennom spørsmålsstilling fekk informant 2 fram omgrep som ikkje kom spontant i samtalens. Då informant 2 endra måten å formulera spørsmål på, viste personen ei forståing for det som blei spurd om.

Teikning kan brukast slik at personen som blir avhørt, kan teikna opp situasjonen eller staden det kan ha skjedd noko. Det kan også brukast til fargelegging; for å roa ned kroppen. I tillegg fortel informantane at det er mogleg å nytta teikningar av kroppen for å sjekka ut omgrep.

Fleire seier at det kan vera vanskeleg for ein del å forstå at teikningane skal representera kroppen til personen. Nokre av informantane fortel at dei på grunn av dette føretrekk å bruka sin eigen kropp:

Informant 1: «*Da bruker jeg heller min kropp. Også får de peke på kroppen sin, og så snakker jeg igjennom kroppen. Så får de sette ord på hva de kaller forskjellige delene. Og så. Vi tenker at de skjønner dette gjelder sin kropp. For det er mange som har vanskelig for å overføre, sin kropp til en tegning. De klarer ikke å se at dette er min.*»

#### 4.5.2 Kjenslekort

Informant 4: «*Følelselskort har jeg brukt noen ganger. (...) For å se etter om de klare å være i kontakt med sine føle, - når at de er lei seg, hva betyr det? Kan du fortelle meg om en gang du var lei deg? Liksom se etter om de klarer å...og bare om de vet forskjellen på å være lei seg og sint, eller sånne ting.*»

Kjenslekort kjem i mange ulike variantar. Nokon av dei som informantane har brukt, er smileys, teikna fjes eller bamsar. Alle har til felles at kvart kort representerer ein av dei basale

kjenslene; som til dømes sint, glad, trist eller redd. Den eine informanten fortel at korta berre vert nytta dersom det er behov for det. Ein annan informant har reflektert over bruk av bamsekort til vaksne. Informanten fokuserer på at introduksjonen av korta er avgjerande, og kan ha meir å seia enn bruken av forskjellige fjes til ulike aldersgrupper.

#### **4.5.3 Stressregulering**

*«For noen som er litt sånn, motorisk urolig, så kan de ha plastilina eller stressballer; noen kan sitte og tegne. (...) Vi tilrettelegger for det som fungerer best. Vi må liksom ikke gå utover konsentrasjon og kommunikasjon i stor grad.»* Informant 5

Alle informantane har ved fleire tilfelle brukt plastilina i avhøyr. Dette kan bidra til å kanalisera ut uro i kroppen, og hjelpe vitnet til å vera meir til stades og halda på fokuset. I følgje informant 1 kan det gjera at dei kan få til å forklara seg betre. Stressball har også same effekten.

#### **4.5.4 Pause**

Informant 1 fortel at han eller ho som blir avhøyrt, kan visa signal på at personen har behov for pause. Det er ikkje alltid sikkert at ein treng å forlata rommet, men dersom avhøyraren ikkje følgjer med på signala, kan ein risikera at vitnet berre går frå avhøyret.

Informantane kan sjølv bruka pausen til å få hjelp frå barnehuset for drøfting av kva type eventuelle endringar som må bli gjort i den neste sekvensen. Det kan til dømes vera behov for å forandra spørsmålsformuleringar; dersom ho eller han ikkje forstår spørsmåla Vurderinga kan og berre enda ut i ei stadfesting om at ein skal halda fram som før.

#### **4.5.5 Tolk**

*«Vi bruker jo mye sånn fortell, beskriv, forklar. Og det er jo ingen naturlig måte å snakke og kommunisere på. (...) De tingene der syns jeg forsvinner litt i den der, i tolkesettingen.»*

Informant 2

Nokre av informantane har gjort seg opp tankar når det gjeld bruk av tolk i avhøyr. Tolken kan verka inn på inntoning, relasjon og spørsmålsstilling.

Informant 3: «*Det synest vi med vanlige tolk og. Kan jo hemme kommunikasjonen og da, og så må vi være helt sikre på at det blir sagt riktig. Så kan de mangle ordene, og da og liksom som vold? Har de kanskje ikke et tegn for ikke sant. Så da må vi, da er det jo vi plutselig da som må begynne med å slå da, men så har de kanskje bare blitt klypt eller lugga, så hvordan kan vi vite da at det blir riktig den informasjonen vi får?*

I følgje informant 2 er det stor skilnad mellom tolkane. Dei som vender seg til avhøyraren og seier i frå at personen ikkje forstod spørsmålet, er tolkar som kan gjera situasjonen trygg.

#### **4.5.6 Hjelpemiddel som allereie er ein del av DCM-metoden**

Informantane stadfestar at dei nyttegjer seg av retningslinjene som er ein del av DCM-metoden; ved å bruka følgjeperson og at dei gjennomfører avhøyr på barnehus.

Følgjepersonen kan vera inne på bakrommet, og komma med innspel dersom ein ser behov for det. Det skjer at den som blir avhørt, ikkje ønskjer dette: Det kan vera ubehageleg å fortelja om sensitive hendingar når ein veit at folk som ein kjenner godt, også skal høyra på. Det er vidare mogleg for følgjepersonen å vera med inne i sjølve avhøyrrommet, men alle informantane fortel at det ikkje er ønskeleg, då det kan verka inn på kommunikasjonen: «*det blir: "si det du, si det du, du vet jo at jeg sa til deg i går... si det du. (...) For at da blir det ikke deres forklaring.*

I tillegg til å støtta avhøyrar i pausen, kan barnehuset hjelpa til med å kjøpa inn litt mat og drikke dei har fått vita på førehand at den avhørde liker - og kan få i pausen.

### **4.6 Utvikling**

«*Hvis det blir gjennomført si maks 70 avhør i året, det skal fordeles ut over hele politinorge, så er det ingen avhørere som får noe erfaring, altså du får kanskje en eller to i året da. Du får, så får du, ingen erfaring. Vertfall veldig, veldig lite.*

Ein del av ansvaret i yrkesrolla, er å sikra gode avhøyr. Dette oppmodar ei utvikling av eigen praksis og av ferdigheiter knytt til bruk av spesifikke hjelpemiddel i avhøyret.

Eg vil her skildra korleis informantane utviklar sine kunnskapar gjennom praksis i samarbeid med kollegaer. Etter gjennomgang av materialet - med utgangspunkt i problemstillinga, har det vist seg at evaluering og utvikling av eigen praksis er ein viktig del av korleis politiet utviklar si forståing for korleis dei kan nyttegjera seg av ulike hjelpemiddel.

Alle informantane fortel at dei deltek på fagdagar i regi av Kripes i laupet av året. Utover dette er det litt varierande kva informantane fortel.

#### **4.6.1 Kompetanseutvikling**

Alle informantane fortel om behovet for å vidareutvikla praksisen sin, slik at den kjem den som skal bli avhøyrt til gode:

Informant 2 seier: «*Jeg skal på en måte ikke forkludre forklaringa. Jeg vil gi best mulig mulighet til å gi en god forklaring. Og vi må jo hele tiden utvikle oss vi og. Og det gjør vi jo best ved, ved å få tilbakemeldinger fra de rådgiverne. Og ikke minst fra, det er også fordel med å jobbe i avsnitt, jeg har jo, flere av de som jeg jobber med er jo også TA og SA-avhørere. Så vi spiller jo hverandre god og. Og jobber med hverandre.*»

Den eine informanten sender inn avhøyr til Kripes for å få konstruktiv tilbakemelding på kva som kan bli gjort annleis. Denne måten å få tilbakemelding på, er uavhengig av politidistriktet ein er knytt til:

Informant 1: «*enkelte avhør som, som jeg får tilbakemelding på som jeg har sendt inn til Kripes, og som jeg ber om at de går gjennom, og får konstruktiv tilbakemelding på. Og da. For de er jo, de er god. Og de gir tøff tilbakemelding. Men det trenger en. Så der får du ennå mer konstruktiv tilbakemelding. Der og der, så gjorde du sånn og sånn. Dersom du hadde gjort sånn og sånn og sånn i stedet, sagt det eller gjort det eller kutta ut det. Så kanskje? Men ikke sikkert, så har det, kunne gått at, å klart mer fri fortelling for eksempel. Ikke begynn for fort på sonderinga. Vær meir stille. Altså sånne ting. Så det trenger ein. Ein må ha den tilbakemeldinga.*»

#### **4.6.2 Organisering og stilling**

Fleire av informantane snakkar om korleis arbeidssituasjonen kan verka inn på moglegheita til å få gjennomført evaluering av avhøyr. Informant 5 arbeider i ei faggruppe med tett samarbeid. Ein del av arbeidsoppgåva dei har, er å reisa rundt og bistå politidistrikta i gjennomføringa av avhøyr. Dei andre informantane arbeider på forskjellige politistasjonar. Informant 3 opplever at dei ikkje har eit så stort handlingsrom til å kunna prioritera vekk saker:

Informant 3: «*På Kripes så har de, veit jeg de. De har mye mer evaluering og sånn. Men de kan jo styre dagen sin mye mer. De kan jo bare si at: Nei, vi har ikke kapasitet til å bistå. Det kan ikke vi. Når vi fikk en akuttsak etter lunsj på mandag, så da blir det jo ikke middag den dagen. Da må vi jo bare alle mann til pumpene og så er det jo. Ja. Får da en i varetektså må det jo følges opp med etterforskingsskritt der. Så kommer det to nye saker i går og så kom det en ny i dag og da. Da blir det ikke evaluering altså.*»

Informant 2 fortel at det er ein stor skilnad frå å jobba i avdeling til å jobba i spesialavsnitt. No er det meir tid til å førebu seg, medan det tidlegare berre var å ta det som kom, og flytta fokuset frå det ein held på med.

#### **4.6.3 Vi møtast på barnehuset og går gjennom avhøyra til kvarandre**

Organiseringa av dei ulike politidistrikta kan også verka inn på moglegheita dei har til å få og gje tilbakemeldingar. Både informant 1 og informant 4, som hører til det same politidistriktet, viser til at dei har jamlege samlingar saman med barnehuset:

Informant 1: «*Og så går vi også vi som har den utdanninga her, kanskje en gang 3.kvar mnd, så møtes vi her på barnehuset saman, med eller en psykolog, og så går vi gjennom hverandre sine avhør, og analyserer og, og ja, for da lærer vi jo mye på det, at vi sånn at vi kikker på hverandre, ja.*»

Informant 3 viser til at i sitt politidistrikt er det ikkje høve til å få noko systematisk gjennomgang og evaluering av eit avhøyr: «*Men som regel, vertfall her gjør vi det, så vi alltid etterforsker som følgjer avhøret som da sitter og skriver da. Så kan vertfall ta en prat med den etterpå. Men, den har jo gjerne ikke utdanninga opp mot de sekvensielle avhørene. Så då blir det med barnehuset, syns jeg kan være fint å sitte, visst man har tid til det, en prat etterpå da. Tar et kvarter- tjue minutt da. Da får en gjerne tilbakemelding på vertfall opp mot hvordan en har møtt det mennesket. Og så må en jo snakke med avhørsleder opp mot traff vi på*

*straffesaka. Fikk vi belyst det straffbare? Og ja, men ikke noko systematisk nei.»*

Informant 3 trekker fram at det er mogleg å snakka med nokon i etterkant av avhøyret. Samtalen kan gå ut på korleis formelle sider ved avhøyret er blitt varetatt, og korleis personen som kom til avhøyr, blei møtt. Dette står i kontrast til dei to informantane som hører til same barnehus, og som viser til at dei får hjelp til å analysera avhøyra sine frå ulike synsvinklar:

I 4: «*også er det jo gjerne sånn at det er kanskje greit å ta et avhør som ikke har gått så bra. For da ser du hva er det som du gjør her som gjør at det ikke går så bra. Hva har jeg, hva kunne jeg ha gjort annerledes? Hvordan ville du ha gjort det her? Og, så vi er jo veldig sånn, vi er jo veldig trygge på hverandre da, at vi må jo, og så vi bretter jo oss veldig ut selv, i forhold til at her.*»

Informant 4 ber om å få tilbakemelding på eit avhøyr som det ikkje har gått så bra med; for å sjå etter korleis ting kan bli gjort annleis. Dette kan tyda på at tryggleik mellom kollegaer gjer at det er lettare å vera open med dei andre om kva informanten synest har vore vanskeleg eller utfordrande.

Informant 1: «*Og så ser på alt mulig da. Velger oss et tema, ser på inntoning, tilnærming, kommu..ja. Kontaktetablering for eksempel, og så ser vi på det i lag. Så får, får de barnehusansatte, ut i frå det vi ønsker, si hva de tenker om det. Hva ser dem? Hva kunne vi gjort annerledes? Og så sitter vi og diskuterer det i lag.*»

Ut ifrå det som blir sagt, kan ein sjå at der informanten arbeider, er det mogleg å kunna gje og få tilbakemelding på eit spesifikt område. Det kan vera ein god moglegheit til å kunna få vidareutvikla fleire sider ved sin eigen praksis; ved å variera kva ein fokuserer på.

## 4.7 Avhøyret sin funksjon

«*Så fort en skal bruke hjelphemidler som bevis er det viktig at det blir riktig*». Informant 3

Nokre av informantane hevdar at forsvararane er veldig kritiske til bruk av hjelphemiddel. Difor er det viktig å tenka gjennom kva ein skal nytta, og om ein i det heile må bruka hjelphemiddel for å kasta lys over saka. Påtalemakta vurderer truverde og pålitelegheit. Informantane fortel at det er juristen som tek avgjersler: Både på bruk av hjelphemiddel,

korleis ein skal gjennomføra avhøyret - med tanke på kor langt ein kan gå - og på korleis formelle krav skal bli tatt vare på.

#### **4.7.1 Skal vera eit bevisopptak**

Informant 2 fortel at det blir ein annan måte å prata på når dei skal snakka om ting som skal stå seg i retten. Dermed treng avhøyraren å vera sikker på at vedkommande forstår det informanten både seier og pratar om.

For at det skal stå seg i retten, hevdar Informant 3 at det er viktig at det ikkje blir noko feil i etterforskinga. Informant 3: «*Da står forsvarere der da: Ja, men nå ser vi jo, her ble det lagt spørsmål i munnen på det barnet. Hvordan kan vi stole på at det ikke har skjedd tidligere i etterforskningen?*»

#### **4.7.2 Det går utover pålitelegheita**

Det er ein konsensus hos informantane at fri forteljing gjev lågare grad av påverknad frå avhøyrar si side enn når forteljinga vert knytt til oppfølgingsspørsmål. Informant 5 utdjupar dette, og viser til at fri forteljing ut ifrå eit vitnepsykologisk perspektiv vil vera det som gjev høgast pålitelegheit.

Så fort vitnet ikkje har moglegheit til å komma med ei fri forteljing, må avhøyraren legga lista lågare, og kanskje vera meir tydeleg. Dette går ut over pålitelegheita - i følgje informant 5.

Informantane viser til at i tillegg til spørsmålsformulering, er pålitelegheita avhengig av gode refleksjonar - og om desse er knytt opp mot kjensler og detaljar i eit tidsperspektiv.

Ut ifrå dette gjer påtalemakta ei vurdering om det vitnet seier er noko vedkommande har opplevd eller blitt fortalt.

Informant 3: «*Sånne refleksjoner når du bli tatt på (...) Det styrker påliteligheten i en forklaring da. Kontra en som bare: Og så satt jeg der og så bare tok. Men forklarer seg på den måten og. Men det er, vanskeligere kanskje å få de sakene gjennom, enn en som reflekterer rundt det man sier selv da. Og da igjen går det jo litt på kommunikasjonen og da. Og den der stakkaren som ikke klarer å uttrykke seg så godt da, kommer jo ofte til kort. Vi henlegger jo mye saker.*»

Informant 4 fortel at nokon treng mange spørsmål, medan andre hoppar i kronologi. Og i nokre tilfelle kan dei ikkje få fri forteljing; ho eller han som blir avhørt, treng konkrete spørsmål, og ein må "ned i trakta". Informanten trur likevel ikkje at det er så farleg om dei i nokre tilfelle må retta leiande spørsmål for å komma inn på ulike forhold. Dei må likevel stilla mange spørsmål rundt temaet: «*Har ein slått? Ja. Fortell meg hvor?*». Informant 4

Informant 1 har prøvd å gjennomføra avhøyr med ein som hadde peikebok: «*Har sittet med sånn bok, der personen ikke har språk. Der han har pekebok, og prøvd å avhøre der. Og da var jeg her på skolen og snakka med han først, og han, vi, han ble først kjent med meg da. Men det er....vi prøvde det, men det er. Han kan ikke forvente noe mye da. Og det er ikke mye bevisverdi i det.*»)

#### **4.7.3 Du har ikkje rom til å gjera feil**

«*Du har på en måte ikke rom for å gjøre feil. Ja, vi skal gjøre vårt beste hele tiden. (...) Dette er kanskje den muligheten vi har til forklaring fra den personen.*» Informant 2

Informant 4 fortel at mangel på formaning eller sikring, er døme på formelle feil som kan leia til at avhøyret ikkje blir brukt som bevismateriale. Vidare seier informanten at dette skal bli gjort ut i frå vedkommande sitt nivå, noko som er ei ekstra utfordring dei møter når dei manglar papir på at vedkommande har ein diagnose.

Nokon av informantane fortel om menneske som er i gråsona. Det er personar som ikkje har fått ein diagnose, men som kanskje kunna hatt det likevel. Dei fortel at fleire kan ha utfordringar med å sjå konsekvensar av eigne handlingar. I tillegg, som tidlegare presentert i funn, kan formelle krav bidra til misforståingar for vedkommande, medan manglande stetting av formelle krav kan leia til at avhøyret ikkje kan bli brukt rettsleg.

#### **4.7.4 Du kan aldri gå på akkord med rettstryggleiken**

To av informantane snakkar om rettstryggleiken til den sikta. I tilfelle der vitnet til dømes ikkje har noko verbalspråk, men kan peika på biletet, kan det vera rett å stilla tvilande spørsmål til forklaringa. Dette handlar om korleis rettstryggleiken også til sikta vert tatt vare på.

For at ein sak skal gå vidare, må politiet ha over 95% sannsyn for at noko kriminelt har skjedd.

#### **4.7.5 Kommer ikkje heilt i mål med dei utviklingshemma - nettopp på grunn av mangel på språk**

Informant 3: «*Men å komme i mål med en straffesak når de har så lite mulighet til å uttrykke seg, det tror jeg er veldig vanskelig.*»

I følgje informant 3 kan ein stilla spørsmål til om det ut frå biletpeiking er mogleg å vita at noko uakseptabelt faktisk har skjedd. På grunn av mangelfullt språk, og kan henda også manglande evne til å formidla seg på ein måte som gjer at forklaringa kan brukast i ei straffesak, er det ikkje alltid at ein kjem heilt i mål. Sjølv om ingen vert straffa, legg informant 3 likevel positiv vekt på at det å hindra ugjerningar for framtida, også er ein prioritet.

Informant 5 viser til at det i snitt tar omlag 17 år før eit offer vågar å fortelja om overgrep. Dermed er sannsynet for at vedkommande skal snakka om det, i utgangspunktet ganske lågt. Vidare kan kommunikasjonen vera svært avgrensa, og det kan vera vanskeleg for ho eller han å fortelja om kva som har skjedd: «*Og for de med utviklingshemming er det vanskelig å fortelle. Ting blir ennå vanskeligere når en ikke klarer å kommunisere sammen på en god måte fordi kommunikasjonen er begrensa*»

Informant 2 fortel at for dei som ikkje kan uttrykka seg så godt verbalt, må ein fokusera på at avhøyret berre er ein del av eit større bilet. Det som kjem fram av informasjon, må ein avkrefta eller stadfesta ved hjelp av andre, eller gjennom vidare undersøkingar. Avhøyret kan ikkje stå for seg sjølv. Dette er noko informant 5 også har reflektert over:

«*Når saker blir henlagt da så, er det mange som tenker at ja, men politiet, eller rettsvesnet tror ikke på de. Men det er nok heller det at puslespillet er ikke ferdiglagt. Det mangler for mange brikker i puslespillet.*»

## 5 Drøfting

Som resultat av analysen, har eg funne at informantane snakkar om ei rekke ulike aspekt ved bruken av hjelpemiddel i tilrettelagte avhøyr. Dei fortel om kva dei ser på som hjelpemiddel, og korleis førebuingar verkar inn på bruken av hjelpemidla. Dette blir drøfta under forskingsspørsmålet «*Kva kunnskap om ulike hjelpemiddel og erfaring er det politiet sjølv kjem med?*»

Vidare snakkar dei også om ansvaret dei har i yrkesrolla, moglegitene dei har for å utvikla seg på fagfeltet og om kvaliteten på avhøyr. Desse utsegna blir drøfta under forskingsspørsmålet «*Korleis opplever politiet at praksisen verkar inn på tilrettelagte avhøyr av menneske med utviklingshemming?*».

Til sist blir dette sett i samanheng med det siste forskingsspørsmålet: «*Korleis kan ein nyttja spesialpedagogisk kompetanse om kommunikasjon inn mot tilrettelagte avhøyr?*».

### 5.1 Kva kunnskap om ulike hjelpemiddel og erfaring er det politiet sjølv kjem med

#### 5.1.1 Hjelpemiddel

Det kjem fram at dei ikkje har nokon hjelpemiddel som spesifikt er tilpassa til dei som har ei utviklingshemming. Hjelpemidla som nyttast, er dei same for barn og unge.

Vidare er det varierande erfaring med å avhøyra nokon som har behov for ekstra kommunikasjonsstøtte. Nokre av informantane seier at dei ikkje har brukt dette. Andre fortel at dei har litt erfaring, men at avhøyra omhandlar ei gruppe dei ikkje kjem "heilt i mål" med. Eit dårleg verbalt språk, eller mangel på verbalspråk, let seg ikkje sameinast med ein metode som tek utgangspunkt i at fri forteljing er det som er mest påliteleg.

Det vert anbefalt at rettspleia bør laga ei oversikt med omgrep og nøkkelord i rettssystemet som kan nyttast når nokon bruker ASK (Bornman, 2010). Dette kan bidra til å skapa betre oversikt, og det kan vera mogleg i forkant å inkludera det i språket til han eller ho som skal inn til avhøyr.

Informantane har ei kritisk tilnærming til bruk av hjelpemiddel. Dersom det ikkje ligg føre behov, er det heller ikkje naudsynt å nytta dei. Dette kan vera ei sanning med behov for modifikasjoner. Personar som har velfungerande verbalt språk, kan ha nytte av visuell støtte for å understreka det dei formidlar, og kan betre forklara seg gjennom å få demonstrera hendingar ved hjelp av rekvisita (TAG, 2015).

Det er ikkje sikkert at bruk av visuelle hjelpemiddel vil redusera kvaliteten eller pålitelegheita i eit avhøyr dersom det blir nytta for å støtta opp under tema som avhøyrar spør om. Det er framleis mogleg å stilla opne spørsmål.

Det vert i mindre grad snakka om visuelle hjelpemiddel som kan bidra til å etablera kommunikasjonsreglar og gje visuelle responsval. Fleire som kan ha nedsett reseptiv forståing eller ekspressive vanskar, kan ha nytte av visuell støtte i samband med å prosessera og forstå og svara på spørsmål. Det kan også vera lettare å peika på at "eg forstår deg ikkje" enn å seia det.

I gruppa av hjelpemiddel som kan bidra til å regulera ein mental tilstand, kjem det fram at alle har brukt plastilina - og nokre også stressball. Funksjonen her er å få roa ned kroppen til den som vert avhøyrt, og hjelpa vedkommande til å halda på fokuset. Det er ikkje alle informantane som kallar det eit hjelpemiddel - sjølv om dei skildrar kva formål og bruksområdet det kan ha i eit avhøyr.

Tolk kan opplevast som utrygt for den som gjennomfører avhøyret. Ein har ikkje alltid like god kontroll på korleis spørsmål blir stilte gjennom tolken, og om personen har forstått spørsmålet rett. Tolk er likevel ein ressurs for begge partar.

Ut ifrå korleis spørsmålet stillast, vil vedkommande svara på det. Manglande samarbeid mellom tolk og avhøyrar i forkant av eit avhøyr, kan leia til at vitnet svarar feil på spørsmål som ho eller han kunne ha svart rett på dersom formuleringa var annleis.

Eit døme: Når det gjeld teiknspråk, er det fleire nyansar knytt til handlinga "slag". Dersom ein ved å visa ei flat hand stiller spørsmål om vedkommande har blitt slått, kan svaret verta nei - då vedkommande ikkje kjenner att dette. Personen kan heller ha blitt slått med ein knyttneve. Ved å formulera spørsmålet slik at den som vert avhøyrt kan få visa korleis ei faktisk handlinga blei utført, vil dette kunna bidra til ein rettare informasjon.

Olsen, T., Kermit, P., Rønning, H., Hustad, J. H. & Eriksen, J. (2016) har gjennomført eit litteraturstudie på tilhøve hos menneske med nedsett funksjonsevne. I dette studiet fann dei ikkje nokon publikasjon som tematiserte kommunikasjon og tolk som eit eige område med rettigheitar. Dette kan tyda på at fagområdet er underprioritert, og stadfestar at det tidlegare har vore ei manglande interesse for feltet. Retten til å bli høyrt og å kunna uttala seg i saker som angår ein, er ein grunnleggjande føresetnad for rettstryggleiken.

### **5.1.2 Førebuingar**

Kripos har valt å fokusera på, og prioritera tid til, førebuingar i staden for spesialisering på diagnostar eller spesifike område. Det vert lagt ned ekstra mykje arbeid når eit vitne har ein diagnose. Informasjon i forkant av avhøyret blir sendt til både følgjeperson og den som skal bli avhøyrt. Her viser informantane til fleksibilitet og forsøk på å tilpassa informasjonen dei sender til vedkommande; med utgangspunkt i det dei veit om ho eller han på førehand.

Tiltaka som vert gjort, kan seiast at byggjer på å fremja tryggleik og tydelege rammer for den som kjem inn til avhøyr (Langballe & Gamst, 2007).

Dei nyttar informasjon innhenta i forkant når det gjeld korleis dei skal tilpassa seg vedkommande, kva hjelpemiddel som kan vera aktuelt å nytta og samtaletema han eller ho likar godt å snakka om. Dette kan vera med på å byggja tillit og relasjon til avhøyrar; det tyder på at denne syner interesse for personen. I følgje informantane kan gode førebuingar bidra til at dei handterer upårekna ting i avhøyret betre.

Samarbeidet med barnehuset står fram som viktig for politiet i samband både med innhenting av informasjon og med planlegging av disposisjon. Sjølv når ikkje planen vert aktivt nytta av avhøyraren, kan førebuinga bidra til at avhøyrar er trygg i situasjonen; noko som kan smitta over på han eller ho som kjem inn til avhøyr.

## **5.2 Korleis opplever politiet at praksisen verkar inn på tilrettelagte avhøyr av menneske med utviklingshemming?**

Informantane skildrar at praksisen i dag er mykje betre enn korleis det var før endringane i 2015. Støtta dei får frå barnehusa, er til stor hjelp. Desse kan bidra med kunnskap og kompetanse som avhøyrarane sjølv ikkje har.

Moglegheitene dei har til å få utvikla kompetansen sin på å avhøyra menneske med utviklingshemming, verkar inn på den direkte bruken av hjelpemiddel og på tilnærming i avhøyret. I tillegg må dei vurdera hjelpemiddelbruk opp mot korleis det kan stå seg i retten.

### **5.2.1 Rolla som tilretteleggjar**

Det er fleire ting som kan by på utfordringar for ein med diagnosen utviklingshemming i møtet med rettssystemet. Til dømes er det eit stort skilje mellom vanleg kvardagsspråk og det rettsleg formelle. Dette språklege skiljet kan verka inn på korleis den som skal vitna forstår situasjonen, og vidare på korleis ho eller han klarar å uttrykka seg.

DCM-metoden skal bidra til å sikra kvalitet på avhøyret ut ifrå idealet om fri forteljing. Dei skal i teorien vera godt trente på å fremma formuleringar som ikkje er leiande, og som skal bidra til å opna opp for samtalens. Metoden ligg til grunn for korleis dei gjennomfører avhøyra, og kan få fram ei best mogleg forklaring. Vidare ligg det eit stort ansvar på den som gjennomfører avhøyret; når det gjeld kommunikasjon, samspele og tilpassing ut i frå vedkommande sitt behov.

Den eine informanten skildra dette som ein dans:

*NR2: «...må huske på og væremåten min. Den der blikkontakt, smil, peking, tegn, symbol, fysisk kontakt, sittestilling, dialogiske samspillet, turtakingen. Alt dette her det er den dansen. Der innretter den du avhører seg etter, og den skjønner metodene. (...) Visst at det er, er at noe som du glipper på, som må du ta det tilbake. Beklager. For å rette opp, og da kan en gå videre igjen. Så at du, du må være hele tiden bevisst på det. Og det er jo et, det viktigste hjelpemiddelet. Deg selv, hehe, på et vis. Så det er, men det ligger dersånn. Det er der bare. Men du må kunne det. Du må være bevisst det og du må hele tiden repetere. Så du, du kommer aldri i mål på et vis. Du må, hehe, du må være ydmyk på.»*

Dansen kan i dette tilfellet vera eit bilet på korleis dei ulike eigenskapane som tidlegare har vore vist til i rolla som tilretteleggjar, blir nytta i praksis. Den kan spegla kompleksiteten i samspelet mellom avhøyrar og den som blir avhørt; sett saman av både verbal og nonverbal kommunikasjon. Avhøyrar er førar av dansen, og har ansvar for at den som blir avhørt, er med på det som skjer. Dermed må ho eller han vera observant når det gjeld korleis

kroppsuttrykk kan bidra til å gjera dansen meir synkronisert - eller motsett til å stykka den opp.

Dersom noko avvikande skjer undervegs, har avhøyraren ansvar for å retta det opp før ein kan gå vidare. Dansen er unik frå gong til gong. Dermed må ein stadig repetera. Eg tolkar dette som eit uttrykk for audmjukheit og forståing for at oppgåva er noko ein ikkje kan meistra fullt og heilt. Men ein gjer "så godt ein kan".

### **5.2.2 Avhøyret sin funksjon**

Avhøyret skal fungera som bevismateriale, og det blir filma for å hindra at barnet eller den sårbare vaksne treng å møta opp i retten - og forklara seg der (Bufdir, 2018).

Avhøyre handlar også like mykje om å få avkrefta som å få stadfesta om noko uakseptabelt har skjedd (Langballe & Gamst, 2007).

Ansvaret til avhøyraren er å sikra kvalitet på avhøyret, og oppnå best mogleg bevisverdi. Denne blir vurdert ut ifrå pålitelegheita og truverdet til forklaringa. Det er semje blant alle informantane om at det er fri forteljing som gjev best mogleg pålitelegheit, då den inneheld minst grad av påverknad frå avhøyraren. Ei fri forteljing kan også bidra til å få fram informasjon som kan etterprøvast seinare. Dersom ein må byrja med å stilla lukka spørsmål for å få vedkommande til å forstå og svara på dei, vil pålitelegheita bli vurdert som lågare. Mindre spontan og fri forteljing leiar i større grad til at ein kan stilla spørsmål ved om noko uakseptabelt har skjedd eller ikkje.

På grunn av dette, vil forklaringa til ein som ikkje har eit godt verbalt språk, lett bli vurdert til å vera mindre påliteleg.

På den andre sida finst det forsking som viser til at sjølv om forklaringane ikkje er like beinveges og detaljerte som andres, kan dei likevel vera korrekte (Gudjonsson & Henry, 2003).

Som det kjem fram av intervjuaterialet, må avhøyraren arbeida ut ifrå eit omsyn til rettstryggleiken til begge partar. Dei gjev uttrykk for at dei er klar over dilemmaet dei står ovanfor. Det eksisterer ikkje eit mål om å få straffa nokon for kvar ein pris. Dette er i tråd med Grunnlova (§96), der det heiter at «alle har rett til å bli rekna som uskuldige til skuld er

prova etter lova». Dermed er det mogleg å tenka seg at det i denne samanhengen er rettstryggleiken til den mistenkte som har hovudfokuset.

Tilrettelegginga i sekvensielle avhøyr kan vera forsøk på å gjera noko med rettstryggleiken til den som er potensielt fornærma.

Ved å nytta tid på førebuingar og innhenting av informasjon, viser informantane til at dei er med på å leggja forholda til rette for at den som vert avhørt skal få sjanse til å komma med ei best mogleg forklaring.

Frå intervjuaterialet kan det sjå ut som om dei er klar over at det her gjeld ei gruppe av menneske som ikkje alltid klarar å stetta dei krava eit avhøyr stiller for å kunna fungera som eit godt bevismateriale.

Informantane gav uttrykk for at det er fleire saker som blir lagt vekk, då dei ikkje har noko fysisk bevis som kan stadfesta eller byggja opp under forklaringa til vedkommande.

Her kan det altså oppstå eit gap mellom føresetnadane til individet og krava som vert stilte til det. Korleis ein kan gjera noko med det, verkar heller litt uklart for informantane. I ein metodikk der fri forklaring blir rekna som det mest pålitelege, er det lite rom for forklaringa til ein som ikkje meistrar å innfri dei spesifikke krava.

Ivaretaking av menneskeverdet til den som vert utsett for noko kriminelt, gjeld uavhengig av om forklaringa kan brukast som bevismateriale i ei sak eller ikkje. Å bli kalla inn til avhøyr, kan symbolisera at «eg» blir truidd, og at dei tok «meg» på alvor. Prosessen rundt eit avhøyr kan vera viktig i seg sjølv, både for å få gå gjennom erfaringar, og for at systemet rundt kan komma med tiltak i korleis vedkommande bør bli følgt opp i etterkant.

Dette viser tilbake til korleis prosessuell rettstryggleik kan vera ein verdi i seg sjølv; som eit uttrykk for å syna respekt for den involverte parten (Haugli, 2010).

Gruppa som informantane refererer til er i gråsona, vil vera ekstra sårbar i denne samanhengen. I mangel på papir som dokumenterer at dei har diagnosen psykisk utviklingshemming, må dei ut ifrå biologisk alder følgja krav til sikring eller formaning.

Ein av informantane fortel at dette kan leia til at resten av avhøyret blir øydelagt: Det vert skapt rom for forvirring. Dersom ho eller han ikkje tør eller greier å seia ifrå om at vedkommande ikkje forstår det dei snakkar om, kan svara verta det personen trur avhøyrar ventar som svar (O'Mahony, Milne & Grant, 2012; Gudjonsson & Joyce, 2011; Ellis & Luckasson, 1985).

Kan avhøyret stå seg i retten når det skal bli vurdert av utanforståande som ikkje veit korleis dei skal verdsetja innhaldet? Dei som skal vurdera pålitelegheit og truverde, kan sjå på forteljinga som fakta, og vurdera det objektivt - utan nokon kjennskap til kva som ligg til grunn for dei vala avhøyraren har gjort i kommunikasjonen. Det er ikkje alltid at avhøyrarane blir kalla inn for retten; slik at dei kan fortelja om dei vala som er tekne under avhøyr.

Kva skal tilpassinga tena til dersom avhøyrsmaterialet ikkje blir følgt opp vidare i rettspleia?

### **5.2.3 Utvikling av ferdigheiter**

Eit tilrettelagt avhøyr dreier seg både om haldningar og veremåtar politiet har i møte med den som skal bli avhørt. Langballe & Gamst (2007) viser til at det handlar om empatiske kommunikasjonsferdigheiter. Dette kan ikkje lærast gjennom nokre enkle prinsipp og teknikkar. Det tek tid å utvikla empatiske kommunikasjonsferdigheiter.

Skau (2008, s.54) hevdar at «hvis vi ikke tilfører vår egen utviklingsprosess bevissthet og energi, vil den forfalle og vår personlige kompetanse vil stagnere og visne.». Den personlege kompetansen tek lengst tid å utvikla, og er ein kombinasjon av menneskelege kvalitetar, eigenskapar og ferdigheiter som vi tilpassar til og nyttar i ein profesjonell samanheng (Skau, 2008).

Å oppnå meir erfaring med å gjennomføra tilrettelagte avhøyr, og få hjelp til å evaluera dei i etterkant, vil vera ein viktig del av kompetanseutviklinga.

Jamfør Dreyfus & Dreyfus (1986) blir erfaringar lagra som minne. Nye erfaringar bidreg til å gjera endringar ved eldre planar, og forventingar ein har til seg sjølv kan verka inn på dei handlingane ein utfører. For å kunna vidareutvikla ein ferdigheit, er det både behov for mange nok erfaringar, men også for høve til å gå gjennom dei og reflektera over handlingane.

Informantane har masse erfaring i å gjennomføra avhøyr, men avhøyring av menneske med ulike diagnosar er ein ferdigheit dei gjev uttrykk for at dei treng å vidareutvikla. Ei utfordring dei møter på, er at det ikkje blir gjennomført så mange avhøyr av denne gruppa i laupet av eit

år på dei ulike stadane. Vidareutvikling av ferdigheitene kan vera avhengig av samarbeid med andre.

Informantane fortel korleis dei går gjennom mindre vellukka avhøyr; for å sjå på korleis noko kan bli gjort annleis. Når ein reflekterer saman med andre, kan det vera lettare å setja ord på eigne handlingar; då dei vert gjenstand for merksemda vår (Postholm & Jacobsen, 2011).

I følgje Dreyfus (2004) er å kunna distansera seg kjenslemessig frå ei oppleving, ein viktig del i utviklinga av ferdigheiter. Auka refleksjon og forståing for korleis ein sjølv kan bidra til å fremja eller hemma kommunikasjon, kan hindra ein i å gjera dei same feila fleire gonger.

Tilbakemeldingar og evaluering i lag med andre kan vera med på å fremma ei slik forståing. Kollegial gjennomgang av tidlegare avhøyr kan bidra til å utvikla og knyta saman den personlege kompetansen, dei yrkesspesifikke ferdigheitene og dei teoretiske kunnskapane. I tillegg kan samarbeid med andre hjelpe til å få ny kunnskap om, og utvikla repertoaret ved, hjelphemiddel, og til å bli betre i å bruka desse ved avhøyr. Det er eit viktig ledd i ferdigheita å kunna leggja til rette for ein praksis som er best mogleg tilpassa dei som av ulike grunnar kjem under nemninga særleg sårbare.

Skal det vera mogleg for ein med diagnosen utviklingshemming å utøva sine rettar, er det naudsynt med ei tilrettelegging som tek utgangspunkt i kva ho eller han treng. Her kjem utøving av lokalt skjøn til - som både kan svekka og styrka rettstryggleiken.

Det kjem fram i intervjuaterialet at praksisen for evaluering varierer i dei ulike politidistrikta. Nokon har faste samlingar, medan andre arbeider i avsnitt med kollegaer som har same type spesialisering. Det blir vist til tett samarbeid med barnehus. Nokre manglar høve til å få konkrete tilbakemeldingar på avhøyrmetodikken utanom dei årlege samlingane; på grunn av høgt arbeidspress og lite tid.

Dersom utviklinga av personleg kompetanse skjer utan plan, vil dette kunna verka negativt inn på eit kollektivt løft som styrker profesjonaliteten (Skau, 2008).

Refleksjon saman med andre kan bidra til å utvikla kompetansen til fleire. Det kan også hjelpe til å auka motivasjonen for å arbeida med tilrettelagte avhøyr, og til å førebyggja å verta utbrent i yrket (Powel, 2002).

Refleksjonane dei gjer seg, er knytt til dei erfaringane dei har fått. Dei ulike stadane kan ha gjort seg ulike erfaringar - som gjev dei kunnskap om forskjellige problemstillingar.

Slik er det mogleg at det blir utvikla ein lokal praksis for korleis ein arbeider med avhøyr.

Denne praksisen kan vera knytt til kva for nokre hjelpemiddel som blir brukt, korleis ein stiller spørsmål eller til dømes korleis ein tek imot nokon som skal inn til avhøyr.

Held kunnskapen seg lokalt, kan dette vera til hinder for ein kollektiv refleksjon som fører til at andre kan ta den i bruk.

Organisering av evaluering og fremming av avhøyrkompetanse på tvers av barnehusa, kan bidra til å danna grunnlaget for vidare utvikling av yrket (Postholm & Jacobsen, 2011; Powell, 2002).

### **5.3 Korleis kan ein nytta spesialpedagogisk kompetanse om kommunikasjon inn mot tilrettelagte avhøyr**

Tradisjonelt har spesialpedagogikken vore knytt til ei medisinsk tenking når det gjeld diagnostar. I dag er det meir fokus på kva som ligg bak åtferd eller diagnose. Korleis kan ein forstå det mennesket ein er i kontakt med? Kva skal til for å kunna oppleve tryggleik og tydelege rammer i ein læresituasjon? Slik kompetanse og kunnskap kan også bidra til å få inn meir tverrfaglegheit i rettspleia når det gjeld tilrettelegging. Det kan fremma ein alternativ horisont til det medisinske perspektivet rettsstellet tradisjonelt byggjer på.

I møtet mellom ulike fagtradisjonar og horisontar, er det mogleg at nye tilnærmingar kan oppstå (Tveit & Cameron, 2016).

Er det råd å tenka seg ein breiare tverrfagleg tilnærming, og som tek utgangspunktet i korleis ein drar nytte av rett kompetanse til aktuell person, diagnose eller hending? Kunnskapen ein får om den einskilde på førehand, kan gje innsikt i kva for behov personen har for tilrettelegging. Vernepleiarar, barnevernspedagogar, sosionomar, psykologar, politi og spesialpedagogar sit med kvar sine kjernekompertansar, og desse kan alle nyttast for å gjera tilrettelegginga meir tilpassa dei behova som ligg føre til dømes ved dei aktuelle avhøryra.

Ein spesialpedagog har kunnskap om kva som er med på å fremja og hemma læring, og kan ha eit større repertoar knytt til kva for nokre hjelpemiddel som støttar opp under

kommunikasjon. Dette kan vera eit supplement til det tverrfaglege arbeidet som allereie eksisterer ved dei ulike barnehusa.

### **5.3.1 Oppsummering**

Oppgåva tek utgangspunktet i at menneske med utviklingshemming har generelle tilpassings- og lærevanskar, og søker ei forståing omkring korleis dette blir tatt høgd for i rettspleia.

Det er heilt individuelt korleis vanskane kjem til uttrykk. Dermed ligg det føre behov for ei tilrettelegging som tek utgangspunktet i den einskilde. Det kan til dømes oppstre problem knytt til ekspressive, reseptive eller pragmatiske vanskar, og som gjer at verbal kommunikasjon byr på utfordringar. Vanskane kan også syna seg i sosialt samspel, når det gjeld å halda på merksemda eller som problem ved skifting av kontekstuelle rammer. Utviklingshemming kan vidare innebera ei nedsett funksjon i å formidla til andre kva ein føler, ønsker og tenkjer.

Korleis kan ein styrka individet til å klara å gjera seg forstått innanfor rettspleia?

Og på kva måtar kan rettsstellet endra eller letta på krava når det gjeld kva som vert forventa av individet?

Ein diagnose kan bidra til å synleggjera vanskar, og hjelpe andre til å forstå personen den gjeld. Diagnosen kan også fremma stigmatisering, og verka inn på dei forventningane andre har til vedkommande. Å halda seg til ein mental alder knytt til grad av utviklingshemming, er eit pedagogisk grep som kan bidra til forenkla syn og forståing for evna til abstrakt tenking. På generelt plan er det verken rettferdig eller dekkande å nytta mental alder i omgang med medmenneske. Det er talet på og innhaldet i dei faktiske leveåra som utgjer samla bidrag til subjektiv livserfaring, og som påverkar personens totale identitet og funksjon. Eit menneske er så mykje meir enn ein diagnose kan gje uttrykk for. Eit slikt tankesett er å finna spor av hos informantane, som viser til at dei kan ha eit levd liv og ei anna livserfaring,

Det er lett synleg at rettsstellet byggjer på eit medisinsk perspektiv i møtet med menneske med utviklingshemming: Tilrettelegging og moglekeit for tilpassing er knytt til om ein har eit papir som tilseier at ein har ein diagnose.

Nytting av hjelpemiddel utover dagens nivå, fordrar at aktørar i heile rettskjeda blir involverte (Dahl, 2018, s.97).

Det ser ut som om det kan eksistere ein mangefull kommunikasjonskompetanse innanfor systemet. Det er ikkje alltid at avhøyrarar blir kalla inn for retten; slik at dei kan fortelja om dei vala som har blitt gjort ved eit avhøyr. Kva har tilpassinga for seg dersom det ikkje blir følgt opp vidare i rettspleia?

Jamfør CDPR kan det seiast at kravet om effektiv tilgang til rettsvesenet ikkje vert møtt på tilfredsstillande måte. Rettstryggleiken til dei som har vanskar med å innfri forventingane, blir ikkje teken godt nok vare på gjennom dagens avhøryspraksis.

## 6 Avslutting

Formålet med undersøkinga har vore å få kunnskap om korleis politiet gjennomfører tilrettelagte avhøyr av menneske med utviklingshemming.

Politiet sine eigne erfaringar, og deira tankar knytt til kva hjelphemiddel dei nyttar, står sentralt.

Problemstillinga som ligg til grunn for oppgåvearbeidet, har hatt følgjande formulering:

*Kva for nokre hjelphemiddel nyttar politiet i tilrettelagte avhøyr av menneske med utviklingshemming, og korleis vert dei nytta?*

Denne problemstillinga er konkretisert gjennom tre forskingsspørsmål, som til saman har danna grunnlaget for datainnsamlinga:

1. *Kva kunnskap om ulike hjelphemiddel og erfaring er det politiet sjølv kjem med?*
2. *Korleis opplever politiet at praksisen verkar inn på tilrettelagte avhøyr av menneske med utviklingshemming?*
3. *Korleis kan ein nytta spesialpedagogisk kompetanse om kommunikasjon inn mot tilrettelagte avhøyr?*

Gjennom semistrukturerte intervju har representantar for politiet skildra korleis bruken av hjelphemiddel er, og løfta fram ulike faktorar som verkar inn både på val av hjelphemiddel og på kvaliteten ved gjennomføring av avhøyr.

Analyseprosessen er presentert i kapittel 4, og viser korleis eg har komme fram til resultata mine.

Resultata har blitt drøfta ut i frå teorigrunnlaget oppgåva byggjer på.

### 6.1 Oppsummerande refleksjonar

Tidlegare har det ikkje vore krav til særleg kompetanse ved gjennomføring av avhøyr når det gjeld menneske med utviklingshemming. Det har heller ikkje eksistert tydelege retningslinjer for korleis ein skal gå fram når ein avhøyrer nokon som treng spesiell tilrettelegging i

situasjonen. Dermed kan det seiast at det har skjedd ei positiv utvikling innanfor rettspleia på dette området dei siste åra.

Samarbeidet politiet har med dei ulike barnehusa, står fram som særskilt viktig.

Barnehusa kan i forkant av eit avhøyr bidra med hjelp til å samla informasjon, til planlegging og i å utvikla disposisjonen for avhøyret. Undervegs kan dei støtta avhøyraren med rådgjeving når det gjeld korleis denne på ein god måte kan møta den som skal avhøyrast.

Dette vert understreka av den eine informanten: «Vi sitter jo og tenker straffesak, mens de sitter jo og tenker ivaretagelse.»

Kritisk sans i vurderinga av kva for nokre hjelpemiddel som faktisk er naudsynt å bruka, og korleis dei vert nytta, er noko alle informantane er opptekne av.

Dei fortel om at hjelpemiddel i dag er knytt til visuell støtte, utdjuping av forklaring, til kartlegging av språk og ved stressreduksjon.

Funna i undersøkinga viser at bruken av hjelpemiddel heng saman med førebuingane politiet og teamet rundt dei gjer i forkant av avhøyret.

Repertoaret svarar til det som blir sett på som anerkjente hjelpemiddel innanfor rettspleia.

Det er lite av hjelpemiddel som er tilpassa dei som har mangelfullt språk og kan ha behov for ASK, og ikkje aktuelt verktøy utarbeidd spesifikt for menneske med utviklingshemming.

Mykje av tidlegare forsking viser korleis ein har tatt utgangspunkt i kva for nokre eigenskapar hos individet som kan leia til utfordringar i avhøyret.

Informantane teiknar eit meir nyansert bilet. Dei framhevar korleis dei gjennom førebuingar gjer meir enn før for å tilpassa seg enkeltmennesket som skal inn til avhøyr. Dei fortel om korleis også dei sjølv kan verka inn på kommunikasjonen, og kan skapa forvirringar i avhøyret. Her legg til dømes spørsmålsformuleringar til grunn, men også årsaker forankra i juridiske formalitetar; som det kan vera vanskeleg å forstå for nokon som ikkje formelt har krav på spesiell tilrettelegging, men kan henda likevel burde hatt det.

Det er derimot nyansar i kva dei tenker om korleis avhøyret sin pålitelegheit vert endra ut ifrå korleis dei stiller spørsmål. Her vert det vist til at det ikkje er sikkert om oppklarande

spørsmål reduserer pålitelegheita, då ein uansett spør vidare om kjensler og refleksjonar knytt til eit eventuelt svar. Dette er det likevel ikkje opp til avhøyrarane å avgjera.

At avhøyrarane i politiet får møta i retten for å forklara seg om tilhøve og om val dei har gjort knytta til avhøyret, ser det ikkje ut til at er vanleg praksis.

Ein av informantane fortel at det i retten ville vore mogleg å seia litt om kva innsyn ein hadde på førehand, om metoden for avhøyr og om korleis den fyrste sekvensen vert brukt til å sjekka ut om vitnet klarar å svara på opne eller konkrete spørsmål. Og av dette: Korleis ein kan leggja til rette for at denne personen vil bli vurdert ut ifrå sine moglegheiter til å seia noko.

Det blir uttrykt eit ønske om at dei vert spurde om å komma i retten og forklara seg - slik at det kan vera lettare for dei som skal sjå og høyra på opptaket av avhøyret, å forstå kva som ligg bak dei vala avhøyraren har gjort.

Førebuingar, moglegheiter for å evaluera eigen praksis og ansvarskjensla i yrkesrolla, er tematikkar som kan overførast til andre situasjoner.

## 6.2 Avgrensingar ved undersøkinga og vegen vidare

Oppgåva byggjer på ei undersøking med eit utval på fem informantar. Alle informantane har tenestested ved ulike politistasjonar, men to av dei høyrer til same barnehus. Dei har alle arbeidd med å gjennomføra slike avhøyr i minst fem år, og har fullført den spesialiseringa det no gjeld eit krav om å ha. Informantane fortel også om ulike stillingar innanfor politiet som kan verka inn på arbeidstilhøva deira. Breidda i utvalet kan ha gjort det mogleg å få kunnskap i om erfaringar dei har er knytte til dei ulike stadane, eller går igjen som fellesnemnarar uavhengig av stilling og arbeidsstad.

Andre informantar ville kan henda formidla andre typar utfordringar og andre perspektiv ved denne tematikken. Gjennom å inkludera rådgjevarar frå barnehus i utvalet, kunne det vore mogleg å få meir innsikt i korleis dei ulike barnehusa er organiserte. Samanlikning mellom rådgjevarar og politi kunne gitt undersøkinga større breidd i dei samla erfaringane om

hjelphemiddel, men ettersom eg var interessert i å ha fokuset på dei som faktisk utfører avhøyra, valde eg eit utval som består av politi.

Spørsmåla mine orienterte seg mest i retning av å få innsikt i kva dei gjer, og ikkje så mykje om kvifor. Andre spørsmålsformuleringar ville kan henda fått fram andre moment og refleksjonar hos informantane. Då dette er eit fagfelt det har vore lite forsking på, vil det vera mogleg for andre å kunna stilla spørsmål til dømes knytt til kvifor praksisen er slik den er, eller til kva som ligg bak dei konkrete vala som vert tekne.

Eg har avgrensa oppgåva til å halda fokus på menneske med utviklingshemming. Konsekvensen av dette er at fleire av dei som kjem inn under omgrepene særleg sårbare, har blitt ekskluderte frå fokuset mitt. Det er ikkje berre dei med utviklingshemming som kan ha behov for ekstra tilrettelegging - i form av spørsmål, tydelege rammer og eventuelt andre typar hjelphemiddel enn det som vert nytta til vanleg. Hadde eg valt å sjå på ei større gruppe, ville det kanskje komme fram andre svar frå informantane.

I avgrensinga har eg også inkludert menneske det etisk sett ikkje vil vera forsvarleg å utsetta for eit avhøyr. Svært sårbare personar som etter diagnosekriteriet vil ha ei alvorleg eller djup utviklingshemming, kan ha så store vanskar med å forstå kva som skjer i eit avhøyr, at å ta dei med inn både kan bli ei ekstra påkjennung for dei, og for avhøyraren som skal prøva å få fram bodskap til vidare nytting. Dessutan verkar det audmjukande å plassera menneske inn i situasjoner dei åpenbart har manglande moglegheiter til å meistra.

Formålet med oppgåva var å skaffa innsikt på eit fagområde der det i relativt liten grad har vore dreve forsking. Bruk av SDI-modellen som analysemetode, kan i dette tilfellet ha bidratt til å få fram andre svar enn kva eg hadde sett føre meg. Denne undersøkinga viser at det er eit stort behov for meir kunnskap om korleis rettspleia best mogleg kan møta menneske som kjem inn under omgrepene utviklingshemming og særleg sårbare.

Korleis kan ein vidareutvikla metodar for avhøyr som reduserer gapet mellom forventingar samfunnet har og føresetnader til den einskilde for å innfri desse, og som uavhengig av diagnose let personen få uttrykka seg på den måten ho eller han gjer?

Forsking på bruk av hjelpemiddel har i stor grad vore knytt til barn, og herunder barn med utviklingshemming eller autisme. Det finst derimot mindre forsking på kva for nokre hjelpemiddel som kan bli nytta av vaksne, og på korleis bruk av alternative hjelpemiddel, som til dømes ASK, kan støtta opp under kommunikasjon som ikkje er knytt til å skaffa fram bevis. Dette er noko som det er behov for meir forsking på.

Vidare er korleis bruk av tolk og støtteperson i sjølve avhøyret kan fremja eller hemma kommunikasjon, noko som det grunna manglande forsking kan vera aktuelt å sjå nærmare på.

\*\*\*

# Litteraturliste

American Association on Intellectual and Developmental Disabilities (2019). *Definition of Intellectual Disability*. Hentet fra <http://aidd.org/intellectual-disability/definition>

Bakken, T. L. (2011). *Samhandling med og uten ord: miljøbehandling for mennesker med utviklingshemning og psykisk lidelse*. Stavanger: Hertervig

Befring, E. (2007). *Forskningsmetode med etikk og statistikk* (2.utg.). Oslo: Samlaget.

Befring, E. (2014). *Den forløsende pedagogikken: læringsvilkår som gjør gode skoler gode*. Oslo: Gyldendal akademisk.

Bildsamt (2018) Reda ut-häfte för upptäckande samtal om våld - vuxna Hentet från <https://bildsamt.se/content/uploads/2018/02/Reda-ut-h%C3%A4fte-vuxen-juni-2018.pdf>

Brinkmann, S., & Tanggaard, L.. (2015). *Kvalitative metoder: en grundbog* (2. udg.). København: Hans Reitzel.

Bornman, J. (2017). Preventing Abuse and Providing Access to Justice for Individuals with Complex Communication Needs: The Role of Augmentative and Alternative Communication Semin Speech Lang 2017; 38(04): 321-332  
DOI: 10.1055/s-0037-1604279

Brottveit, G. (2018). Den kvalitative forskningsprosessen og kvalitative forskningsmetoder I Brottveit, G (Red) *Vitenskapsteori og kvalitative forskningsmetoder: om å arbeide forskningsrelatert*. Oslo: Gyldendal akademisk.

Bråten, S. (2018). *Dialogens speil i barnets og språkets utvikling*. Oslo: Abstrakt Skaff.

Bufdir (2018, 16.mai). Om tilrettelagte avhør. Hentet fra:

[https://www.bufdir.no/Barnevern/Fagstotte/samarbeid\\_politi\\_barnevern/Tilrettelagte\\_avhor/Om\\_tilrettelagte\\_avhor/](https://www.bufdir.no/Barnevern/Fagstotte/samarbeid_politi_barnevern/Tilrettelagte_avhor/Om_tilrettelagte_avhor/)

Bull, R. (2010). The investigative interviewing of children and other vulnerable witnesses: Psychological research and working/professional practice. *Legal and Criminological Psychology*, 15(1), 5–23. <https://doi.org/10.1348/014466509X440160>

Dahl, N. C. (2018). *Rett forstått? – Politiets erfaringer fra avhør av mennesker med utviklingshemming* (Masteravhandling). Hentet fra <https://brage.bibsys.no/xmlui/handle/11250/2507676>

Dalen, M.(2011). Intervju som forskningsmetode (2.utg.). Oslo: Universitetsforlaget.

Den nasjonale forskningsetiske komité for samfunnsvitenskap og humaniora. (2016). *Forskingsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap, humaniora, juss og teologi*. Oslo: Den nasjonale forskningsetiske komité for samfunnsvitenskap og humaniora.

- Dreyfus, H. L.; Dreyfus, S. E. & Athanasiou, T. (1986). *Mind over machine. The power of Human Intuition an Expertise in the Era of the Computer*. Oxford: Basil Blackwell.
- Dreyfus, S.E. (2004). *The Five-Stage Model of Adult Skill Acquisition* Bulletin of Science, Technology & Society, Vol.24(3), pp.177-181 Henta fra:  
<https://journals-sagepub-.com.ezproxy.uio.no/doi/abs/10.1177/0270467604264992>
- Ellis, J. W., & Luckasson, R. A. (1984). Mentally Retarded Criminal Defendants. *George Washington Law Review*, 53, 414–493.
- Forskrift om tilrettelagte avhør (2015). Forskrift om avhør av barn og andre særlig sårbare fornærmede og vitner (tilrettelagte avhør). (FOR-2015-09-24-1098. Hentet fra  
<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2015-09-24-1098?q=tilrettelagt%20avh%C3%B8r>
- Gamst, K. & Langbale, Å. (2004). Barn som vitner: en empirisk og teoretisk studie av kommunikasjon mellom avhører og barn i dommeravhør: utvikling av en avhørsmetodisk tilnærming. Ins. for spesialpedagogikk, Universitetet i Oslo
- Grue, J. (2015). *Teori i praksis: analysestrategier i akademisk arbeid*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Grue, L. (2004). Funksjonshemmet er bare et ord: forståelser, fremstillinger og erfaringer. Oslo: Abstrakt forlag.
- Gudjonsson, G., & Joyce, T. (2011). Interviewing adults with intellectual disabilities. *Advances in Mental Health and Intellectual Disabilities*, 5(2), 16–21.  
<https://doi.org/10.5042/amhid.2011.0108>
- Gumpert, C. H., Abbad, G. L., & Cederborg, A.-C. (2009). *Att intervju barn med intellektuella och neuropsykiatiska funktionshinder*. Lund: Studentlitteratur.
- Hagtvet, B. E. (2004). *Språkstimulering: tale og skrift i førskolealderen* (2. utg.). Oslo: Cappelen akademisk forlag.
- Haug, P. (2016). Forsking for spesialundervisning. I Hausstätter, R. S., & Reindal, S. M. *Spesialpedagogikk: fagidentitet og samfunnsnytte*. Oslo: Cappelen Damm akademisk.
- Haugli, H. (2010). Rettssikkerhet for barn og unge i sårbare situasjoner. I Befring, E, Frønes, I. & Sørli, A. (Red) *Sårbare unge. Nye perspektiver og tilnærninger* (ss. 46-58). Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Hem, K.-G & Husum, T., L. (2008). *Prevalens av autisme*. Sintef Helse
- Holden, B. (2009). *Utfordrende atferd og utviklingshemming: atferdsanalytisk forståelse og behandling*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Hubert L. Dreyfus. (1986). *Mind over machine: the power of human intuition and expertise in the era of the computer*. Oxford: Basil Blackwell.

Justis-og beredskapsdepartementet (2012). «Avhør av særlig sårbare personer i straffesaker»  
Rapport fra arbeidsgruppen for gjennomgang av regelverket om dommeravhør og  
observasjon av barn og psykisk utviklingshemmede. Henta fra

[https://www.regjeringen.no/contentassets/58bdb19885394a5eb28f21279dfb41ea/rapport\\_dommeravhor.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/58bdb19885394a5eb28f21279dfb41ea/rapport_dommeravhor.pdf)

Karlsen, A. V. & Midtlin, H. S. (2015). Kommunikasjonsparnere og  
kommunikasjonsstrategier. I Næss, K.-A. B., & Karlsen, A. V. (Red). *God  
kommunikasjon med ASK-brukere* (ss 187-216). Bergen: Fagbokforlag.

Katz, C., & Hershkowitz, I. (2010). The Effects of Drawing on Children's Accounts of Sexual  
Abuse. *Child Maltreatment*, 15(2), 171–179.  
<https://doi.org/10.1177/1077559509351742>

Kvale, S. & Brinkmann, S. (2015). *Interview. Det kvalitative forskningsinterview som  
håndværk*. København: Hans Reitzels Forlag.

Lassen, L. M. (2014). *Rådgivning: kunsten å hjelpe og sikre vekstfremmende prosesser*  
(2. utg.). Oslo: Universitetsforl.

Langballe, Å. (2011). *Den dialogiske barnesamtalen: Hvordan snakke med barn om sensitive  
temaer*. NKVTS. Henta fra

<https://www.nkvts.no/content/uploads/2015/08/den-dialogiske-barnesamtalen-hvordan-snakke3.pdf>

Langballe, Å., & Gamst, k. T. (2007). *Se min kjole: Oda i dommeravhør*. DVD og manual:  
Cynergi.

Lind, M. & Kristoffersen, K. E. (2014). *Når språket svikter: norsk grammatikk i et klinisk  
perspektiv*. Oslo: Novus forlag

Lorentzen, P. (2001). Uvanlige barns språk. Oslo: Universitetsforlaget

Lorentzen, E. (2008). Perspektiv og debatt. Kronikk. Psykisk utviklingshemming- hvordan  
stilles diagnosen? Tidsskrift for Den norske legeforening, 128(2), 201

Lov om rettergangsmåten i straffesaker (Straffeprosessloven) - Lovdata. (1986). Henta 2. mai  
2019, frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1981-05-22-25?q=straffeprosess>

Malterud, K. (2011). *Kvalitative metoder i medisinsk forskning: en innføring* (3. utg.). Oslo:  
Universitetsforlaget.

Melinder, A. (2010). Når barn er informanter. Kognitive faktorer og gode strategier. I  
Befring, E, Frønes, I. & Sørli, A. (Red) *Sårbare unge. Nye perspektiver og  
tilnærninger* (ss. 139-152). Oslo: Gyldendal Akademisk.

Milne, R., & Bull, R. (2001). Interviewing witnesses with learning disabilities for legal  
purposes. *British Journal of Learning Disabilities*, 29(3), 93–97.

<https://doi.org/10.1046/j.1468-3156.2001.00139.x>

Nasjonalt kompetansemiljø om utviklingshemming (2016) *Diagnose: Psykisk utviklingshemming - ICD-10*. Henta fra  
<https://naku.no/kunnskapsbanken/diagnose-psykisk-utviklingshemming-icd-10#main-content>

Nordanger, D. Ø., & Braarud, H. C. (2017). *Utviklingstraumer: regulering som nøkkelbegrep i en ny traumepsykologi*. Bergen: Fagbokforl.

Næss, K-A. B. (2015). God kommunikasjon med ASK-brukere. I Næss, K.-A. B., & Karlsen, A. V. (Red). *God kommunikasjon med ASK-brukere* (ss15-46). Bergen: Fagbokforlag.

NOU 1991: 20. (1991). *Rettssikkerhet for mennesker med psykisk utviklingshemming*. Oslo: Sosialdepartementet.

NOU2016: 17. (2016). *På lik linje – Åtte løft for å realisere grunnleggende rettigheter for personer med utviklingshemming*. Oslo: Barne- og likestillingsdepartementet.

O'Mahony, B.M, Milne, B. & Grant, T. (2012): To challange, or not to Challange? Best Practise when Interviewing Vunerable Suspects, Policing: A

Olsen, T., Kermit, P., Rønning, H., Hustad, J. H. & Eriksen, J. (2016): *Kunnskapsstatus: Rettssikkerhet for personer med utviklingshemming*. Nordlandsforskning.

Politihogskolen (2014). *Studieplan for Videreutdanning i avhør av sårbare personer*.

Hentet fra:

[https://www.phs.no/Documents/2\\_Studietilbud/3\\_EVU/Studieplan\\_tilrettelagte%20av%20C3%20B8r%20av%20s%C3%A5rbare.pdf?epslanguage=no](https://www.phs.no/Documents/2_Studietilbud/3_EVU/Studieplan_tilrettelagte%20av%20C3%20B8r%20av%20s%C3%A5rbare.pdf?epslanguage=no)

Postholm,M. B., & Jacobsen, D. I. (2011). *Læreren med forskerblikk: innføring i vitenskapelig metode for lærerstuderter*. Kristiansand: Høyskoleforlaget

Powell, M. B. (2002). Specialist Training in Investigative and Evidential Interviewing: Is it Having Any Effect on the Behaviour of Professionals in the Field? *Psychiatry, Psychology and Law*, 9(1), 44–55. <https://doi.org/10.1375/pplt.2002.9.1.44>

Salmon, K. (2001). Remembering and reporting by children: The influence of cues and props. *Clinical Psychology Review*, 21(2), 267–300.  
[https://doi.org/10.1016/S0272-7358\(99\)00048-3](https://doi.org/10.1016/S0272-7358(99)00048-3)

Sigstad, H. M. H. (2017) Hva er utviklingshemming? Definisjoner og beskrivelser. I Rygvold, A.-L., & Ogden, T Red. *Innføring i spesialpedagogikk* (5. utg.). Oslo: Gyldendal Akademisk.

Skau, G. M. (2008). *Gode fagfolk vokser: personlig kompetanse i arbeid med mennesker* (3.utg.). Oslo: Cappelen.

Skjervheim, H. (1996). *Deltakar og tilskodar og andre essays*. Oslo: Aschehoug

Syse, A. (1995). *Rettssikkerhet og livskvalitet for utviklingshemmete - rettigheter, vern og kontroll som rettslige virkemidler* (2. utg.). Gyldendal

Tetzchner, S. von. (2012). *Utviklingspsykologi* (2. utg.). Gyldendal Akademisk

Thagaard, T. (2009). *Systematikk og innlevelse: en innføring i kvalitative metoder* (3. utg.). Bergen: Fagbokforlag.

The Advocate Gateway (2015) Using communication aids in the criminal justice system. The Council of the Inns of Court. Henta fra

<https://www.theadvocatesgateway.org/images/toolkits/14-using-communication-aids-in-the-criminal-justice-system-2015.pdf>

Thunberg, G.(2015). Kommunikationshjälpmmedel. I Næss, K.-A. B., & Karlsen, A. V. (Red). *God kommunikasjon med ASK-brukere* (ss119-158). Bergen: Fagbokforlag

Tjora, A. (2017). *Kvalitative forskningsmetoder i praksis*. Oslo: Gyldendal Akademisk.

Tjora, A. H. (2018). *Viten skapt: kvalitativ analyse og teoriutvikling*. Oslo: Cappelen Damm

Tveit, A. D & Cameron, D, L. (2016). Profesjon i endring. Spesialpedagogens plass i skole og annet samfunnsliv I Hausstätter, R. S., & Reindal, S. M. *Spesialpedagogikk: fagidentitet og samfunnsnytte*. Oslo: Cappelen Damm akademisk.

Tøssebo, J. (2010). Hva er funksjonshemming. Oslo: Universitetsforlaget

Ulleberg, I. (2014). *Kommunikasjon og veiledning: en innføring i Gregory Batesons kommunikasjonsteori - med historier fra veiledningspraksis* (2. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.

Utdanningsdirektoratet (2016, 7.juni) Hva er ASK? Hentet fra

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/sarskilte-behov/ask/ASK-skole/hva-er-ask-og-hjem-har-behov-for-det/>

Uthus, M. (2013). Spesialpedagogenes oppfatning av sin rolle i en skole for alle: Idealer, realiteter og belastninger. (Avhandling), Henta fra  
<https://ntuopen.ntnu.no/ntnu-xmlui/handle/11250/269842>

Åker, T. (2018). Rettssikkerheten til sårbare voldsofre. *Tidsskrift for Norsk psykologforening*, 56, 597-599.

# Vedlegg 1:Godkjend NSD-søknad

Meldeskjema for behandling av personopplysninger



## NSD sin vurdering

### Prosjekttittel

Bruk av alternativ og supplerande kommunikasjon i tilrettelagte avhør av barn.

### Referansenummer

947778

### Registrert

11.01.2019 av Gerd Helene Bernhoft Christiansen - ghchrist@student.uv.uio.no

### Behandlingsansvarlig institusjon

Universitetet i Oslo / Det utdanningsvitenskapelige fakultet / Institutt for spesialpedagogikk

### Prosjektansvarlig (vitenskapelig ansatt/veileder eller stipendiatur)

Jan Grue, jan.grue@isp.uio.no, tlf: 22855284

### Type prosjekt

Studentprosjekt, masterstudium

### Kontaktinformasjon, student

Gerd Helene B. Christiansen, ghchrist@ulrik.uio.no, tlf: 91843305

### Prosjektpериode

01.01.2019 - 31.05.2019

### Status

29.01.2019 - Vurdert

## **Vurdering (1)**

---

### **29.01.2019 - Vurdert**

Det er vår vurdering at behandlingen av personopplysninger i prosjektet vil være i samsvar med

personvernlovgivningen så fremt den gjennomføres i tråd med det som er dokumentert i meldeskjemaet med vedlegg den 29.1.2019, samt i meldingsdialogen mellom innmelder og NSD. Behandlingen kan starte.

### **MELD ENDRINGER**

Dersom behandlingen av personopplysninger endrer seg, kan det være nødvendig å melde dette til NSD ved å oppdatere meldeskjemaet. På våre nettsider informerer vi om hvilke endringer som må meldes. Vent på svar før endringer gjennomføres.

### **TYPE OPPLYSNINGER OG VARIGHET**

<https://meldeskjema.nsd.no/vurdering/5c1fc64f-cf09-40eb-98e1-d23daaf759a4>

Prosjektet vil behandle alminnelige kategorier av personopplysninger frem til 31.5.2019.

### **LOVLIG GRUNNLAG**

Prosjektet vil innhente samtykke fra de registrerte til behandlingen av personopplysninger. Vår vurdering er at prosjektet legger opp til et samtykke i samsvar med kravene i art. 4 og 7, ved at det er en frivillig, spesifikk, informert og utvetydig bekrefteelse som kan dokumenteres, og som den registrerte kan trekke tilbake. Lovlig grunnlag for behandlingen vil dermed være den registrertes samtykke, jf. personvernforordningen art. 6 nr. 1 bokstav a.

### **PERSONVERNPRINSIPPER**

NSD vurderer at den planlagte behandlingen av personopplysninger vil følge prinsippene i personvernforordningen om:

- lovlighet, rettferdighet og åpenhet (art. 5.1 a), ved at de registrerte får tilfredsstillende informasjon om ogsamtykker til behandlingen
- formålsbegrensning (art. 5.1 b), ved at personopplysninger samles inn for spesifikke, uttrykkelig angitte ogberettigede formål, og ikke behandles til nye, uforenlig formål
- dataminimering (art. 5.1 c), ved at det kun behandles opplysninger som er adekvate, relevante ognødvendige for formålet med prosjektet
- lagringsbegrensning (art. 5.1 e), ved at personopplysningene ikke lagres lengre enn nødvendig for å oppfylle formålet
-

## **DE REGISTRERTES RETTIGHETER**

Så lenge de registrerte kan identifiseres i datamaterialet vil de ha følgende rettigheter: åpenhet (art. 12), informasjon (art. 13), innsyn (art. 15), retting (art. 16), sletting (art. 17), begrensning (art. 18), underretning (art. 19), dataportabilitet (art. 20).

NSD vurderer at informasjonen om behandlingen som de registrerte vil motta oppfyller lovens krav til form og innhold, jf. art. 12.1 og art. 13.

Vi minner om at hvis en registrert tar kontakt om sine rettigheter, har behandlingsansvarlig institusjon plikt til å svare innen en måned.

## **FØLG DIN INSTITUSJONS RETNINGSLINJER**

NSD legger til grunn at behandlingen oppfyller kravene i personvernforordningen om riktighet (art. 5.1 d), integritet og konfidensialitet (art. 5.1. f) og sikkerhet (art. 32).

For å forsikre dere om at kravene oppfylles, må dere følge interne retningslinjer og/eller rádføre dere med behandlingsansvarlig institusjon.

## **OPPFØLGING AV PROSJEKTET**

NSD vil følge opp ved planlagt avslutning for å avklare om behandlingen av personopplysningene er avsluttet.

Lykke til med prosjektet!

Kontaktperson hos NSD: Lisa Lie Bjordal

Tlf. Personverntjenester: 55 58 21 17 (tast 1)

<https://meldeskjema.nsd.no/vurdering/5c1fc64f-cf09-40eb-98e1-d23daaf759a4>

# Vedlegg 2: Informasjonsskriv og samtykkeskjema

## Forespørrelse om deltagelse i forskningsprosjekt ved UiO

### «Kommunikasjon i tilrettelagte avhøyr.»

#### Formål

Dette forskningsprosjektet tar sikte på å undersøke hvordan ulike hjelpemiddel kan bli brukt i tilrettelagte avhør av mennesker med en utviklingshemming. Sentralt for denne undersøkelsen vil være fagfolks egne erfaringer og tanker knyttet til hvilke hjelpemidler de bruker, og erfaringer de har med å bruke ekstra støtte i form av ulike kommunikasjonshjelpe midler.

Utvalget i undersøkelsen består av politi som har gjennomført tilrettelagte avhør av mennesker med en utviklingshemming.

Undersøkelsen er en del av en masteroppgave ved Det Utdanningsvitenskapelige fakultet ved Universitetet i Oslo.

#### Hva innebærer deltagelse i studien?

Datainnsamling til dette studiet skjer gjennom semistrukturerte intervju. Det vil si at det kreves aktiv deltagelse fra deg som informant ved å sette av tid til å møte til et intervju. Intervjuet vil ta ca 45 minutter. Spørsmålene vil handle om dine egne tanker, erfaringer og vurderinger knyttet til bruk av hjelpe midler i et tilrettelagt avhør. Det vil bli gjort lydoptakt av intervjuene for at det som blir sagt skal bli nedtegnet så nøyaktig som mulig, før det skal analyseres og benyttes i masteroppgaven. Alle personlige opplysninger vil anonymiseres, og vil ikke kunne spores tilbake til deg som informant.

#### Frivillig deltagelse

Det er frivillig å delta i prosjektet. Dersom du velger å delta, kan du når som helst trekke deg fra undersøkelsen uten å oppgi noen grunn. Dersom du trekker deg, vil alle opplysninger om deg bli slettet.

#### Hva skjer med informasjonen om deg?

Alle personopplysninger vil bli behandlet konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket. Opplysningene om deg vil bare bli brukt til formålet gitt i dette skrivet.

Det er kun student og veileder som vil ha tilgang til datamaterialet. Navn og kontaktinformasjon vil erstattes med en kode som lagres på en separat navneliste. Denne listen vil bli lagret separat fra resten av datamaterialet.

## **Hva skjer med opplysningene dine når vi avslutter forskningsprosjektet?**

Prosjektet skal etter planen avsluttes innen 31.05.19. Ved prosjektets slutt vil personopplysninger og lydfiler bli slettet ved godkjent masteroppgave.

## **Dine rettigheter**

Så lenge du kan identifiseres i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i hvilke personopplysninger som er registrert om deg,
- å få rettet personopplysninger om deg,
- få slettet personopplysninger om deg,
- få utlevert en kopi av dine personopplysninger (dataportabilitet), og
- å sende klage til personvernombudet eller Datatilsynet om behandlingen av dine personopplysninger.

## **Hva gir oss rett til å behandle personopplysninger om deg?**

Vi behandler opplysninger om deg basert på ditt samtykke.

Studien er meldt til Personvernombudet for forskning, NSD – Norsk senter for forskningsdata AS.

## **Hvor kan jeg finne ut mer?**

Hvis du har spørsmål til studien, eller ønsker å benytte deg av dine rettigheter, ta kontakt med:

- Øyvind Bergwitz (veileder) på e-post [oyvind\\_bergwitz@hotmail.com](mailto:oyvind_bergwitz@hotmail.com) eller Gerd Helene Christiansen (student) på e-post [ghchrist@ulrik.uio.no](mailto:ghchrist@ulrik.uio.no), tlf. 918 43 305.
- Vårt personvernombud: Maren Magnus Voll. Personvernombudet kan nås via e-post: [personvernombud@uio.no](mailto:personvernombud@uio.no)
- NSD – Norsk senter for forskningsdata AS, på epost ([personverntjenester@nsd.no](mailto:personverntjenester@nsd.no)) eller telefon: 55 58 21 17.

Med vennlig hilsen

Prosjektansvarlig

Øyvind Bergwitz

Student

Gerd Helene B. Christiansen

## **Samtykkeerklæring**

Jeg har mottatt og forstått informasjonen om prosjektet «Kommunikasjon i tilrettelagte avhør» og har fått anledning til å stille spørsmål.

Jeg samtykker til deltagelse i intervju, og at datamaterialet blir benyttet i oppgaven på vilkårene beskrevet ovenfor.

---

(Signert av prosjektdeltaker, dato)

# Vedlegg 3: Intervjuguide

*Før intervjuet: Informera på nytt om bakgrunn for undersøkinga. Anonymisering, rett til å trekka seg, og sletting av opplysingar etter studiet.*

## **Bakgrunnsinformasjon:**

1. Fagbakgrunn erfaring/praksis?
2. Kva motivasjon har du for å arbeida med denne gruppa?
3. Kva legg du i omgrepet utviklingshemma?
4. Kva type utviklingshemmingar har du vert borti? Eller gruppe du har erfaring med?
5. Kor mange gonger har du gjort det? Kor ofte skjer det?

## **Førebuing (informasjonsinnhenting):**

6. Kan du fortelja litt om korleis prosessen/prosedyren for å gjennomføra eit tilrettelagt avhøyr er?
7. Korleis vel du kva hjelphemiddel som skal bli nytta? (*hjelphemiddel, ASK, følgjeperson*)

## **Setting: Innleiande metodikk. Kva rammevilkår som ligg til grunne i møtet med den som skal bli avhørt:**

8. Korleis arbeider du med tryggleiksetablering?
9. Korleis er avhørysrommet utforma? *Stol, sofa, rommet, leiker++*

## **Seanse:**

10. Kva hjelphemidlar er det du nyttar mest?
11. Kva effekt har/skal desse hjelphemidla ha?
12. Er det vanleg at ein har forutsett ein ting som ein har måtta endra på?
13. Ser du behov for andre hjelphemiddel en det som er tilgjengeleg i dag?

**Ettertankar:**

14. Kva tankar sitter du igjen med etter eit avhøyr? Korleis verkar det på dine eigne tankar og kjensler?
15. (*Du sjølv som viktigaste hjelphemiddel*): Korleis opplever du din eiga rolle i eit avhøyr?
16. Korleis er det å for deg å stola på deg sjølv og resultata som framkjem frå eit avhøyr?
- 17 *Opplevingar av emosjonelle barriere.* Korleis møter du deg sjølv i møte med rettstryggleiken til fornærmede eller mistenkt?
18. Blir det gjennomført avhøyr på nytt?
19. Kva eigenskapar tenker du at det er viktig ein person som skal gjennomføra slike avhøyr bør ha?
20. Kva har du lært gjennom eigen erfaring om tilrettelegging og bruk av hjelphemiddel? Kor møter/hentar du kunnskap?

**Evaluering av seansen:**

21. Feedback og støtte: Korleis er moglegheitene for å tilbakemelding, eller lufta tankar og erfaringar?
22. Kven kan gå saman med deg etterpå?
23. Tenker du at regelverket er tilpassa denne gruppa? Kvifor/kvifor ikkje.
24. Kven ser du for deg er naturlege samarbeidspartnarar for å legga enno betre til rette for dei som har behov for ekstra støtte?